

# **«Hermetisert» tradisjon eller modernisering?**

Kvinnenamna på Voss og i den nordlege delen av  
Indre Hardanger gjennom 1800-talet

---

Aina Silden Brekkhus



Masteroppgåve i nordisk

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Våren 2012





#### Prestegjeldsgrenser 1837 og kommunegrenser før 1964

Tilgjengeleg frå: <<http://digitalarkivet.no/norkart/kartprest.htm>> (Lasta ned 2. mai 2012)

## **Forord**

Ein spennande periode går mot slutten, og eg er så heldig at eg har fleire kjekke personar å takke for at opplevinga av det å skrive ei masteroppgåve har vore så fin.

Eg må fyrst og fremst få takke rettleiaren min, Ole-Jørgen Johannessen. Tusen takk for eineståande hjelp og oppmuntring undervegs i skriveprosessen, og for at du gjorde valet av masteroppgåve så enkelt for meg. Med stor formidlingsevne og forteljarglede gjorde du personnamnfaget så levande og interessant, og det skulle ikkje meir enn ei halv førelesing til før eg var overtydd om at det var innanfor dette feltet at eg ville skrive masteroppgåva mi.

Ein stor takk går også til Arne Solli, som tok i mot meg og gav gode tips og råd då eg nølande vurderte kor vidt det var fornuftig å bruke statistikkprogrammet SPSS i arbeidet.

Til mamma og pappa. Takk for at de har gitt meg trua på at eg kan klare alt eg går inn for, og for at de har lært meg om kor viktig det er å fullføre det ein begynner på. Ein ekstra takk må nesten gå til deg, mamma, sidan det tross alt var du som fekk meg til å bli interessert i namn frå starten av.

Kjære, snille Hege Elisabeth. Du skal ha uendelegr stor takk for du alltid er så blid og positiv, og for at du er verdas beste venninne. Dei koselege kaféturane våre har vore gull verdt, og eg er så takksam for at eg har ei venninne som deg.

Til slutt må eg få takke Henrik, min store kjærleik og beste ven. Du har vore ei enorm støtte for meg gjennom alle studieåra. Takk for at du gjer kvardagen til ein fest, og for at du er så snill og god som berre du kan vere.

Bergen, 14. mai 2012

Aina Silden Brekhus

## **Innhaldsliste**

Forord .....	4
Vedleggsliste .....	9
1. Innleiing .....	12
2. Dei geografiske områda og litt lokalhistorie .....	15
2.1 Dei geografiske områda i 1801 .....	15
2.2 Dei geografiske områda i 1865 .....	15
2.3 Dei geografiske områda i 1900 .....	16
2.4 Lokalhistorie.....	16
3. Faghistorisk tradisjon .....	19
4. Modernisering i namnefforrådet .....	22
5. Spørsmål og hypotesar som blir reist til namnematerialet .....	25
5.1 Spørsmål som blir reist til materialet .....	25
5.2 Hypotesar som tek utgangspunkt i ytre samfunnsforhold .....	27
6. Teori .....	29
6.1 Folketeljingar som kjelde .....	29
6.1.1 Folketeljinga 1801 .....	29
6.1.2 Folketeljinga 1865 .....	30
6.1.3 Folketeljinga 1900 .....	30
6.1.4 Utfordringar i samband med det å nytte folketeljingar som kjelde .....	30
6.2 Lemmatisering av skrivevariantar .....	32
6.3 Gruppering av namna .....	35
7. Metode.....	39
8. Om kvinnene og namna.....	41
8.1 Om kvinnene og namna i 1801 .....	41
8.2 Om kvinnene og namna i 1865 .....	43
8.3 Om kvinnene og namna i 1900 .....	45

9. Namna sitt opphav.....	47
9.1 Namna sitt opphav i 1801.....	47
9.2 Namna sitt opphav i 1865.....	52
9.3 Namna sitt opphav i 1900.....	58
10. Dei mest sentrale namna .....	66
10.1 Dei mest sentrale namna i 1801 .....	68
10.1.1 Namnetettleiken til dei mest sentrale namna i 1801.....	68
10.1.2 Dei mest sentrale namna sitt opphav i 1801 .....	69
10.1.3 Om dei leksikalske namna som er blant dei mest brukte i 1801 .....	70
10.1.4 Samanlikning med andre .....	73
10.2 Dei mest sentrale namna i 1865 .....	74
10.2.1 Namnetettleiken til dei mest sentrale namna i 1865.....	75
10.2.2 Dei mest sentrale namna sitt opphav i 1865 .....	75
10.2.3 Om dei leksikalske namna som er blant dei mest brukte i 1865 .....	76
10.3 Dei mest sentrale namna i 1900 .....	79
10.3.1 Namnetettleiken til dei mest sentrale namna i 1900.....	79
10.3.2 Dei mest sentrale namna sitt opphav i 1900.....	80
10.3.3 Om dei leksikalske namna som er blant dei mest brukte i 1900 .....	80
10.3.4 Samanlikning med andre .....	83
11. Dei leksikalske namna si utvikling gjennom folketeljingane.....	84
11.1 Dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1801.....	84
11.2 Dei leksikalske namna som er med i folketeljinga 1801 og 1865.....	85
11.3 Dei leksikalske namna som er med i 1801 og 1900, men ikkje i 1865 .....	85
11.4 Dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1865.....	86
11.5 Dei leksikalske namna som er med i 1865 og 1900 .....	86
11.6 Dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1900.....	87
11.7 Dei leksikalske namna som er med i alle dei tre folketeljingane .....	89

12. Kvinnene med dobbelnamn.....	91
12.1 Kvinnene med dobbelnamn i 1801 .....	92
12.2 Kvinnene med dobbelnamn i 1865 .....	97
12.3 Kvinnene med dobbelnamn i år 1900 .....	102
13. -ina-namn og andre avleiingsnamn .....	107
13.1 -ina-namn og andre avleiingsnamn i 1801 .....	108
13.2 -ina-namna i 1865.....	109
13.3 Andre avleiingsnamn i 1865 .....	112
13.4 -ina-namna i 1900.....	113
13.5 Andre avleiingsnamn i 1900 .....	117
14. Namn som endar på -y .....	118
15. Nordisk namnerenessanse? .....	120
16. Oppsummering av studien.....	123
16.1 Oppsummering om kvinnene og namna.....	123
16.2 Oppsummering av namna sitt opphav .....	124
16.3 Oppsummering av dei mest sentrale leksikalske namna si utvikling .....	126
16.4 Oppsummering av dei leksikalske namna si utvikling gjennom folketeljingane.....	127
16.5 Oppsummering av kvinnene med dobbelnamn .....	128
16.6 Oppsummering av -ina-namna og andre dei andre avleiingsnamna .....	130
16.7 Oppsummering av namna som endar på -y .....	131
16.8 Oppsummering av nordisk namnerenessanse .....	131
16.9 Oppsummering med forsøk på å gi svar til hypotesene .....	132
17. Litteraturliste .....	134
Samandrag .....	139
Abstract .....	141

## **Tabelloversikt**

Tabell 1: Oversikt over namneførekommstar og kvinner, 1801 .....	41
Tabell 2: Oversikt over namneførekommstar og kvinner, 1865 .....	43
Tabell 3: Oversikt over namneførekommstar og kvinner, 1900 .....	45
Tabell 4: Oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, 1801 .....	48
Tabell 5: Oversikt over namneførekommstane sitt opphav i dei ulike områda, 1801 .....	48
Tabell 6: Oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, 1865 .....	53
Tabell 7: Oversikt over namneførekommstane sitt opphav i dei ulike områda, 1865 .....	53
Tabell 8: Oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, 1900 .....	59
Tabell 9: Oversikt over namneførekommstane sitt opphav i dei ulike områda, 1900 .....	60
Tabell 10: Namnetettleiken i dei ulike områda, 1801 .....	68
Tabell 11: Dei 20 mest brukte namna sitt opphav i dei ulike område, 1801 .....	69
Tabell 12: Dei leksikalske namna som er med på topplista i tre område eller meir, 1801 .....	71
Tabell 13: Namnetettleiken i dei ulike områda, 1865 .....	75
Tabell 14: Dei 20 mest brukte namna sitt opphav i dei ulike områda, 1865 .....	76
Tabell 15: Dei leksikalske namna som er med på topplista i tre område eller meir, 1865 .....	76
Tabell 16: Namnetettleiken i dei ulike områda, 1900 .....	79
Tabell 17: Dei 20 mest brukte namna sitt opphav i dei ulike områda, 1900 .....	80
Tabell 18: Dei leksikalske namna som er med blant topp 20 i tre område eller meir, 1900 .....	81
Tabell 19: Dei mest brukte leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1900 .....	88
Tabell 20: Stavingskombinasjonane brukt i dobbeltnamn, 1801 .....	96
Tabell 21: Stavingskombinasjonane brukt i dobbeltnamn, 1865 .....	100
Tabell 22: Stavingskombinasjonane brukt i dobbeltnamn, 1900 .....	106

## Vedleggsliste

Vedlegg 1: Namneforekomstane sitt språklege opphav i dei ulike områda, 1801 .....	143
Vedlegg 2: Namneforekomstane sitt opphav innanfor dei ulike aldersklassane, 1801 .....	144
Vedlegg 3: Namneforekomstane sitt språklege opphav i dei ulike områda, 1865 .....	145
Vedlegg 4: Namneforekomstane sitt opphav innanfor dei ulike aldersklassane, 1865 .....	146
Vedlegg 5: Namneforekomstane sitt opphav sett ut frå fødestad, 1865.....	147
Vedlegg 6: Namneforekomstane sitt språklege opphav sett ut frå fødestad, 1865 .....	148
Vedlegg 7: Namneforekomstane sitt språklege opphav i dei ulike områda, 1900.....	149
Vedlegg 8: Namneforekomstane sitt opphav innanfor dei ulike aldersklassane, 1900.....	150
Vedlegg 9: Namneforekomstane sitt opphav sett ut frå fødestad, 1900.....	150
Vedlegg 10: Dei 20 mest brukte leksikalske namna i kvart område, 1801 .....	151
Vedlegg 11: Dei 20 mest brukte leksikalske namna i kvart område, 1865 .....	152
Vedlegg 12: Dei 20 mest brukte leksikalske namna i kvart område, 1900 .....	153
Vedlegg 13: Dei leksikalske namna som berre er å finne i eitt eller fleire område i folketeljinga 1801 .....	154
Vedlegg 14: Dei leksikalske namna som er å finne i eitt eller fleire område i folketeljinga 1801 og folketeljinga 1865.....	155
Vedlegg 15: Dei leksikalske namna som er å finne i eitt eller fleire område i folketeljinga 1801 og folketeljinga 1900.....	156
Vedlegg 16: Dei leksikalske namna som berre er å finne i eitt eller fleire område i folketeljinga 1865.....	156
Vedlegg 17: Dei leksikalske namna som er med i eitt eller fleire område i folketeljinga 1865 og folketeljinga 1900.....	158
Vedlegg 18: Dei leksikalske namna som berre er å finne i eitt eller fleire område i folketeljinga 1900.....	161
Vedlegg 19: Dei leksikalske namna som er å finne i eitt eller fleire område i alle dei tre folketeljingane .....	165
Vedlegg 20: Doppelnamna i dei ulike områda, 1801 .....	170
Vedlegg 21: Doppelnamna sitt opphav sett ut frå namnepllassering, 1801 .....	171
Vedlegg 22: Doppelnamna i dei ulike områda sett ut frå aldersklassar, 1801 .....	172
Vedlegg 23: Namn bak fornamnet/fornamna hjå kvinnene med og utan dobbelnamn, 1801 .....	172
Vedlegg 24: Doppelnamna i dei ulike områda, 1865.....	173
Vedlegg 25: Doppelnamna sitt opphav sett ut frå namnepllassering, 1865 .....	175

Vedlegg 26: Doppeltnamna i dei ulike områda sett ut frå aldersklassar, 1865 .....	176
Vedlegg 27: Doppeltnamna sett ut frå fødestad, 1865 .....	176
Vedlegg 28: Namn bak fornamnet/fornamna hjå kvinnene med og utan dobbeltnamn, 1865 .....	177
Vedlegg 29: Doppeltnamna i dei ulike områda, 1900.....	178
Vedlegg 30: Doppeltnamna sitt opphav sett ut frå namnepllassering, 1900 .....	182
Vedlegg 31: Doppeltnamna i dei ulike områda sett ut frå aldersklassar, 1900 .....	182
Vedlegg 32: Doppeltnamna sett ut frå kvinnene sin fødestad, 1900.....	183
Vedlegg 33: Namn bak fornamnet/fornamna hjå kvinnene med og utan dobbeltnamn, 1900 .....	183
Vedlegg 34: -ina-namna i dei ulike områda, 1865 .....	183
Vedlegg 35: -ina-namnførekostane sitt opphav i dei ulike områda, 1865 .....	184
Vedlegg 36: -ina-namnførekostane sitt opphav sett ut frå aldersklassar, 1865.....	185
Vedlegg 37: -ina-namnførekostane sett ut frå fødestad, 1865 .....	185
Vedlegg 38: Andre avleiingsnamn i dei ulike områda, 1865 .....	186
Vedlegg 39: Namnførekostane av andre avleiingsnamn sett ut frå fødestad, 1865 .....	186
Vedlegg 40: -ina-namna i dei ulike områda, 1900 .....	187
Vedlegg 41: -ina-namnførekostane sitt opphav i dei ulike områda, 1900 .....	188
Vedlegg 42: -ina-namnførekostane i dei ulike områda sett ut frå aldersklassar, 1900 .....	189
Vedlegg 43: -ina-namnførekostane sett ut frå fødestad, 1900 .....	189
Vedlegg 44: Andre avleiingsnamn i dei ulike områda, 1900.....	190
Vedlegg 45: Namnførekostane av andre avleiingsnamn sett ut frå fødestad, 1900 .....	190
Vedlegg 46: Leksikalske namn som endar på -y, 1900.....	190
Vedlegg 47: Namnførekostane som endar på -y sett ut frå fødestad, 1900.....	191
Vedlegg 48: Leksikalske namn som kan diskuterast i forhold til nordisk namnerenessanse , 1900 .....	191
Vedlegg 49: Leksikalske namn som kan diskuterast i forhold til namnerenessanse, sett ut frå alderskategoriar, 1900 .....	192
Vedlegg 50: Namna som kan knytast til nordisk namnerenessanse sett ut frå fødestad .....	193
Vedlegg 51: Hovudtabell, Evanger 1801 .....	194
Vedlegg 52: Hovudtabell, Vangen 1801 .....	196
Vedlegg 53: Hovudtabell, Vossestrand 1801 .....	199
Vedlegg 54: Hovudtabell, Granvin 1801 .....	202
Vedlegg 55: Hovudtabell, Ulvik 1801 .....	204

Vedlegg 56: Hovudtabell, Eidfjord 1801 .....	206
Vedlegg 57: Hovudtabell, Evanger 1865 .....	208
Vedlegg 58: Hovudtabell, Vangen 1865 .....	210
Vedlegg 59: Hovudtabell, Vossestrand 1865 .....	215
Vedlegg 60: Hovudtabell, Granvin 1865 .....	218
Vedlegg 61: Hovudtabell, Ulvik 1865 .....	221
Vedlegg 62: Hovudtabell, Eidfjord 1865 .....	224
Vedlegg 63: Hovudtabell, Evanger 1900 .....	226
Vedlegg 64: Hovudtabell, Vangen 1900 .....	230
Vedlegg 65: Hovudtabell, Vossestrand 1900 .....	239
Vedlegg 66: Hovudtabell, Granvin 1900 .....	241
Vedlegg 67: Hovudtabell, Ulvik 1900 .....	244
Vedlegg 68: Hovudtabell, Eidfjord 1900 .....	248

## 1. Innleiing

I innleiinga til boka *Ålmenn soge for Voss* stiller Johannes Gjerdåker spørsmålet «Kva gjer tida ved 1883 til ei vending i Vossesoga?» (Gjerdåker, 1991: 9). Han siktar her til opninga av Vossebanen, den 106,7 km lange jernbanelinja som strekkjer seg frå Bergen til Voss. Denne opna opp for store endringar i bygda, men Voss er likevel allment kjend for å vere ein tradisjonsrik stad. Når Johannes Heggland skildrar Voss i tida før jernbanen kom, skriv han at

Vegane til sjøs og til lands krov jamnast dagsferder fram til anna folk, og det var vel dette innestengde som førde til at Voss fekk kulturen sin «hermetisert» til fram mot nyare tid – utan den påverknaden som t.d. sjøbygdene tok til å merka vel mykje alt på 1700-talet. Kanskje kan ein seia det same om indre Hardanger, indre Sogn og ymse fjelldalar. (Heggland, 1976: 28-29)

Den tradisjonsrike kulturen gjennomsyrar gjerne mange sider av samfunnet, og Olav Kolltveit skriv om Voss at ”Ingen stad paa Vestlandet heldt dei gamalnorske namni seg so godt som der” (Kolltveit 1936: 3). I tida då kristendommen kom til Noreg blei det praktisert ein ganske fastlagt oppkallingsskikk som var med på å vidareføre bruken av dei gamle nordiske namna, men Kolltveit legg vekt på at

Eitt er visst og det er at dei danske prestane (og deira norske etterliknarar med) stræva mykje med aa utrydja dei gamle ”hedenske” namni. (...) Men bøndene var ikkje lette aa bøygja her, av two gode grunnar: For det fyrste var det ein stor vanvyrnad mot den avlidne at han ikkje var opp att-reist. Det var berre sjølvmordarar dei nekta slik æra. Og dinæst var det ingenting ein norsk bonde var so redd som aa stikka seg ut fråa miljøet sitt. (Kolltveit, 1936: 3)

Dei kyrkjelege autoritetane sitt ynskje om at folket skulle begynne å ta i bruk kristne namn, det vil seie helgennamn og bibelske namn, skal slik det ser ut her ha blitt nedprioritert til fordel for innbyggjarane sitt ynskje om å ta vare på oppkallingstradisjonen. Det ser ut til at ein finn noko av det same i Hardanger, då Kristen Vikør skriv at ”Her i Hardanger har folk halde bra på dei gamle namni sine, og når det har trengt inn framande namn i bygdene, serleg etter 1600-talet, so er grunnen oftast at dei har fylgt innflyttarar, serleg embetsætter, som har vorte inngifte med bygdefolket» (Vikør 1963: 171). Dei gamle tankane og tradisjonane skulle bli utfordra av alt som var nytt i samfunnet. 1800-talet var sterkt prega av aukande modernisering, og Ane Landøy definerer dette omgrepet ved å seie at

I ein norsk historisk samanheng ser ein gjerne modernisering uttrykt i t.d. individualisering, sekularisering, urbanisering, betre utdanning, auka kommunikasjon, endra bustadsmønster og auka politisk deltaking. Alt dette er fenomen som peikar på ei utvikling frå eit slektsorientert naturaljordbruksamfunn til eit meir individualistisk pengesamfunn, der yrkesstrukturen er meir differensiert. Viktige føresetnader for modernisering er folketalsauke og økonomisk vekst. (Landøy, 1995: 51)

Denne utviklinga føregjekk i varierande tempo over heile landet, og det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at desse endringane også fekk konsekvensar for personnamnforrådet.

Eg vil i masteroppgåva mi studere kvinnenamna på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger gjennom 1800-talet. Dette vil eg hovudsakleg gjere i eit moderniseringsperspektiv, og eg hentar materialet mitt frå tre landsdekkjande folketeljingar. Den fyrste blei halde i 1801, den andre i 1865 og den siste i år 1900. Ein kan i denne samanhengen gjerne stille spørsmål ved kvifor det vil vere interessant å studere personnamna i tradisjonsrike område i eit moderniseringsperspektiv, og svaret er enkelt. Kanskje nettopp fordi stadene er kjende for å vere så rike på tradisjonar, så vil det vere interessant å studere personnamnutviklinga i ei tid då samfunnet går gjennom veldig store endringar, noko som heilt klart skjedde i områda gjennom 1800-talet. Det vil her vere interessant å avdekkje kor vidt det faktisk førekjem modernisering i kvinnenamna i desse områda, og eventuelt i kor stor grad namna er moderniserte. Det vil i denne samanhengen vere aktuelt å stille spørsmål ved om ein ser ei utvikling over tid, men også om ein kan finne likskapar og forskjellar mellom dei ulike områda, både i dei enkelte folketeljingane og når ein ser alle folketeljingane samla.

Analysen vil ta utgangspunkt i nokre meir konkrete spørsmål og hypotesar, og desse vil bli presentert i kapittel 5. Det går likevel an å nemne at det i analysen vil vere særleg aktuelt å studere namna sitt opphav, dei mest brukte namna, utviklinga i kva leksikalske namn som er i bruk, bruken av dobbelnamn, avleatingsnamn og andre namnetypar som er kjende for å vere vanlege moderne trekk i namneforrådet. Det vil i denne samanhengen vere aktuelt å studere om eventuelle endringar ser ut til å vere ei direkte fylge av ytre samfunnsforhold i dei ulike områda.

Voss og Hardanger er samla sett to store område, og årsaka til at eg har valt ut berre den nordlege delen av Indre Hardanger er den at materialet skal vere overkommeleg, og eg forsvarar valet ved å syne til Kollveit som skriv at ”Ytre Hardanger hadde meir samkvæme med byborgarar i Bergen, med skottar og andre utlendingar, enn Indre Hardanger” (Kollveit 1936: 3). Indre Hardanger ser slik ut til å vere det mest interessante området å studere i denne samanhengen, og eg har valt ut dei tre nordlegaste områda i Indre Hardanger, då det er desse stadene som ligg nærmast Voss. Eg avgrensar materialet vidare ved å berre fokusere på kvinnenamna. Det er ei kjend sak innanfor namnegranskinga at det som regel er kvinnenamna

som endrar seg først og i raskast tempo, og det kan difor tenkast at det er lurt på fokusere på desse då områda i utgangspunktet er oppfatta som tradisjonelle.

## **2. Dei geografiske områda og litt lokalhistorie**

Geografisk sett er det her snakk om eit relativt stort område i Hordaland fylke, og dette er naturleg delt inn i to hovuddelar. Det eine området utgjer Voss, medan det andre utgjer den nordlege delen av Indre Hardanger. Desse er vidare delt inn i tre område kvar. Voss består av Vangen, Evanger og Vossestrand, medan den nordlege delen av Indre Hardanger består av Granvin, Ulvik og Eidfjord. Dette er område som både i dag og gjennom tidene har blitt sett på som seks forskjellige bygder, så inndelingane er naturlege. Det er likevel slik at dei administrative inndelingane ikkje har vore konstante gjennom dei tre folketeljingane, så det er nødvendig å utdjupe korleis områda er behandla i kvar enkelt folketeljing.

### **2.1 Dei geografiske områda i 1801**

I 1801 var dei seks geografiske områda det her er snakk om fordelt på sju sokn i to forskjellige prestegjeld. Dei tre områda Evanger, Vangen og Vossestrand utgjorde Voss prestegjeld. Vossestrand var på dette tidspunktet inndelt i dei to sokna Vinje og Oppheim, men desse er slått saman til eitt område i analysen. Det er mogleg å diskutere kor vidt det er rett å gjere denne samanslåinga, då det syner seg at Oppheim høyrde til i Nærøy skipreide heilt fram til i 1773 (Brekke, 1993: 433). Denne informasjonen kan gjere det relevant å studere dei to sokna kvar for seg, men dette blir ikkje gjort her, då det er lite føremålstenleg at materialet blir delt inn i fleire mindre område enn dei seks som har blitt presentert ovanfor. For å sikre seg om at dette ikkje er ei feilvurdering, har det med utgangspunkt i digitalarkivet blitt laga frekvenslister over kvinnenamna i dei to sokna. Eit raskt oversyn over desse listene syner at ein her kan finne litt forskjellar når ein studerer mengda leksikalske namn, og litt ulikskap i kor stor prosentdel av namneforekostane dei ulike namna utgjer. Totalt sett er det likevel i stor grad snakk om dei same leksikalske namna, og eg meiner slik at omsynet til å halde områda inndelt i seks delar må vege tyngst. I Hardangerområda finn ein dei tre sokna Granvin, Ulvik og Eidfjord, og desse høyrde alle til i Granvin prestegjeld i 1801.

### **2.2 Dei geografiske områda i 1865**

Det blei med grunnlag i formannskapslovene frå 1837 oppretta kommunar i 1838, så inndelinga av dei geografiske områda er i 1865 annleis enn dei var i 1801 (Statistisk sentralbyrå, 1994). Dei seks områda er her fordelt på to kommunar som svarar til dei to hovudområda, og desse er vidare delt inn i mindre teljingsdistrikt. Det blei ei metodemessig

utfordring å samle dei mindre teljingsdistrikta i dei seks områda som dette arbeidet skal ta utgangspunkt i, men dette blei gjort, og det endelege materialet har slik den same geografiske inndelinga som i 1801.

## **2.3 Dei geografiske områda i 1900**

Mellom 1865 og 1900 har det igjen skjedd endringar i forhold til kommunegrensene. Vossestrand blei skilt ut som eigen kommune i 1868, og Evanger blei eigen kommune i 1885. I 1891 blei det som tidlegare hadde vore Ulvik kommune, delt inn i kommunane Eidfjord, Ulvik og Granvin (Juvkam, 1999: 47). Inndelingane i folketeljinga 1900 er slik sett akkurat dei same som eg områda eg skal studere. Det må likevel nemnast at det skjedde grensereguleringar i 1854 og i 1867 (Juvkam, 1999: 51). I den fyrste blei ein del av Eidfjord overført til Ulvik, men denne endringa ramma berre tre personar. I den andre reguleringa blei ein del av Voss overført til Hosanger. Denne ramma 28 personar, men heller ikkje det kan seiast å vere ei dramatisk endring.

## **2.4 Lokalhistorie**

Sjølv om det i denne oppgåva er kvinnenamna som skal vere i fokus, er det også nødvendig å danne seg ei historisk oversikt over dei aktuelle områda i tida då folketeljingane blei halde. Ved inngangen til 1800-talet ser det ut til å vere snakk om relativt isolerte område, men situasjonen endrar seg ganske mykje i løpet av hundreåret. Det vil her vere spesielt interessant å studere utviklinga i vegutbygging, jernbaneutbygging og båtliv, og det er mogleg at denne informasjonen kan seie litt både om kor mykje kontakt det har vore mellom dei seks områda det her er snakk om, og kor mykje kontakt områda har hatt med omverda.

Voss er eit relativt isolert område til langt fram på 1800-talet, og det er usikkert kor mykje kontakt det har vore mellom dei tre lokale områda det her er snakk om. Ein kan rekne med at dei som har budd i den vestlegaste delen av Evanger ikkje nødvendigvis har hatt så mykje kontakt med Vangen, då det var eit vanskeleg terreng å ta seg fram i, og det i fleire høve ser ut til at det har vore enklare å ta turen til Nordhordland. Då er det meir sannsynleg at det har vore tettare kontakt mellom Vangen og Vossestrand, men også her kan ein stille spørsmål ved om delar av Vossestrand kan ha hatt meir kontakt med Nærøydalen, i alle fall tidleg på 1800-talet.

Når det gjeld kontakten mellom Voss og Hardanger, så skriv Johannes Gjerdåker at «Det har vore ferdsle i Skjervet frå langt attende i tida, men lenge var vegen her uframkomeleg haust og vår, og elles når det var flaum» (Gjerdåker, 1999: 182). Skjervet er eit veldig bratt område med ein foss, som ligg på Hardanger si side av grensa mellom Voss og Hardanger. Det skal ha blitt gjort utbetringar der i andre halvdel av 1700-talet, og mellom 1802 og 1830 blir vegen skildra som «ein god klyvjaveg og rideveg» (Gjerdåker, 1999: 182). Det blei etter kvart uttrykt ynskje om å utbetre vegen endå meir, og Olav Kolltveit skriv at det var dampskip i rutefart på Hardangerfjorden som sette fart i planane om utbetring av vegen mellom Voss og Eide i Granvin. Han skriv vidare at «Den innestengde Vossebygda ville få stort gagn av den, når det vart god og samanhengande veg frå Vossevangen til Eide» (Kolltveit, 1977: 264). Dette skulle syne seg å stemme, for «Det vart stor oppsving i trafikken då vegen langs Granvinsvatnet var bygd og vegen i Skjervet var omlagd i 1870» (Kolltveit, 1977: 239). Det ser slik ut til at det har vore ein del kontakt mellom Voss og Granvin, og at denne tok seg opp etter at det kom dampskipsrutebåt i Granvin. Det blei på dette tidspunktet tydeleg at det var denne strekninga som var den mest stabile, dersom ein til dømes ville ta seg frå Voss til Bergen. Frå 1864 gjekk det også rutebåt to gonger i veka mellom Bolstadøyri og Bergen, men denne vegen var meir ustabil enn vegen om Granvin. For å kome seg til Bolstadøyri måtte ein nemleg ta båt over Evangervatnet, eit vatn som gjerne var dekkja av meinis gjennom vinterhalvåret (Gjerdåker, 1991: 11). Strekninga Voss-Bergen skulle likevel få eit endå betre tilbod i løpet av hundreåret, for i 1875 begynte utbygginga av Vossebanen. Det var på det meste 1800 mann i arbeid langs strekninga, og dei kom både frå inn- og utland (Gjerdåker, 1991: 14-16). Banen blei opna i 1883, og «Då anlegget var ferdig, vart sume av anleggsarbeidarane buande i bygda. Nokre vart jernbanearbeidarar på Vossebanen, andre fekk arbeid på Vangen eller andre stader i bygda, for no vart mykje nytt arbeid sett i gang» (Gjerdåker, 1991: 16). Det er ikkje tvil om at jernbanen opna opp for nye moglegheiter i Vossaområda, men det ser også ut til at dette gjeld for Hardanger.

Olav Kolltveit skriv at ulvikarane var kjende for å ikkje vere så opptekne av vegbygging, og då det blei skipa skysstasjon i Ulvik i 1863, var det berre snakk om ridehestskyss over fjellet til Granvin (Kolltveit, 1977: 272). Det blei etter kvart jobba så mykje på vegen at det gjekk an å drive med kjerreskyss frå 1879, men «Skyssarane var lite huga på slike turar og kravde ekstrabetaling. For vegen var ikkje berre därleg, men og tung og bratt. Han måtte likevel gjera teneste til vegen gjennom Espelandsdalen vart opna i 1901» (Kolltveit, 1977: 271). Skikkeleg veg fekk dei fyrst i 1901 (Kolltveit, 1977:272). Eidfjord var nok også ganske isolert, og

Granvin var slik tydeleg det området som hadde mest kontakt både med Voss, og med resten av omverda. Det skal likevel nemnast at Ulvik og Eidfjord blei tekne opp som stoppestader i sommarrutene til damskipet Vøringen i 1862, og det er mogleg at dette var med på å gjere desse områda meir opne (Kolltveit, 1977: 258).

Det blei i 1898 vedteke på Stortinget at Bergensbanen skulle byggjast breispora, og dette førte til endringar for Vossebanen som var smalspora. «Eit stort arbeid med tunnelutvidingar og breiare skjeringar, større bruer m.m. vart sett i gang frå Bergen til Voss, med nokre hundre mann i arbeid også her. Ombygningsarbeidet var ferdig 11. august 1904» (Gjerdåker, 1991:168-169). Det var ikkje berre vossingane som blei ramma av arbeidet med Bergensbanen. Ein ganske lang strekning av linja ligg i Ulvik, og det har gjennom tidene vore ulvikarar som har hatt stølar i Upsete- og Finse-området. Arbeidarane som jobba med tunellen i Gravhalsen blei slik registrert i Ulvik, og «Gjennomsnittleg arbeidde 120-130 mann fordelt på to skift på Upsete-sida – for det meste i tida september-juni, i seks år» (Bach og Gjerdåker, 2008:45). Etter å ha studert listene over personar i Ulvik i 1900, ser det ut til at det har flytta nokre nye kvinner til staden i samband med bygginga av Bergensbanen.

### **3. Faghistorisk tradisjon**

Det er fleire som har skrive om personnamna på Voss og i Hardanger, men det er ingen som har studert namna i begge områda ved hjelp av dei tre folketeljingane eg skal bruke. Eg vil her kort presentere det eg har funne av litteratur som gjeld personnamn i dei aktuelle områda, personnamnlitteratur som gjeld nærliggjande område, og namnegransking der ein har nytta dei tre folketeljingane som dette arbeidet tek utgangspunkt i.

Olav Kolltveit har skrive ein artikkel om personnamna på Voss og i Hardanger med utgangspunkt i skattemanntal frå 1500-talet, folketeljinga 1664 og matrikkelen frå 1906 (Kolltveit, 1936). Han har også skrive ein artikkel om utviklinga i Hardanger på 1800-talet, men han har her berre sett på Ullensvang, Kvam og Strandebarm, og nemner slik sett ikkje områda eg skal skrive om (Kolltveit, 1947). Olaf Olafsen har skrive ein artikkel om namna i mellomalderen (Olafsen, 1906a), og han har også skrive ein artikkel om gamle namneskikkar i Noreg, og då særleg i Hordaland (Olafsen, 1910). I tillegg til dette har han også skrive om namna på Voss og i Hardanger på 1800-talet (Olafsen, 1906b), men i analysen avgrensar han seg til å syne konkrete eksempel frå Ullensvang. Han syner også her til Ludvig Bru som skal ha skrive om namna på Voss i ei utgåve av avisas Hordaland i 1902. Kristen Vikør har med utgangspunkt i ætteboka til Åmund Bu laga ein statistikk over namna i Ulvik fram til 1920 (Vikør, 1963). Denne ætteboka er mangelfull, så delar av statistikken må av den grunn lesast med varsemd. Matrikkelen frå 1906 har også blitt brukt av Leiv Heggstad. Han har her sett på kva namn som var vanlege blant kvinner i 20-årsalderen på Voss, og skrive litt om kor lenge desse namna har vore i området (Heggstad, 1923). Gunnstein Akselberg har skrive om personnamna på Voss i eit større arbeid. Han brukar her dei same folketeljingane som eg skal nytte meg av, men han jobba ut frå ei heilt anna problemstilling enn kva eg skal gjere, og såg også berre på dei mest frekvente namna (Akselberg, 2005).

Det er nyleg levert tre masteroppgåver som tek utgangspunkt i dei same tre folketeljingane som skal bli brukt i dette arbeidet. Halvor Gåsland (2011) tek i masteroppgåva si for seg namna i Lærdal og Valdres, og han skriv at: «Lærdalsøyri låg godt til rette som marknadslass, som naturleg knytepunkt mellom aust og vest, og langs vestlandskysten» (Gåsland, 2011: 12). Han peikar på det at hovudpostruta mellom Bergen og Kristiania gjekk gjennom Lærdal og over Filefjell, og han skriv vidare at «På grunnlag av dette meiner eg Lærdalsøyri er sentral i kraft av å vere ein blømande urban tettstad gjennom 1800-talet»

(Gåsland, 2011: 12). Området ser slik ikkje ut til å vere like isolert som det Vossaområda, og kanskje også områda i Indre Hardanger var ved inngangen til 1800-talet, men det er mogleg at det likevel kan vere interessant å bruke funna frå denne masteroppgåva i mitt eige prosjekt. Den andre masteroppgåva er skrive av Cecilie Frøysland (2011), og denne handlar om personnamna i Jølster og Gloppen. Helge Selsås (2011) tek i si masteroppgåve for seg personnamna i Sveio, Torvestad, Skåre og Haugesund. Dei tre folketeljingane det her er snakk om har slik blitt nytta av fleire som har skrive om personnamn på Vestlandet.

Folketeljinga 1801 har også blitt nytta av Gudlaug Nedredlid Horgen (1985), i hovudfagsoppgåva hennar om personnamna i Indre Sogn. I 1990 leverte Ane Landøy (1990) ei hovudfagsoppgåve i historie om modernisering og mentalitetsendring. Ho har her eitt kapittel der ho tek for seg personnamna i Førde, og ho studerer her moderniseringa i namna. Det betyr at dette kapitlet har store fellestrek med prosjektet mitt, men det ligg likevel ein stor forskjell i det at ho nyttar seg av kyrkjebøker, og ikkje folketeljingar. Dersom ein tek nokre nødvendige omsyn, bør det likevel vere mogleg å nytte dette materialet i enkel samanliknande analyse med mitt materiale.

Torunn Irene Ingebrigtsen (2008) har skrive ei masteroppgåve om kvinnenamna i Nordhordland, Sunnhordland og på Voss i 1645. Det er snakk om eit mykje tidlegare tidspunkt enn det eg jobbar med, men det kan vere interessant å studere namna på Voss i dette arbeidet, då ein slik kan finne ut om det har vore stabilitet i dei mest brukte namna mellom 1645 og 1801. Det er også fleire andre masterstudentar som har teke utgangspunkt i koppskatten frå 1645, og skrive om namna på Vestlandet i oppgåvene sine. Janne-Kristin Klock Blomstedt (2007) har teke for seg personnamna i Bergen i 1645, medan Elin Jørgensen Bruun (2006) har skrive om kvinnenamna i futedømma Nordfjord og Ytre Sogn i 1645. I denne samanhengen må det kunne seiast å vere ei svakheit at så gamle kjelder seier mest om mennene, og at det difor berre er nokre få kvinner som er representerte her. Sidan det er eit skattemanntal, kan ein nok også diskutere kva kvinner som er registrerte her, og om desse i sosial samanheng representerer noko anna enn gjennomsnittskvinna. Jannecke Hervig Holthe (2006) har med utgangspunkt i kyrkjebøker skrive om døypenamna i Bergen på 1700-talet, og det kunne her ha vore interessant å studere nærmere korleis namngjevinga var i Bergen, som jo er den nærmeste store byen til områda eg skriv om.

Det er også skrive ein del semesteroppgåver om personnamn som kan vere interessante i denne samanhengen. Gerd Opedal (1976) har skrive ei oppgåve om Førenamn i Ullensvang og Odda i det 19. og 20. hundreåret. Ho studerer her kva fornamn som har blitt brukt i Ullensvang sokn frå 1820 til 1973. Materialet hentar ho frå Aamund Bu si «Ættarbok for Udlesvang» og Svein Røthe si «Ættarbok for Ullensvang», og det blir slik vanskeleg å samanlikne dette arbeidet med materialet mitt som er henta frå folketeljingar. Erlend Tronæs (2005) har også skrive ei oppgåve om namna i dette området, og her samanliknar han namnebruken i det som i dag utgjer herada Odda og Ullensvang. Materialet hentar han frå folketeljinga 1801 og folketeljinga 1900, og denne oppgåva er slik sett betre eigna for samanlikning med materialet mitt, enn kva Gerd Opedal si oppgåve er.

## 4. Modernisering i namneførrådet

Heile det norske samfunnet var prega av modernisering i tida kring dei tre folketeljingane det her er snakk om. Det var kraftig folkeauke, folk begynte å flytte meir rundt på seg, og i følgje tidlegare namnforskning syner denne moderniseringa seg også i form av endringar i personnamnforrådet. Det blei gradvis meir akseptert å ta i bruk oppkalling ved allitterasjon, oppkalling på tvers av kjønna, og kanskje til og med å ikkje nytte oppkalling i det heile. Endringane i namneførrådet var store. Kva som var dei viktigaste faktorane for endring, og kva som skjedde først og sist, kan nok diskuterast, men det viktigaste i denne samanhengen er at det kom inn nye namn og namnetypar. Ane Landøy (1990) gjer ein mentalitetshistorisk analyse av området Førde i Sunnfjord i hovudoppgåva si. Eitt av kapitla i denne avhandlinga handlar om personnamna i området, og dette kapitlet har også blitt skrive om til artikkel og publisert i tidsskriftet *Namn og Nemne*. Her skriv Landøy litt om moderne trekk ved namngjeving, og ho trekkjer her særleg fram endringar i den totale namnemassen, endringar i kvar namna er henta frå, bruken av -ina-namn og dobbeltnamn (Landøy, 1995: 52-54). Dei neste avsnitta vil ta utgangspunkt i desse punkta, og det vil til slutt bli supplert med nokre fleire punkt som andre namnforskurar har trekt fram som moderne trekk i namneførrådet på 1800-talet. Det vil slik bli tydlegare kva ein bør studere når ein skal finne ut i kva grad kvinnenamna på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger står fram som moderniserte i dei tre folketeljingane det her er snakk om.

Det fyrste moderne trekket Landøy nemner er endringar i den totale namnemassen. Tradisjonell namngjeving føregjekk ved bruk av heil oppkalling, og denne kom i følgje Ola Stemshaug inn i tida kring vikingtida, og stivna raskt i eit bestemt mønster for kven som skulle kallast opp etter kven (Stemshaug, 1982: 29). Dei same namna blei slik henta fram gong etter gong, og Stemshaug skriv vidare at «Dette måtte sjølv sagt føre til at forholdsvis vanlege namn blei enda meir vanlege, sjeldnare namn kom lett bort» (Stemshaug, 1982: 29). Namneførrådet blei slik stadig smalare, og ein svært stor del av namnførekommstane konsentrerte seg kring dei mest brukte namna. Når det då brått kjem inn mange nye namn i eit område, vil det difor tyde på at det anten må ha vore mykje tilflytting til staden, eller at ein har begynt å gå vekk frå heil oppkalling. Begge delar er for så vidt tydelege teikn på modernisering, og etter kvart som det blir større endringar i den totale namnemassen, vil det også vere naturleg at konsentrasjonen kring dei mest brukte namna går ned. Graden av modernisering vil her blant anna kunne målast i det å sjå kor store utskiftingar ein finn når det

gjeld dei leksikalske namna, og kanskje også særleg ved å studere utviklinga til dei mest brukte namna i eit område.

Det andre punktet Landøy nemner er endringar i kvar namna er henta frå. Fram mot 1800-talet handla dette i hovudsak om at dei kristne namna gradvis tok over for dei nordiske namna, men mot midten av 1800-talet skulle det heile begynne å snu. Terje Aarset skriv at

Med nasjonalromantikken i 1840-50-åra får vi ei ny interesse for norsk språk, musikk og folkeminne. Interessa for norsk historie hadde lenge vore veksande, og vi fekk omsetjingar av Snorres kongesoger (...) I tillegg får vi ein sterk agitasjon for å ta i bruk att dei nordiske namna, og her gjekk historikaren P. A. Munch og språkmannen Ivar Aasen i brodden (Aarset, 1982a: 66).

Denne utviklinga skal ha starta tidlegare i Danmark, og Eva Villarsen Meldgaard peikar på Adam Oehlenschläger sitt dikt *Guldhornene* frå 1802 som eit slags vendepunkt (Meldgaard 1997: 101). Birgit Eggert syner også til litteratur frå slutten av 1700-talet når ho omtalar den nordiske namnerenessansen si begynning (Eggert, 2008: 113). Dersom det skulle syne seg at det dukkar opp mange nordiske namn ved folketeljinga 1900, som ein ikkje kan finne i dei tidlegare folketeljingane, kan det altså vere snakk om modernitet. Det er ikkje alltid så lett å avgjere kva som er nordiske renessansenamn, og kva kriterier ein skal gå ut frå har blitt relativt mykje diskutert. I samband med endringar i kvar namna kjem frå, vil det også vere interessant å sjå på utviklinga i bruken av namn lånt inn frå språk som til dømes tysk, fransk, italiensk, russisk, engelsk og så vidare.

Landøy peikar deretter på ein namnetype som kjem sterkare utover 1800-talet, og dette er bruken av kvinnenamn som er avleiningar frå mannsnamn. Slike namn blir laga ved at eit namn blir tillagt eit avleierungssuffiks, og dette opnar opp for mange nye leksikalske namn. Det vil i moderniseringssamanheng vere svært sentralt å studere om ein kan finne denne namnetypen i dei ulike områda, kor mange namneforekomstar dei gjeld, om nokre ser ut til å vere etablert som vanlege namn, og så vidare.

Det siste Landøy trekkjer fram som moderne er bruken av dobbeltnamn. Terje Aarset meiner at:

Skikken med å gi borna to eller fleire namn er unorsk og er komen til oss utanfrå. Frå konge- og adelsfamiliar i grannelanda breidde skikken seg til embets- og borgarstanden. Etter kvart som det strenge oppkallingssystemet gjekk i oppløysing og namngivinga vart friare, tok også vanlege folk til å bruke dobbeltnamn, først i byar og tettstader, seinare på bygdene. (Aarset, 1982b: 88)

Det vil slik vere sentralt å finne ut kor utbreidd bruken av dobbeltnamn er i dei forskjellige områda i dei ulike folketeljingane, og om det skjer ei utvikling i løpet av perioden på nesten 100 år.

Det er også ein annan namnetype som bør trekkjast fram i samband med modernisering av namneforrådet. Det er særleg bruken av namn som endar på -y. Denne namnetypen vil bli nærmere presentert i eige kapittel.

Eg har her presentert nokre av dei moderne trekka ein kan forvente å finne dersom namneforrådet i områda går gjennom liknande moderniseringsprosessar som det er kjent at andre område har gått gjennom. Det er likevel viktig å understreke at ein i ein slik analyse ikkje berre kan jobbe ut frå det andre namnforskarar har funne, men at den grundige analysen av namnelistene i seg sjølv skal kunne gjere det mogleg å oppdage mange interessante endringar i namneforrådet.

## **5. Spørsmål og hypotesar som blir reist til namnematerialet**

Sjølve problemformuleringa handlar her om kor vidt ein kan sjå modernisering i kvinnenamna på Voss og i dei nordlege delane av Indre Hardanger gjennom 1800-talet, og kva likskapar og forskjellar ein i dette spørsmålet finn mellom dei ulike områda. Det vil i denne samanhengen vere aktuelt å studere om eventuelle endringar ser ut til å vere ei direkte fylgje av ytre samfunnsforhold i dei ulike områda, og for å gjere studien tydelegare og meir målretta vil det vere relevant å stille ein del konkrete spørsmål og setje fram nokre hypotesar.

### **5.1 Spørsmål som blir reist til materialet**

Før ein kan seie noko som helst om kor vidt det føregår modernisering i kvinnenamna, er det nødvendig å danne seg ei oversikt over mengda kvinner, leksikalske namn og namneførekommstar i dei ulike områda. Med folkeauken på 1800-talet vil det naturleg bli fleire namneførekommstar og leksikalske namn, og spørsmålet ein kan stille i forhold til dette må difor bli om ein finn store forskjellar i mengda leksikalske namn i dei ulike områda. Ein kan vidare stille spørsmål ved om det er påfallande store endringar i mengda leksikalske namn, då større variasjon i det leksikalske namneforrådet er eit tydeleg teikn på modernisering.

Noko av det som det er interessant å studere når ein er på jakt etter å spore endringar i namneforrådet, er namna sitt opphav. Det vil her vere nødvendig å etablere ei oversikt over namna sitt opphav i dei seks områda i dei tre ulike folketeljingane. Dette kan gi ein moglegheita til å stille spørsmål i forhold til kor vidt det skjer ei utvikling i fordelinga av namneopphav, både når det er snakk om det leksikalske namneforrådet, men også når det gjeld mengda namneførekommstar. Det er her relevant å studere om det er finst forskjellar mellom dei ulike områda, og om det skjer ei tydeleg utvikling over tid. I samband med namna sitt opphav er det også aktuelt å studere alderen og fødestaden som er registrert til dei ulike namneførekommstane, og ein kan slik stille spørsmål ved om det ser ut til å vere nokon samanheng mellom når og kor dei som ber namneførekommstane er fødd, og kva opphav namneførekommstane har.

Det vil vidare vere naturleg å fokusere på dei mest brukte leksikalske namna i kvart område. Her kan ein stille spørsmål ved kva likskapar og forskjellar ein finn mellom dei ulike områda, og kva endringar ein kan spore over tid, både når det gjeld namnetettleik, opphav og endringar i den leksikalske namnemassen blant toppnamna. Med omsyn til det å skulle studere i kva

grad ein kan snakke om modernisering, er det sentralt å samanlikne namnematerialet i dei seks områda med namneforskning gjort i nærliggjande område, eller i same periode. Det vil vere mest interessant å gjere desse samanlikningane i forhold til dei mest brukte namna, då ein slik kan slå fast likskapar og forskjellar som gjeld ein veldig stor prosentdel av namneførekommstane. Det er visse omsyn ein må ta når ein skal samanlikne forskjellige arbeid som gjerne er skrive ut frå ulike prinsipp, men det vil her vere interessant å spørje om kor mange av toppnamna som er felles, og om ein kan sjå likskapar eller ulikskapar i forhold til opphavsfordeling og namnetypar.

Med tanke på å kunne slå fast kor store utskiftingar det er i den totale leksikalske namnemassen, vil det vidare vere interessant å stille spørsmål ved kva leksikalske namn som forsvinn ut, og kva leksikalske namn som kjem inn i løpet av perioden på nesten 100 år. Det er her relevant å undersøkje kor store utskiftingar det faktisk er snakk om, og det er sentralt å sjå denne utviklinga i forhold til dei leksikalske namna sitt opphav. Det vil også her vere viktig å studere kva forskjellar og likskapar ein finn mellom dei ulike områda. Det er vidare naturleg å undersøkje kva namn det er som er brukt gjennom alle dei tre folketeljingane, kva opphav desse har, og kor stor del av namneførekommstane desse namna utgjer i kvar av dei tre folketeljingane.

I samband med spørsmålet om modernisering er det særleg sentralt å studere utviklinga i bruken av nokre bestemte namnetypar. Det er spesielt bruken av dobbelnamn, -ina-namn, andre avleatingsnamn, namn som endar på -y, forkorta namneformer, og namn som kan knytast til nordisk namnerenessanse, som det vil vere relevant og nødvendig å studere her.

Når det gjeld dobbelnamna, så vil det vere interessant å undersøkje kor mange kvinner det er snakk om, i kva grad det er etablert vanlege namnekombinasjonar, kva namneoppav som er brukt i dobbelnamna, og også å undersøkje samanhengane ein finn mellom bruken av dobbelnamn, og kvinnene sin alder og fødestad. Det vil også vere aktuelt å studere om ein kan finne ein samanheng mellom bruken av dobbelnamn og bruken av slektsnamn i staden for primærpatronym. Her blir det sjølvsagt naturleg å spørje korleis dette utviklar seg over tid, og i dei ulike områda.

Bruken av -ina-namn og andre avleatingsnamn er eit typisk moderne namnetrekk på 1800-talet, og ein kan vente at dette er lite brukte namnetypar ved inngangen til 1800-talet. Her blir det

spesielt interessant å studere utviklinga gjennom perioden, og i tillegg til å stille spørsmål ved frekvensen namneforekomstar, vil det også vere interessant å finne ut kor mange ulike leksikalske namn det er snakk om, og i kva grad desse er avleidde frå mannsnamn eller kvinnenamn. Sidan det er eit moderne namnetrekk, vil det vere relevant å studere alderen og fødestaden som er registrert til namneforekomstane som er avleiingsnamn. I likskap med alle dei andre punkta, vil det også her bli utforska korleis utviklinga artar seg i dei ulike områda.

Det kan også stillast spørsmål ved bruken av namn som endar på -y. Ein kan her setje opp mykje dei same spørsmåla som er aktuelle i forhold til dobbeltnamn og avleiingsnamn. Den nordiske namnerenessansen var gjerne tydelegast for mannsnamna, men det er likevel også veldig aktuelt å studere om denne slår gjennom blant kvinnenamna i områda som her blir studert.

Samla sett vil desse spørsmåla gjere ein i stand til å kunne trekke linjer som gjeld utviklinga i det totale namneforrådet, både når det gjeld namneforekomstane, og det leksikalske namneforrådet. Resultata ein finn her, vil saman med studien av bestemte namnetypar, gjere ein i stand til å trekke linjer som kan fortelje noko om i kva grad det faktisk er snakk om modernisering i namneforrådet, og korleis denne utviklinga artar seg i dei ulike områda.

## **5.2 Hypotesar som tek utgangspunkt i ytre samfunnsforhold**

Ut frå det ein veit om infrastrukturen i tida då folketeljingane blei halde, ser det ut til å vere sannsynleg at ein vil finne ein viss forskjell mellom namna i Vossaområda og namna i Hardangerområda. Sidan områda i Hardanger har sjølinje, og slik sett ikkje er like isolerte som Vossaområda, vil det i denne samanhengen kanskje vere naturleg at namna i Hardanger står fram som litt meir moderne enn namna på Voss i 1801. På Voss er det venta at namna på Evanger vil skilje seg litt frå namna i dei andre Vossaområda, då delar av Evanger kanskje ikkje har hatt så mykje kontakt med Voss grunna geografiske årsaker.

Det ser frå ein samfunnsmessig ståstad ikkje ut til å skje så store endringar fram mot 1865. Granvin har riktig nok fått dampbåt i løpet av denne perioden, men det er først når vegen mellom Eide og Voss blir opna i 1870, at trafikken tek seg ordentleg opp (Kolltveit, 1977: 243). Slik sett er det ikkje noko spesielt i samfunnet, anna enn den kraftige folkeauken, som tyder på at namneforrådet vil endre seg spesielt mykje i områda mellom 1801 og 1865. Ein

kan likevel vente ei viss utvikling i retning av fleire leksikalske namn, då det er ei naturleg fylgje av folkeauken.

Det er realistisk å tenkje at det vil skje størst utvikling i namnefforrådet fram mot folketeljinga i år 1900. Voss har på dette tidspunktet fått jernbane, og det har blitt bygd god veg mellom Voss og Granvin. I Hardanger går det dampbåtar til og frå Granvin, og det skal også vere damptrafikk til Ulvik og Eidfjord i sommarhalvåret. Særleg mykje føregår i Vossaområdet. Her har jernbanen opna opp for tettare kontakt og handel med Bergensområdet, og det har skjedd mykje tilflytting til staden. Folkeauken har vore veldig kraftig, og området ser på mange måtar ut til å ha endra karakter i løpet av det siste hundreåret. Det vil slik vere naturleg å vente at Vossaområdet, og då særleg Vangen, vil syne eit kvinnenamnforråd som er meir variert og modernisert enn kva ein har sett tidlegare. Her er det også mogleg å tenkje seg at det skiljet ein ventar å finne mellom Evanger og dei to andre Vossaområda i dei to føregåande folketeljingane, til ei viss grad vil bli viska ut, då jernbanen har gjort kontakten vestover enklare. Med den etter kvart nære kontakten mellom Granvin og Voss, kan ein kanskje også vente at kvinnenamna i Granvin vil nærme seg kvinnenamna på Voss. Ein kan slik rekne med at endringane i namnefforrådet vil vere annleis i Ulvik og Eidfjord, enn i Granvin.

## **6. Teori**

Før ein går i gang med analysen er det nødvendig å gjere greie for ein del ting i forhold til det å bruke folketeljingar som kjelde, og det er også nødvendig å gjere greie for val som er gjort i forhold til lemmatisering og gruppering av namna.

### **6.1 Folketeljingar som kjelde**

Det har blitt halde mange folketeljingar her til lands, men retningslinjene som har blitt gitt i samband med innsamlinga av data har ikkje alltid vore dei same. Kven som skal teljast med, kva ein skal registrere og korleis ein skal registrere det, har til ei viss grad variert, også mellom dei tre folketeljingane som blir nytta i dette arbeidet. Forskjellane er kanskje ikkje så store, men det er likevel nødvendig å gi ein kort presentasjon av det som er ulikt, då det får konsekvensar for måten ein kan analysere materialet på.

#### **6.1.1 Folketeljinga 1801**

I slutten av november i år 1800 blei det kjent gjennom kongeleg reskript at det skulle haldast folketeljing her i landet den 1. februar i 1801 (Soltvedt, 2001: 1). Interessa for å vite meir om innbyggjarane var veksande, men Folketeljinga 1801 var ikkje den fyrste landsdekkjande folketeljinga. Den skil seg likevel ut ved at det var den fyrste nominative folketeljinga, noko som betyr at ein for fyrste gong fekk namngjevne opplysingar om alle som hadde sin vanlege bustad i landet på den gitte dato (Soltvedt, 2001). Sjølve teljinga skulle på landsbygda gjennomførast av sokneprestane, men desse kunne søkje hjelp frå klokkarane og skulehalarane. Sidan ein rekna med at det i mange tilfelle kom til å ta meir enn ein dag å registrere alle, blei det laga klare instruksar (Digitalarkivet, 1980), som sa at ein ikkje skulle rekne med barn fødd etter 1. februar, og at menneske som var i live den 1. februar skulle teljast med sjølv om dei døydde før sjølve teljinga var ferdig. Ein annan viktig instruks var at folk ikkje skulle teljast der dei var på den bestemte dagen, men der dei hadde sin vanlege opphaldsstad. Når det gjeld alder skulle ein telje alderen ved neste bursdag, og personane blei slik registrert som eitt år eldre enn mengda fylte år. Det er usikkert kor utbreidd denne måten å rekne alder på var i 1801, og om den blei fylgd av alle i arbeidet med folketeljinga, men dette får uansett ikkje store konsekvensar for analysen min. Heile folketeljinga er å finne i Digitalarkivet sin versjon av folketeljinga (Digitalarkivet, 2012), men materialet eg nyttar frå folketeljinga 1801 har eg fått i SPSS-versjon av Arne Solli. Denne fila ligg ikkje tilgjengeleg

på internett, men den inneholdt akkurat den same informasjonen som er å finne inne på Digitalarkivet. Folketeljinga gir informasjon om personane sitt hushald, fornamn, etternamn, hushaldsstilling, alder, sivilstand, yrke og kjønn, men det er ikkje oppgitt noko informasjon om fødestad i folketeljinga 1801. Voss var ein relativt isolert stad på den tida, og ein kan kanskje ikkje rekne med at det var så veldig stor grad av tilflytting til staden i tida før folketeljinga. Det hadde likevel vore nyttig å vite noko om kvinnene sin fødestad, med tanke på å avklare om spesielle namn og namnetypar er eit resultat av tilflytting, eller om det rett og slett handlar om brot med gamal tradisjon.

### **6.1.2 Folketeljinga 1865**

Den 11. oktober 1865 blei det gjennom kongeleg reskript kjent at det skulle haldast ei ny nominativ folketeljing i Noreg. Prinsippa for kven som skulle reknast med var dei same som i 1801, men folketeljinga i 1865 skulle syne seg å vere litt meir detaljert i dataregistreringa. Ein skulle no notere ned alle personane sin fødestad, språk og etnisk tilhørsle. Alderen til personane blei rekna ut på same måte som i 1801, men denne gongen skulle det tillegg til dei personlege opplysingane også registrerast data om husdyrhald og utsæd, for dei som dreiv jord (Digitalarkivet, 2). Opplysingane om fødestad gir nye moglegheiter i analysen av namnematerialet.

### **6.1.3 Folketeljinga 1900**

Natt til 3. november i år 1900 blei det halde nok ei folketeljing her i landet. Dette er den siste folketeljinga som skal nyttast i dette arbeidet, og det blei gjort nokre små endringar i prinsippa for kva som skulle registrerast i denne folketeljinga. No skulle folk teljast der dei var på tidspunktet då folketeljinga blei halde, noko som betyr at folk på reise ikkje blei talt med på heimstaden sin, men i staden der dei overnatta då folketeljinga føregjekk. Innbyggjarane blei registrerte med mengda fylte år, så personane er slik registrert som eitt år yngre enn i dei tidlegare folketeljingane (Digitalarkivet, 3). Med unntak av punkta ovanfor ser det ut til at det meste er likt som i folketeljinga 1865.

### **6.1.4 Utfordringar i samband med det å nytte folketeljingar som kjelde**

Folketeljingane gir oss moglegheita til å få eiunik oversikt over befolkninga i landet på eit gitt tidspunkt, og dei både er og har vore nyttige kjelder i forsking av ulikt slag. Bruken av

folketeljingar som kjelde i namnegransking kan likevel vere problematisk. Alle opplysingane er registrert inn med menneskeleg hand, først under sjølve folketeljinga, og seinare i arbeidet med å digitalisere materialet. Det er ikkje uventa at det har oppstått ein del skrivefeil, og i namnesamanheng er det ei utfordring at dei som har registrert inn materialet sannsynlegvis ikkje har hatt inngåande kjennskap til namnegransking. Ein skulle helst hatt oversikt over kven det var som gjorde alle registreringane, og kva orientering dei har hatt i forhold til skriftspråket i tida og skrivemåten av personnamn. Ortografien har vore svært usikker opp gjennom tida, og det kan sjå ut til at nokre av innskrivarane har prøvd å skrive namna slik dei faktisk blei uttala, medan andre har valt å halde seg til mest mogleg danske skrivemåtar. Det er også uvisst kor medvitne menneska som blei registrerte i teljingane var på skrivemåten av sitt eige namn, og dette kan ein til dømes sjå av det at folk i mange tilfelle har blitt registrert med forskjellige skrivemåtar av namnet sitt gjennom livet. Dette gir særlege utfordringar i lemmatiseringsarbeidet, då det er vanskeleg å få oversikt over kva som faktisk blei sett på som ulike leksikalske namn, og kva som berre var ulike skrivemåtar av det same namnet.

I materialet for dette arbeidet syner det seg mange spesielle namn, og det har i ein del tilfelle vore nødvendig å prøve å leite opp enkelpersonar i kyrkjebøkene frå året dei blei fødd. Eit eksempel på dette kan vere ei kvinne på Voss som er registrert med namnet *Mensine* i 1900. Når ein ser i kyrkjeboka syner det seg at denne personen er registrert med namnet *Monsine* under dåpen. Det har ikkje her vore mogleg å leite opp absolutt alle kvinnene som er registrerte med namn som det er mogleg at er feilskrivingar, men det er forsøkt gjort fleire gonger. Det er likevel slik at ein del namn har enda opp med å ha usikkert opphav, og i desse tilfella har det vore vanskeleg å tenkje seg om namnet faktisk skal vere slik det står skrive, eller om det berre er ein veldig uvanleg skrivemåte av eit anna namn. Eksempel på dette kan til dømes vere *Issaar* og *Animed* som ein finn i 1801-teljinga.

Det dukkar også opp utfordringar i samband med registreringa av personar som har fleire fornamn. Etter kvart som bruken av dobbelnamn blir vanleg, dukkar det også opp stadig fleire initialar i namnematerialet. Det er vanskeleg å seie noko om kva namn desse initialane skal førestille. I nokre tilfelle er det kanskje snakk om ekstra fornamn, medan det i andre tilfelle er snakk om eit patronym. Dette fører til at det er vanskeleg å bruke særleg folketeljinga 1900 som kjelde til å kartleggje og analysere bruken av dobbelnamn, og det er synd sidan det ser ut til at det i denne folketeljinga kunne ha vore spesielt mykje å hente. I mange tilfelle vil det nok vere mogleg å finne ut kva namn initialane skal førestille ved å leite

i kyrkjebøkene, men dette er eit alt for tidkrevjande arbeid som ikkje kan prioriterast då det totalt sett er snakk om svært mange initialar.

Det å nytte SPSS-filer gir spennande moglegheiter i analysearbeidet, og sjølv om filene i praksis inneholder akkurat den same informasjonen som er å finne i Digitalarkivet, så oppstår det enkelte utfordringar. Desse filene er ikkje fyrst og fremst laga for namnforskarar, og det har difor blitt sett opp ei øvre grense på 16 teikn i fornamna. Ein del av kvinnene i materialet har hatt lengre fornamn enn dette, og eg har slik vore nøydd til å hente ut alle namna frå Digitalarkivet sine nettsider, og sortere dei etter lengd. Eg har så gått tilbake til SPSS-materialet og utvida grensa frå 16 til 28 teikn, og manuelt registrert inn namna/bokstavane som ikkje kom med då grensa gjekk ved 16 teikn.

## 6.2 Lemmatisering av skrivevariantar

I arbeidet med namnførekostane dukkar det opp eit spørsmål om lemmatisering. I eldre folketeljingar er det gjerne slik at enkelte namn har svært mange forskjellige skrivemåtar, og det ligg ei utfordring i det å avgjere kva skrivemåtar som skal slåast saman, og kva skrivemåtar som skal sjåast på som sjølvstendige leksikalske namn. Det finst mange ulike praksisar på dette området, og det er viktig å nytte lemmatiseringsprinsipp som gjer det mogleg å faktisk finne svar til det ein ynskjer å undersøkje. Nokre namnforskarar vel i fylge Gudrun Utterström å la namna sitt etymologiske opphav få avgjere i spørsmålet om lemmatisering (Utterström, 1995:18). Då vil ein til dømes kunne sjå på *Elin*, *Ellen*, *Helen* og *Helena* som eitt og same namn, og det blir i fylge Utterström for enkelt om ein vil «göra en mångsidig och grundlig undersökning» (Utterström, 1995:18). Samstundes meiner ho også at lemmatiseringa ikkje må vere for gjennomgripande, men at ein må ta utgangspunkt i kva ein trur namngivarane har sett på som forskjellige namn. Terje Aarset ser ut til å jobbe ut frå liknande prinsipp, og han meiner at

Ei slik inndeling gjer vald mot mykje av namneetymologien. Men det er berre fagmannen som går rundt og veit at *Elin*, *Ellen*, *Helen* alle kan førast tilbake til gr. *Helena*. For folk flest er desse namna ulike namn, utan nødvendig historisk samanheng (Aarset, 1975-1976: 22).

Dette er eit godt argument for å ikkje la namna sitt etymologiske opphav vere einsidig avgjerande i lemmatiseringsspørsmålet. Det er likevel fornuftig å slå saman ein del skriftformer, og sjølv om det i dei tre folketeljingane det er her snakk om vil verke naturleg å avgjere at *Elin* og *Helen* er to ulike leksikalske namn, kan det vere vanskeleg å avgjere om

*Maria* og *Marie* er eitt eller to leksikalske namn. Aarset skil mellom -a og -e etter uttale, men han peikar også på at «Kvinnenamna er vanskelegare både å samle og skilje. Skriftformene skifter meir, og overgangane frå namn til namn er ofte flytande» (Aarset, 1975-1976: 21). At skrivemåtane er varierte, kan ein også sjå i områda som her blir studert. Så seint som i folketeljinga 1900 kan ein til dømes finne over 20 ulike skrivevariantar av namnet *Cecilie*, og det er i denne konkrete samanhengen svært lite sannsynleg at innbyggjarane sjølve såg på dette som så mange forskjellige leksikalske namn.

Utterström vil ta utgangspunkt i kva namngivarane har sett på som ulike namn, og noko av utfordringa i det å avgjere lemmatiseringsprinsippa ligg i det at ein har avgrensa kunnskap om kva namnebrukarane faktisk tenkte om namna sine. Det blei lovfesta konfirmasjon her i landet i 1736, og som ein konsekvens av dette blei det heilt nødvendig med leseopplæring. Etter kvart blei det også innført skriveopplæring, men Arne Torp og Lars S. Vikør «reknar med at det først var i perioden 1880-1900 at alle norske barn lærte å skrive så godt at dei hadde praktisk nytte av det» (Torp og Vikør, 2003: 113-114). Dette kan få ein til å begynne å undre på i kva grad namneberarane på 1800-talet hadde noko formeining om korleis namna skulle skrivast, eller om det berre var opp til dei som registrerte inn namna å avgjere dette. Dersom det siste er tilfellet, dukkar det opp eitt nytt spørsmål om kor vidt det her blei eit skilje mellom namnet sin vanlege uttale og innskrivaren sin skrivemåte av det.

Eva Villarsen Meldgaard skriv i boka *Studier i Københavnske fornavne* at ho legg moderne uttale til grunn for lemmatiseringa, og at «Navneformer der i moderne dansk udtale kan skelnes fra hinanden betragtes som selvstændige leksikalske navne lige fra de ældste perioder» (Meldgaard, 1990: 98). Ho skriv at «De forskellige vokaler holdes ude fra hinanden i forlyd, indlyd og udlyd» (Meldgaard, 1990: 98), men ho presiserer nokre unntak. Ho slår likevel stort sett berre saman dei namna som berre er ortografisk ulike kvarandre, og slår slik saman færre former enn kva Utterström vil gjere i det same materialet. Meldgaard skil i likskap med Aarset mellom -a og -e-endingar, men ho stiller likevel spørsmål ved kor vidt *Anna*, *Anne* og *Ane* ble sett på som eitt eller fleire namn på 1700-talet (Meldgaard, 1990: 98). Utterström slår til dømes saman vokalar der ho trur at namna er ulikt skrive fordi skrivarane har vore usikre på skrivemåten, og ho slår difor saman til dømes *Scharlotta*, *Schärlotta* og *Scherlotta* (Utterström, 1995: 20). Som oppslagsform brukar Utterström den mest brukte forma, og Meldgaard skriv også at «Som opslagsform er valgt den stavemåde, som er hyppigst forekommende i det enkelte område» (Meldgaard, 1982:188). Gulbrand Alhaug legg

nokre andre kriterium til grunn for kva som skal vere oppslagsform. Han meiner at det ville bryte med den indre systematikken for stavingsprinsipp i norsk å bruke dei mest brukte formene. Kriteria han tek utgangspunkt i, går ut på at namn med framand ortografi blir så langt det er mogleg stava i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp, at namn som er stava med utgangspunkt i eldre rettskriving blir omgjort til gjeldande rettskriving, og at nordiske namn blir stava i samsvar med den språkhistoriske bakgrunnen (Alhaug, 2004: 27). Det betyr at namn som *Christina* blir skrive *Kristina*, *Aasa* blir skrive *Åsa* og *Haldis* blir skrive *Halldis*.

Eg har i lemmatiseringsspørsmålet valt å støtte meg til *Norsk Personnamnleksikon* (1995) av Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug (heretter: NPL). Dette gjer eg ved at dei namna som er eigne oppslagsformer i NPL, med visse unntak, blir sett på som eigne leksikalske namn i dette materialet. I dei tilfella der namnet ikkje er å finne i NPL, verken som oppslagsform, eller under ei oppslagsform, blir Gulbrand Alhaug si *1001 navn. Norsk fornavnleksikon* (2011), Ivar Aasen si *Norsk Navnebog* (1997[1878]), Roland Otterbjörk si bok *Svenska förnamn* (1964) og Eva Villarsen Meldgaard si bok *Den store navnebok* (1998) nytta, i håp om at ei av desse vil gi svar på kva for eit namn, eller kva for nokre namn det er snakk om.

Det å ta utgangspunkt i kva som er eigne oppslagsformer i NPL er ein ryddig metode i lemmatiseringsarbeidet, men eg har valt å gjere nokre unntak der det verkar føremålstenleg for analysen. *Durdei* er i NPL oppført som ein variant av oppslagsforma *Dordi*, men sidan eit veldig stort fleirtal av førekommstane har skrivemåten *Durdei*, har denne skrivemåten blitt gjort til oppslagsform i dette materialet (NPL: 63). Den same problemstillinga dukkar opp for namnet *Dønåt*, som har oppslagsforma *Dønet* i NPL. Sidan nesten alle førekommstane til dette materialet er med å-lyd, blir oppslagsforma her gjort om til *Dønåt*. Det same gjeld *Signy*, som i dette materialet blir skrive *Sygni*. *Margrete* og *Margareta* er her slått saman til oppslagsforma *Margrete*, sjølv om namna ovanfor har kvar si oppslagsform i NPL.

Bakgrunnen for å gjere det slik er den at namna stort sett er skrive *Margrete*, og det då er litt uvisst om ein har vore bevisst på forskjellen mellom *Margrete* og *Margareta*. *Gyri* og *Guri* er også slått saman under oppslagsforma *Guri* i dette materialet, då desse namna har same etymologiske opphav, og det er stor sjanse for at desse har blitt sett på som det same namnet. Slik er *Åsa* og *Åse* også slått saman til *Åsa*, men namn som *Anna* og *Anne*, og *Maria* og *Marie* er skilt frå kvarandre. Bakgrunnen for dette valet handlar om moglegheita for at det kan finnast ulik motivasjon i valet av -a og -e-ending i desse namna. Dersom det skulle syne seg at det ikkje er nokon forskjell i bruken av namna som ikkje er slått saman, så er det kanskje

likevel betre å ha skilt mellom nesten like former, enn å ha gått glipp av verdifull informasjon fordi ein har teke for gitt at det ikkje har vore nokon forskjell i bruken av nesten like namn. - ina-namna varierer mellom å ha a- og e-ending, men det vil ikkje vere føremålstenleg å halde *Olina* og *Oline* frå kvarandre sjølv om dei førekjem med ulike skrivemåtar. Spørsmålet vert då kva ending ein skal velje. I NPL er det gjort slik at nokre har -e-ending som oppslagsform, medan andre har -a-ending som oppslagsform, og så er det vidare nokre namn som deler oppslagsforma. For å gjere det heile mest mogleg ryddig, har eg konsekvent valt å gi alle ine-namna -a-ending, då det sannsynlegvis er slik dei fleste har blitt uttala i områda. Det er likevel ikkje slik at det ikkje er interessant å studere kva endingar som er mest og minst brukt, men dette kan gjerast i kapitlet som omhandlar desse namna dersom det skulle vere aktuelt.

### 6.3 Gruppering av namna

I arbeidet med namna vil det vere fornuftig å sortere dei inn i opphavsgrupper på ein måte som er føremålstenleg for analysen. Det er ikkje nokon faste reglar for korleis dette bør gjerast, då korleis ein vel å gruppere namna gjerne er avhengig av kva målet med namnegranskninga er, og sjølvsagt også kva materiale det er snakk om.

Når Kristoffer Kruken studerer personnamna i Leksvik frå reformasjonen til i dag, deler han namnematerialet inn i fem grupper, og desse kallar han nordiske namn, kyrkjelege namn, tyske namn, engelske namn og andre namn (Kruken, 1981: 178-179). Ane Landøy brukar også nordiske namn og kyrkjelege namn som kategoriar, og så samlar ho resten av namna i ei gruppe som blir kalla utanlandske namn (Landøy, 1995: 53). Meldgaard skriv at den tradisjonelle inndelinga av eit dansk personnamnmateriale frå middelalderen eller i tida etter, er namn av nordisk opphav, religiøst-innlånte namn, og tyske namn innlånt utan kristen medverknad (Meldgaard, 1982: 187). Aarset nyttar i ein artikkel om personnamna i Vartdal, Hareid og Ulstein, ei meir detaljert inndeling, med kategoriane norske eller nordiske namn, hebraiske namn, greske namn, latinske namn, tyske namn, engelske namn og andre namn (Aarset, 1976: 22-24). Det er slik tydeleg at det er mange moglege måtar å gruppere namna på, og dei fleste ovanfor tek utgangspunkt i å skape eit tydeleg skilje mellom namna som er av nordisk opphav, kristent opphav og anna opphav. Når det gjeld den siste gruppa, så inneheld den gjerne namn som er nyare i namnefforrådet, og som ofte er henta frå språk som tysk, fransk og engelsk.

Eg har valt å kategorisere namna inn i fire grupper. Den første gruppa er namn av nordisk opphav, den andre er namn av kristent opphav, den tredje er namn av anna opphav og den siste er namn med usikkert opphav. I tillegg til å gruppere namna inn etter desse inndelingane, har eg også registrert namna sitt reint språklege opphav. Det er ikkje slik at det er interessant å kommentere alle dei språkelege opphava. Mesteparten av dei kristne namna er henta frå gresk, latin og hebraisk, og nøyaktig kva språk desse namna er henta frå er sannsynlegvis ikkje noko namngivarane har vore spesielt medvitne om. Blant dei kristne namna og namna med anna opphav, finst det likevel andre språkelege opphav som det kan vere interessant å kommentere spesielt. Ved å registrere inn namna sitt språklege opphav er det mogeleg å hente fram til dømes engelske, tyske og franske namn, uavhengig av om desse har kristent eller anna opphav. På den måten blir det ikkje så problematisk at til dømes det tyske namnet *Gjertrud* er plassert i gruppa med kristne namn. Eg vil vidare presentere dei fire gruppene, slik at det blir tydeleg kva kriterium som er lagt til grunn for inndelingane.

Til nordiske namn reknar eg dei namna som har opphavet sitt i nordisk språk. Namn som kjem utanfrå, men som har blitt endra her til lands, blir registrert med det opphavlege språket som opphav. Eit eksempel på dette er *Kari*, som vil bli registrert som gresk, til tross for at denne varianten av det greske namnet *Katrine*, faktisk vaks fram i Noreg (NPL: 61). Namn som har blitt til i eitt språk, for så å ha blitt endra i eit anna utanlandsk språk, blir registrert som tilhøyrande det språket det har blitt endra i. Eit eksempel på dette kan vere *Betsy*, som blir registrert som engelsk, til tross for at det kjem av gresk-hebraiske *Elisabet* (NPL: 47). Denne praksisen kan nok virke litt motstridande, og ein kan nok diskutere om ikkje namn som har blitt endra i Noreg, og som for allmennheita er kjent som gode, norske namn også burde bli registrert som det for ordens skuld. Eg har valt å ikkje gjere det slik av fleire grunnar. For det fyrste er det interessant å ha eit visst innblikk i kva språk det er som har påverka oss i namngjevinga. Det er også slik at i dei høva eit namn er endra på norsk jord, så har det framleis eit anna opphav som det vil vere greitt å ha ei viss oversikt over. Det kan virke unaturleg å ikkje sjå på *Kari* som heimleg, når ein tross alt nyttar uttrykket «*Kari Nordmann*» når ein vil skildre noko som er typisk norsk. Det er likevel slik at *Kari* er ein norsk variant av eit kjent helgennamn, og det gjer det etter mi mening føremålstenleg å plassere dette namnet i kategorien saman med det opphavlege helgennamnet. På same måte vil *Betsy* syne ein namnemote henta frå engelsk språk og kultur, og det er med utgangspunkt i problemstillinga for dette arbeidet viktigare at namnet her henta inn frå engelsk, enn at det eigentleg har opphav i gresk og hebraisk språk.

Det er ofte vanskeleg å avgjere kor vidt eit namn er kristent eller ei. Nokre namn er bibelske, og slik sett tydeleg kristne, medan andre er helgennamn henta frå forskjellige land og språk. Når det gjeld helgennamna kan ein av og til undre seg over om dei har blitt rekna som kristne då dei fyrst kom i bruk i Noreg. Nokre er openberre, slik som til dømes det gammalengelske namnet *Sunniva*. Legenda om Sankt Sunniva er svært kjent, og sidan denne helgenen også har blitt rekna som Vestlandet sin skytshelgen, er namnet spesielt utbreidd i dette området. Eit problem oppstår derimot når det er snakk om namn som til dømes *Gjertrud*. Dette namnet har opphavet sitt i tysk språk, men det kom til landet svært tidleg (NPL: 98). Det kan reknast som eit kristent namn, då det finst fleire helgenar som har hatt namnet. Ein kan likevel diskutere kor vidt det er kristne tankar ein har lagt til grunn når ein har teke i bruk namnet her til lands, då det skal ha blitt brukt på eit veldig tidleg tidspunkt. Eg har likevel valt å sjå på det som kristent her, då det i seinare tid er mogleg at namnet har blitt spreidd utover på grunn av kristen kultur.

Fleire av dei leksikalske kristne namna er anten tyske, keltiske eller gammalengelske, og desse har nok i mange tilfelle kome i bruk i Noreg på andre tidspunkt, og gjennom litt andre tradisjonar enn dei greske, latinske og hebraiske namna. Ein finn også ein god del tyske namn som ikkje ser ut til å ha noko spesiell tilknyting til kristendommen, og eg vil difor argumentere for at det kan vere interessant å studere det språklege opphavet til alle dei kristne namna som ikkje er henta frå gresk, latinsk eller hebraisk, i tillegg til alle namna som kjem inn under kategorien «namn med anna opphav». Ein vil slik få moglegheita til å kikke litt ekstra på namna med til dømes fransk, spansk, italiensk, arabisk og russisk opphav.

Den siste gruppa er namn med usikkert opphav, og desse namna har nettopp eit litt ubestemmeleg opphav. I nokre tilfelle er det nok snakk om namn som ikkje finst i namnebøkene, medan det i andre tilfelle sannsynlegvis er snakk om feilskrivingar. Det er 11 leksikalske namn med usikkert opphav i 1801. *Andri* har seks belegg, medan dei 10 andre har eitt belegg kvar. Desse er *Adla*, *Animed*, *Gjær*, *Greve*, *Gunve*, *Issaar*, *Maal*, *Mechrilde*, *Olie*, *Profilde*. *Andri* er kommentert hjå Ivar Aasen, og han stiller spørsmål ved om dette kan komme av *Arnrid*, som då er eit namn utgjort av to nordiske namneledd (Aasen, 1997[1878]: 8). *Greve* er brukt som andrenamn, og dette namnet har tydeleg etternamnskarakter og blir diskutert i kapittel 12. *Olie* førekjem fleire andre stader i Noreg, men når ein søker etter dei andre namna med usikkert opphav, finn ein ikkje mykje treff. I folketeljinga 1865 er det 25

leksikalske namn som har usikkert opphav. Mesteparten utgjer berre ein førekost kvar, men det er også nokre få med to og tre førekoststar, og eitt som har heile 20 førekoststar. Namnet med 20 førekoststar er *Marjo*, og ein kan diskutere om det eigentleg har usikkert opphav. Alhaug (2011: 248) skildrar namnet som ei finsk form av *Maria*, men det kan diskuterast om det er dette som er bakgrunnen til namnet i områda på 1800-talet. Dersom ein søker i Digitalarkivet finn ein ikkje *Marjo* nokon annan stad i Noreg, og då verkar det ikkje så veldig sannsynleg at det er utbreidd i desse relativt isolerte områda på Vestlandet. Kanskje kan det her vere snakk om ein dialektfarga variant av *Maria*? *Madoli* og *Chari* har tre førekoststar kvar, og ein kan her diskutere om *Madoli* kan vere meint som *Madli*, og *Chari* som *Kari*. Sidan det ikkje er sikkert, har dei likevel fått bli ståande slik dei er. Det er vidare to førekoststar av *Gundelle*. Resten av namna med usikkert opphav utgjer i 1865 berre ein førekost kvar. I folketeljinga 1900 er det totalt 19 leksikalske namn med usikkert opphav. *Marjo* har her sju førekoststar, og er slik framleis brukt i 1900. *Oliva* har to førekoststar, og Aasen ser her to moglegheiter. Han meiner at kan vere ei form av *Olivia*, og han skriv også at «*Oliva* findes som Namn paa en Martyr frå det andet Aarhundrede» (Aasen, 1997[1878]: 77). Sidan det heile er litt usikkert, blir namnet ståande med usikkert opphav her. Resten av namna utgjer ein førekost kvar, og det ser her blant anna ut til å vere fleire avleiingsnamn med uforklarleg opphav, og etternamnliknande namn som er brukt som andrenamn. Også her finst det ein del namn som kan diskuterast. *Gjær* er ikkje å finne i NPL, men hjå Aasen kjem det fram at det kan førestille *Gjerd* (Aasen, 1997[1878]: 16). Dette blir berre sett på som eit etterledd i NPL (97). Når det gjeld *Bendette*, kan det diskuterast om dette kan vere *Benedikte*? Det er vidare mogleg at *Bittha* eigentleg skal førestille *Brita*, men at det på eitt eller anna tidspunkt har forsvunne ut ein bokstav. Det går også an å spørje seg om *Dyvat* eigentleg skal vere *Dønåt*, og om Engelein er det same som *Ingelin*? *Henritti* er nok sannsynlegvis meint som *Henriette*, men er plassert i denne gruppa då ein ikkje kan vere sikker. Det same gjeld *Madoli*, som er veldig likt *Madli*. Slike teoriar kan ein lage til dei fleste namna med usikkert opphav, men det er ein svært tidkrevjande prosess å gå tilbake til rett kyrkjebok i året då kvinnen med eit slikt namn blei fødd.

## 7. Metode

Folketeljingane ligg tilgjengelege på Digitalarkivet sine nettsider, men eg har valt å nytte meg av statistikkprogrammet SPSS i arbeidet, og har difor heller lasta ned Folketeljinga 1865 og Folketeljinga 1900 frå Universitetet i Tromsø sin Registreringssentral for historiske data (RHD, 2012). Det finst ikkje tilgjengeleg SPSS-fil for folketeljinga 1801 på desse nettsidene, men Arne Solli, førsteamanuensis ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, UiB, har vore så venleg å sende meg ei fil som gjeld akkurat dei seks områda eg skal studere. Det er fleire årsaker til at eg har valt å nytte meg av SPSS. Etter å ha jobba litt i Microsoft Excel med namnelister som eg hadde henta ut frå Digitalarkivet sin versjon av folketeljingane, var eg til dømes frustrert over at eg i desse filene ikkje hadde oversikt over kvinnene sin alder, fødestad og etternamn. Eg ynskte meg også ein meir brukarvenleg måte å variere mellom å studere namna i alle områda samla, og å studere områda kvar for seg. Sidan eg eit par år tidlegare hadde teke eit årsstudium i sosiologi, hadde eg allereie litt kjennskap til SPSS gjennom faget Samfunnsvitskapeleg metode, og eg begynte å lure på om kanskje dette kunne vere eit godt program å bruke også i namnegranskingssamanheng. Etter samtale med Arne Solli kom eg fram til at dette ville vere verdt eit forsøk.

Det måtte til ein del arbeid i SPSS-filene for at dei skulle fungere slik eg såg for meg. Områdevariablane måtte omkodast slik at det er lett å skilje dei seks områda frå kvarandre i alle dei tre folketeljingane. Det neste eg gjorde var å leggje til nokre nye variablar, blant anna ein variabel for lemmatisert fornamn, for namneoppav, for namna sitt språklege oppav, for namnepllassering (når det er to eller fleire fornamn), og for -ina-namna og dei andre avleiringane. Det same blei gjort for namna som endar på -y, og namn knytt til den nordiske namnerenessansen. Sidan kvinnene sin fødestad er registrert i dei to siste teljingane, blei også desse koda om, slik at ein lett kan skilje mellom dei som er fødd i områda det her er snakk om, og dei som er fødd andre stader. Det blei vidare laga alderskategoriar i alle dei tre teljingane.

Sidan det er kvinnene sine namn som er i fokus, så har alle kvinnene med meir enn eitt fornamn blitt kopiert, slik at alle namneforekomstane blir si eiga eining i materialet. Det er slik fleire einingar enn det er kvinner. Fornamnet blir ståande slik det blei registrert i folketeljinga, til dømes som *Anna Berthine*, men den eine eininga får den lemmatiserte forma *Anna*, medan den andre eininga får den lemmatiserte forma *Bertina*. Eininger som har *Anna*

som lemmatisert form blir då registrert som fyrstenamn under namneplasseringa, medan *Bertina* blir registrert som andrenamn. *Bertina* blir også registrert som -ina-namn.

Alle dei tre folketeljingane eg nyttar meg av i dette arbeidet er å finne inne på Digitalarkivet (2012) sine nettsider, og eg har nytta meg av denne nettstaden i dei enkelte tilfella der det har vore aktuelt å studere resten av hushaldet til enkelpersonar.

## 8. Om kvinnene og namna

Eg vil i dette kapitlet gjere greie for kor mange kvinner, namneførekommstar og ulike leksikalske namn ein finn i dei ulike områda i alle dei tre folketeljingane. Dette vil eg gjere i tre delkapittel der dei tre folketeljingane blir presentert kronologisk, og eg vil begynne med å ta utgangspunkt i mengda kvinner og namneførekommstar, før eg vidare ser kor mange ulike leksikalske namn det er snakk om i dei ulike områda, og når ein ser områda samla.

### 8.1 Om kvinnene og namna i 1801

Det blei totalt registrert 4993 kvinner i dei seks områda i 1801. Det er då fjerna ein person og ein namneførekommst på Evanger, og ein person og ein namneførekommst på Vangen, då desse synte seg å vere menn. Det er også fjerna ein namneførekommst på Vossestrand, då kvinna som ber namnet syner seg å vere registrert med ektemannen sitt fornamn. Ei av dei registrerte kvinnene er slik ikkje registrert med noko namn i namnematerialet. Sidan personar kan ha blitt registrert med feil kjønn, så har mannsmaterialet for områda blitt gjennomgått, men materialet frå 1801-teljinga ser ikkje ut til å syne kvinnenamn blant mannsnamna. Tabellen under gir ei oversikt over mengda namneførekommstar og kvinner i dei ulike områda.

Tabell 1: Oversikt over namneførekommstar og kvinner, 1801

Område	Namneførekommstar		Kvinner	
	Frekvens	Relativ frekvens	Frekvens	Relativ frekvens
<b>Evanger</b>	690	13,73 %	690	13,82 %
<b>Vangen</b>	2112	42,02 %	2094	41,94 %
<b>Vossestrand</b>	850	16,91 %	851	17,04 %
<b>Granvin</b>	505	10,05 %	499	9,99 %
<b>Ulvik</b>	497	9,89 %	488	9,77 %
<b>Eidfjord</b>	372	7,40 %	371	7,43 %
<b>Total</b>	<b>5026</b>	<b>100,00 %</b>	<b>4993</b>	<b>100,00 %</b>

Nærare 73 % av kvinnene er registrert i Vossaområdet, og det er naturleg nok på Vangen at det budde flest kvinner. Her blei det talt 2094 kvinner, medan det på Vossestrand var 851, og på Evanger 690 kvinner. I Granvin blei det talt 499 kvinner, i Ulvik 488 og i Eidfjord blei det talt 371 kvinner. Det at Vossaområdet er meir folkerikt enn Hardangerområdet kan vere ei utfordring i forhold til det å gjere ein komparativ analyse av namna i områda, men så lenge dette er noko ein er bevisst på, så skal det ikkje vere til hinder i arbeidet.

Dei nesten fem tusen kvinnene er registrert med til saman 5026 namneførekommstar. Det vil seie at nokre av kvinnene må vere registrerte med dobbeltnamn. 2112 av namneførekommstane hører til på Vangen, 690 på Evanger, 850 på Vossestrand, 505 i Granvin, 497 i Ulvik og 372 i Eidfjord. Det ser slik ut til at det er på Vangen, i Granvin og i Ulvik at det er flest kvinner som er registrert med meir enn eitt fornamn.

I tillegg til at det er ulike mengder kvinner og namneførekommstar i områda, er det også ulike mengder leksikalske namn. Kor mange leksikalske namn ein finn i områda kjem naturlegvis an på kva lemmatiseringsprinsipp ein tek utgangspunkt i, men med mine prinsipp er det totalt snakk om 143 leksikalske namn i dei seks områda i 1801. Dersom ein ser dei to hovudområda kvar for seg finn ein at det er snakk om 87 ulike leksikalske namn i Hardangerområda, og 114 i Vossaområda. Allereie her kan ein sjå at det må vere ein del variasjon mellom kva leksikalske namn ein vil finne i dei ulike områda. Det kan syne seg å vere snakk om store forskjellar i namngjevinga i dei ulike områda, men det kan også vere eit resultat av at mange leksikalske namn gjerne berre har nokre få førekommstar i sitt område, og slik påverkar den leksikalske namnemassen utan å utgjere så mange namneførekommstar. Ein kan ut frå mengda namneførekommstar vente at det er færre leksikalske namn i Eidfjord enn på Vangen, men ein må likevel vere forsiktig med å ta det for gitt at det at det berre er storleiken på områda som avgjer kvar ein finn flest leksikalske namn. Det er også her nødvendig å trekke inn det at til dømes utbreidd bruk av tradisjonell heil oppkalling fører til smalare namneforråd, noko som betyr at ein vil få fleire leksikalske namn i omløp etter kvart som ein går vekk frå den tradisjonelle skikken. Variasjon i namneforrådet kan difor også sjåast på som eit mogleg teikn på modernitet. Vangen er likevel som venta det området med flest leksikalske namn. Etter lemmatisering er det 98 leksikalske namn i dette området i 1801. På Vossestrand er det 63 leksikalske namn, og på Evanger 61. I Granvin blei det talt 67, i Ulvik 61 og i Eidfjord finn ein 52 leksikalske namn. Det kan slik sjå ut til at mengda leksikalske namn til ei viss grad samsvarar med områda sine folketal, men det ser ut til å vere tydeleg at det er færre namneførekommstar for kvart leksikalske namn i Hardangerområda, enn kva det er i Vossaområda.

For å illustrere kor stor del av namna som har få namneberarar, kan ein gjere greie for kor stor del av dei leksikalske namna som berre utgjer éin namneførekommst i sitt område. På Evanger

utgjer om lag 22,95 % av dei leksikalske namna berre éin namneførekost, på Vangen er det snakk om 25,5 %, og på Vossestrand er det 12,7 %. I Granvin har 31,3 % av dei leksikalske namna berre éin berar, i Ulvik 29,5 %, og i Eidfjord er det 28,8 %. Sidan ein så stor del av dei leksikalske namna syner seg å berre utgjere éin enkelt førekost i sitt område, er det ikkje så veldig overraskande at det finst ein del variasjon mellom dei leksikalske namna i Hardangerområda og namna i Vossaområda. Noko som er verdt å ta med seg vidare er observasjonen av at det ser ut til å vere fleire namn med berre ein berar i Hardanger enn på Voss.

## 8.2 Om kvinnene og namna i 1865

I folketeljinga 1865 blei det talt til saman 6978 kvinner i områda. Det er då fjerna ein person og ein namneførekost frå materialet på Vossestrand, då det syner seg å vere snakk om ein mannsperson. Fire av kvinnene i 1865-teljinga er registrert utan fornamn, så desse fire namneførekostane er også fjerna frå materialet. I gjennomgangen av mannsmaterialet dukka namnet *Brynnild* opp, men sjølv om dette ser ut til å vere kvinnenamnet *Brynhild*, så er det ingen anna informasjon som tyder på at det faktisk er snakk om ei kvinne. Namnet blir slik ståande i mannsmaterialet.

**Tabell 2: Oversikt over namneførekostar og kvinner, 1865**

Område	Namneførekostar		Kvinner	
	Frekvens	Relativ frekvens	Frekvens	Relativ frekvens
<b>Evanger</b>	1031	14,57 %	1032	14,79 %
<b>Vangen</b>	2880	40,70 %	2822	40,44 %
<b>Vossestrand</b>	1071	15,14 %	1071	15,35 %
<b>Granvin</b>	744	10,51 %	724	10,38 %
<b>Ulvik</b>	783	11,07 %	764	10,95 %
<b>Eidfjord</b>	567	8,01 %	565	8,10 %
<b>Total</b>	<b>7076</b>	<b>100,00 %</b>	<b>6978</b>	<b>100,00 %</b>

I overkant av 70 % av kvinnene er registrert i Vossaområdet, medan nesten 30 % blei talt i Hardangerområdet. Det budde 1032 kvinner på Evanger, 2822 på Vangen, og 1071 på Vossestrand. I Granvin var det 724 kvinner, i Ulvik 764 og i Eidfjord var det 565 kvinner. Ein ser slik at det har vore ei betydeleg folkeauke i alle dei seks områda sidan 1801.

I 1865 kan ein til saman telje 7076 namneførekommstar. Det må bety at bruken av dobbelnamn framleis ikkje er så veldig utbreidd, men at prosentdelen kvinner som har meir enn eitt fornamn er litt høgare enn den var i 1801. På Evanger blei det talt 1031 namneførekommstar, på Vangen blei det talt 2880, og på Vossestrand blei det totalt talt 1071 namneførekommstar. I Granvin var det 744, i Ulvik 783 og i Eidfjord 567 namneførekommstar. Det er særleg på Vangen, i Granvin og i Ulvik at det er fleire namneførekommstar enn det er kvinner, og det er det same som ein fann i 1801.

Den auka mengda kvinner gjer at det ikkje er overraskande at det også er fleire leksikalske namn i dei ulike områda i 1865. Etter lemmatisering kan ein telje til saman 217 stykk når ein ser dei seks områda samla. Det er 74 fleire enn i 1801, så det er tydeleg at det må ha skjedd ei viss utvikling. Ein kan telje 63 leksikalske namn på Evanger, 136 på Vangen, 80 på Vossestrand, 86 i Granvin, 88 i Ulvik og 72 i Eidfjord. Dette syner at det framleis er færre namneførekommstar for kvart leksikalske namn særleg i Granvin og Ulvik, enn kva det er på Evanger og Vossestrand.

22,2 % av dei leksikalske namna på Evanger har berre éin namneberar. På Vangen er det snakk om heile 38,2 % av dei leksikalske namna, og på Vossestrand har 31,25 % av dei leksikalske namna berre éin berar. I Granvin gjeld det 31,4 % av dei leksikalske namna, i Ulvik heile 44,3 % og i Eidfjord 36,1 %. Dette er høgare prosenttal enn ein fann i 1801, noko som kanskje kan tyde på at mange av dei nye leksikalske namna ikkje har fått feste blant så stor del av namneberarane. Ved å ta eit overordna blikk på namnelistene kan ein slik sjå at det er tendensar til modernisering i namneforrådet, men ein kan stille spørsmål ved kor stor del av befolkninga det er som faktisk har tatt i bruk andre namn enn tidlegare.

Når ein sorterer 1865-materialet ut frå fødestad, får ein fram at 93,7 % av namneførekommstane høyrer til kvinner som er fødd i områda som her blir studert. Det betyr at nærmere 450 av namneførekommstane høyrer til kvinner som er fødd andre stader. Når det gjeld namneførekommstane som høyrer til kvinnene som er fødd i dei seks områda, så går det ikkje an å sortere fødestad nærmere enn til Voss og Hardanger, då det er kommunenummeret som kjem fram under variabelen fødestad. Ein kan gjerne stille spørsmål ved kor relevant det er å studere fødestad med tanke på namnegranskingsa, men det kan i somme tilfelle vere interessant å gå nærmare inn for å sjå om ein vil finne tydelege forskjellar mellom namna som høyrer til kvinner som ikkje er fødd i områda, og namna som høyrer til kvinnene som

sannsynlegvis har budd i området heile livet. Dette vil vere særleg aktuelt når ein studerer namneopphav, og namn og namnetypar som kan reknast som mindre vanlege i området. Ein kan slik bli i stand til å seie noko om kor vidt endringar i namneføråret ser ut til vere direkte knytt til tilflytting, eller om det har kome så langt at dei lokalfødde innbyggjarane har begynt å ta i bruk nye namn og namnetypar.

### 8.3 Om kvinnene og namna i 1900

I folketeljinga 1900 kjem det fram at det opphaldt seg 8064 kvinner i dei seks områda i tida då teljinga føregjekk. 17 av desse er registrert utan fornamn, så namneførekommstane som høyrer til desse kvinnene er slik fjerna frå materialet. Det er ikkje funne mannspersonar i kvinnematerialet frå folketeljinga 1900, og mannsmaterialet er også gjennomgått med tanke på at det kan vere feilplasserte kvinner i det. Det er ein person som er registrert med namnet *Tarja* i mannsmaterialet. Dette skal vere eit finsk kvinnenamn (NPL: 276), men personen som har namnet blir ikkje flytta over til kvinnematerialet, då han jobbar ved jernbanen og etter alt å døme er ein mann.

**Tabell 3: Oversikt over namneførekommstar og kvinner, 1900**

Område	Namneførekommstar		Kvinner	
	Frekvens	Relativ frekvens	Frekvens	Relativ frekvens
<b>Evanger</b>	1146	13,84 %	1119	13,88 %
<b>Vangen</b>	3986	48,15 %	3874	48,04 %
<b>Vossestrand</b>	1078	13,02 %	1077	13,36 %
<b>Granvin</b>	686	8,29 %	665	8,25 %
<b>Ulvik</b>	816	9,86 %	772	9,57 %
<b>Eid fjord</b>	567	6,85 %	557	6,91 %
<b>Total</b>	<b>8279</b>	<b>100,00 %</b>	<b>8064</b>	<b>100,00 %</b>

Om lag 75 % av kvinnene blei talt i Vossaområdet, medan 25 % blei talt i Hardangerområdet. 1119 av kvinnene blei talt på Evanger, 3874 på Vangen, og 1077 på Vossestrand. I Granvin blei det talt 665 kvinner, i Ulvik 772 og i Eid fjord 557 kvinner. Talet på kvinner har stige i alle områda mellom 1801 og 1900, men mellom 1865 og 1900 har folketalet omrent stagnert på Vossestrand, i Ulvik og i Eid fjord, medan det har gått ned i Granvin, og berre svakt opp på Evanger. På Vangen har det derimot kome til over tusen fleire kvinner i løpet av den siste perioden, og mengda kvinner er i dette området nesten dobla i forhold til i 1801.

Den totale mengda namneførekommstar som er å finne i områda er 8279, og som venta er det flest namneførekommstar i Vossaområdet. På Evanger er det 1146 stykk, på Vangen heile 3986, og på Vossestrand 1078. I Granvin finn ein 686 namneførekommstar, i Ulvik 816, og i Eidfjord 567. Det ser framleis ut til å vere relativt få kvinner som er registrert med meir enn eitt fornamn, men det ser likevel ut til å vere tydeleg fleire enn i 1801 og i 1865.

Når ein ser alle områda samla finn ein at det er totalt 318 leksikalske namn i 1900. På Evanger er det 113 stykk, på Vangen er det 254 stykk og på Vossestrand er det snakk om 80 leksikalske namn. I Granvin finn ein 86 leksikalske namn, i Ulvik 110, og i Eidfjord finn ein totalt 84 stykk. Det har skjedd stor utvikling i løpet av 1800-talet om ein ser på dei leksikalske namna. Evanger gjekk frå 1865 til 1900 frå å vere det området med færrest leksikalske namn, til å bli det området med nest flest. På Vangen har det leksikalske namneforrådet auka med over 150 % mellom 1801 og 1900. Det er i denne samanhengen også interessant å sjå at det skjedde ei positiv utvikling i mengda leksikalske namn på Vossestrand mellom 1801 og 1865, men at det berre auka med eitt namn i dette området mellom 1865 og 1900. Det betyr likevel ikkje at det ikkje har skjedd endringar i dei leksikalske namna, berre at denne utviklinga ikkje har resultert i auka mengd leksikalske namn. I Hardangerområda ser utviklinga ut til å vere meir stabil enn i Vossaområda, og det ser ut til at det er Ulvik som har hatt den største utviklinga når det gjeld mengda leksikalske namn.

I likskap med i dei tidlegare folketeljingane, er det også i 1900 mange leksikalske namn som berre utgjer éin førekommst. Samla sett finn ein at det er 118 leksikalske namn som berre utgjer éin namneførekommst i denne teljinga. På Evanger utgjer 42,48 % av dei leksikalske namna berre éin førekommst kvar. På Vangen er det snakk om 39,2 %, og på Vossestrand er det berre snakk om 26,25 %. I Granvin utgjer 34,1 % av dei leksikalske namna berre éin førekommst, i Ulvik gjeld dette 44,1 % og i Eidfjord er det 42,86 % av dei leksikalske namna som utgjer éin namneførekommst. Det er slik tydeleg at det framleis er i Hardangerområda at det finst flest namn med som berre er brukt av éin person i området.

87,4 % av namneførekommstane høyrer til kvinner som er fødd i områda som blir studert. Det betyr at 1042 av namneførekommstane høyrer til kvinner som er fødd utanfor områda. Det er snakk om fleire enn i 1865, og det vil framleis vere interessant å studere dette i samband med namneoppav og spesielle namnetyper.

## **9. Namna sitt opphav**

I denne delen av teksten vil det vere fokus på namna sitt opphav, og fordelinga av namneopphava i dei tre ulike folketeljingane vil bli presentert i eigne delkapittel. Teksten vil ta utgangspunkt i ein tabell som syner dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, og ein tabell som syner namneforekomstane sitt opphav i dei ulike områda. Det vil i hovudsak bli fokusert på opphav ut frå dei fire opphavskategoriene som blei presentert i kapittel 6.3, men utbreiinga av nokre av dei språklege opphava vil også bli presentert og diskutert. Det er vidare aktuelt å studere om ein kan finne ein samanheng mellom namneoppfav og alderen som er registrert til namneforekomstane, og i 1865 og 1900 vil det også bli diskutert om ein kan sjå ein samanheng mellom namneoppfav og fødestaden som er registerert til namneforekomstane.

### **9.1 Namna sitt opphav i 1801**

I tabell 4 er det laga ei oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i 1801. Når ein ser alle områda samla, finn ein at 46,53 % av dei leksikalske namna er av det som her blir definert som kristent opphav. Dei nordiske leksikalske namna utgjer totalt sett 37,5 % av dei leksikalske namna, og det er slik tydeleg at det er dei kristne og nordiske leksikalske namna som er mest utbreidd. 8,33 % av dei leksikalske namna har anna opphav, medan 7,64 % har usikkert opphav, så det er slik også ei variert samling av leksikalske namn som ikkje ser ut til å ha kristen eller rein nordisk bakgrunn. Det å ha oversikt over opphavet til dei leksikalske namna kan fortelje mykje om kva type namn som finst i områda, men ikkje nødvendigvis så mykje om i kor stor grad namna er mykje eller lite brukt. For å få oversikt over det må ein studere opphavet til namneforekomstane, og dette blir gjort i tabell 5. Her finn ein at totalt sett så har heile 59,99 % av namneforekomstane kristent opphav, og 38,72 % har nordisk opphav. Det er vidare berre 0,97 % av namneforekomstane som har anna opphav, og 0,32 % som har usikkert opphav. Ein ser slik at dei leksikalske namna med anna og usikkert opphav utgjer ei variert mengd leksikalske namn, men at dei enkelte namna ikkje kan utgjere så mange namneforekomstar kvar.

Det er vidare interessant å studere namna sitt språklege opphav. I vedlegg nummer 1 ligg det ein krysstabell som syner namneforekomstane sitt språklege opphav i dei forskjellige områda. Det er i utgangspunktet ikkje så relevant å studere alle dei språklege opphava, så dei leksikalske kristne namna som har opphavet sitt i gresk, hebraisk og latin vil ikkje bli

prioritert her. Når ein ser alle områda samla, så utgjer dei keltiske namna totalt 11,08 % av namneførekommstane, og dei gammalengelske utgjer 3,62 %. Dei keltiske namna er tydeleg meir brukt i Vossaområda enn i Hardangerområda, og dei gammalengelske er særleg mykje brukt på Vossestrand. 4,8 % av namneførekommstane er av tysk opphav, og desse er tydeleg mest brukt i Vossaområda. 1,03 % av namneførekommstane har engelsk opphav, og desse er å finne i Vossaområda og i Granvin. Det er vidare nokre tilfelle av italienske namneførekommstar, og eit par eksempel på frisiske, danske og romanske namneførekommstar i 1801. Sju namneførekommstar er av anna språkleg opphav, og det er her snakk om tre leksikalske namn. *Herlaug* er eit nylaga namn (NPL: 125), *Kristbjørg* er eit yngre namn (NPL: 172), og *Milda* kan både vere ei kortform av *Mildrid* eller *Mathilde*, eller ein skriftvariant av *Milla* (NPL: 203).

Tabell 4: Oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, 1801

Område		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
Evanger	Frekvens	27	30	3	1	61
	% i området	44,26 %	49,18 %	4,92 %	1,64 %	100,00 %
Vangen	Frekvens	44	40	4	10	98
	% i området	44,90 %	40,82 %	4,08 %	10,20 %	100,00 %
Vossestrand	Frekvens	31	30	2	-	63
	% i området	49,21 %	47,62 %	3,17 %	-	100,00 %
Granvin	Frekvens	31	31	5	-	67
	% i området	46,27 %	46,27 %	7,46 %	-	100,00 %
Ulvik	Frekvens	30	28	3	-	61
	% i området	49,18 %	45,90 %	4,92 %	-	100,00 %
Eid fjord	Frekvens	24	24	3	1	52
	% i området	46,15 %	46,15 %	5,77 %	1,92 %	100,00 %
Alle områda sett samla	Frekvens	67	54	12	11	144
	% i området	46,53 %	37,50 %	8,33 %	7,64 %	100,00 %

Tabell 5: Oversikt over namneførekommstane sitt opphav i dei ulike områda, 1801

Område		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
Evanger	Frekvens	443	241	4	2	690
	% i området	64,20 %	34,93 %	0,58 %	0,29 %	100,00 %
Vangen	Frekvens	1281	796	22	13	2112
	% i området	60,65 %	37,69 %	1,04 %	0,62 %	100,00 %
Vossestrand	Frekvens	499	344	7	-	850
	% i området	58,71 %	40,47 %	0,82 %	-	100,00 %

<b>Granvin</b>	Frekvens	286	211	8	-	<b>505</b>
	% i området	56,63 %	41,78 %	1,58 %	-	<b>100,00 %</b>
<b>Ulvik</b>	Frekvens	277	217	3	-	<b>497</b>
	% i området	55,73 %	43,66 %	0,60 %	-	<b>100,00 %</b>
<b>Eidfjord</b>	Frekvens	229	137	5	1	<b>372</b>
	% i området	61,56 %	36,83 %	1,34 %	0,27 %	<b>100,00 %</b>
<b>Total</b>	Frekvens	<b>3015</b>	<b>1946</b>	<b>49</b>	<b>16</b>	<b>5026</b>
	% i området	<b>59,99 %</b>	<b>38,72 %</b>	<b>0,97 %</b>	<b>0,32 %</b>	<b>100,00 %</b>

På Evanger er det totalt 61 leksikalske namn i 1801. 44,26 % av desse er kristne, 49,18 % nordiske, 4,92 % har anna opphav, og 1,64 % har usikkert opphav. Det betyr at det er fleire nordiske enn kristne leksikalske namn i området, og dette skil Evanger frå alle dei andre områda i 1801. Når ein ser på namneførekostane finn ein at 64,20 % er kristne, og 34,93 % er nordiske, så her er dei kristne namna likevel i klart fleirtal. Det må bety at dei nordiske namneførekostar spreier seg utover ei variert samling leksikalske namn, medan dei kristne leksikalske namna utgjer fleire førekostar kvar. 0,58 % av namneførekostane har anna opphav, og 0,29 % har usikkert opphav, noko som betyr at desse namnegruppene er svært lite brukt, sjølv om dei utgjer ein betydeleg del av det leksikalske namneførerådet. Når det gjeld det språklege opphavet, så kan ein peike på at 5,22 % av namneførekostane er tyske. Det er i hovudsak namnet *Gjertrud* som er brukt her, men også *Isborg* med to førekostar, og *Magnhild* og *Hildebjørg* med ein førekost kvar. 2,32 % av namneførekostane er engelske, og alle desse høyrer til namnet *Brytteva*.

På Vangen er det 98 leksikalske namn i 1801. 44,9 % av desse er kristne, 40,82 % nordiske, 4,08 % har anna opphav, og 10,2 % har usikkert opphav. Det er ein større prosentdel kristne leksikalske namn enn på Evanger, men denne prosentdelen er likevel mindre enn i alle dei andre områda. Relativt sett er det i dette området ein finn færrest leksikalske nordiske namn, og det er også her ein finn flest leksikalske namn med usikkert opphav. 60,65 % av namneførekostane i området er kristne, 37,69 % er nordiske, 1,04 % har anna opphav, og 0,62 % har usikkert opphav. Det er slik tydeleg at det også her er dei kristne namneførekostane som dominerer saman med dei nordiske namneførekostane. Det er heile 10 leksikalske namn med usikkert opphav, men desse utgjer til saman så lite som 13 namneførekostar. Det einaste namnet med usikkert opphav som har meir enn ein førekost er *Andri*. Dette utgjer fire førekostar på Vangen, men også to førekostar på Evanger, så

det ser ut til at det er eit kjent namn i områda. Språkleg sett, så er 4,97 % av namneførekostane tyske, og desse fordeler seg på fem leksikalske namn. Nesten alle førekostane høyrer til namnet *Gjertrud*, men *Sigtrud* har fem førekoststar, og *Drude*, *Tale* og *Henrikke* utgjer ein førekost kvar. Med 0,71 % av namneførekostane er det også på Vangen at ein finn flest italienske namneførekoststar. Alle desse høyrer til det leksikalske namnet *Dønåt*, som truleg kjem av *Dionetta* (NPL: 64). Det er også nokre få namneførekoststar med dansk, engelsk, romansk og frisisk opphav, og Vangen blir slik det området som har leksikalske namn henta frå flest språk i 1801.

Vossestrand har i 1801 totalt 63 leksikalske namn. 49,21 % av desse er kristne, 47,62 % er nordiske, og 3,17 % av dei leksikalske namna har anna opphav. Ingen av dei leksikalske namna har usikkert opphav, og det er i dette området ein relativt sett finn færrast leksikalske namn med anna opphav. Det er slik sett nesten berre snakk om kristne og nordiske namn, og når ein studerer namneførekostane finn ein at 58,71 % er kristne og 41,78 % er nordiske. Dei nordiske namneførekostane utgjer her ein større del av namneførekostane enn i dei andre Vossaområda, og namna med anna opphav utgjer 0,82 % av namneforrådet. Når ein går djupare inn i materialet og studerer dei språklege opphava, finn ein at dei tyske namna utgjer 5,65 % av namneforrådet, og dette er meir enn i alle dei andre områda. Det er likevel berre tre leksikalske namn som er av tysk opphav, og desse er *Gjertrud*, *Magnhild* og *Sigtrud*. 2,71 % av namneførekostane er engelske, men det er i likskap med i dei to andre områda på Voss berre snakk om namnet *Brytteva*. Det italienske namnet *Dønåt* utgjer vidare 0,35 % av namneførekostane, og ein finn også ein førekost av det danske namnet *Akseliane*.

I Granvin er det i 1801 totalt 67 leksikalske namn, og her finn ein like mange nordiske som det er kristne leksikalske namn. Desse utgjer 46,27 % av dei leksikalske namna kvar, og dei resterande 7,46 % blir utgjort av leksikalske namn med anna opphav. Det er ingen leksikalske namn med usikkert opphav i dette området, og det er relativt sett her ein finn flest leksikalske namn med anna opphav. Fordelinga av namneførekostane syner at 56,63 % er kristne, 41,78 % er nordiske, og 1,58 % har anna opphav. Namna med anna opphav er slik også mest brukt i Granvin når ein ser på namneførekostane. Det språklege opphavet syner at 3,96 % av namneførekostane er tyske, og det er her snakk om dei leksikalske namna *Gjertrud*, *Alis*, *Sigtrud*, *Hildeborg* og *Adel*. Ein finn i dette området også førekoststar av italienske *Dønåt* og engelske *Brytteva*.

I Ulvik er det totalt snakk om 61 leksikalske namn i 1801. 49,18 % av desse er kristne leksikalske namn, 45,9 % er nordiske, og 4,92 % av dei leksikalske namna har anna opphav. Namneførekommstane syner at dei kristne namna dominerer med 55,73 % av namneførekommstane. 43,66 % av namneførekommstane er nordiske, og berre 0,60 % har anna opphav. Når det gjeld det språklege opphavet kjem det her fram at dei tyske namna utgjer 3,22 % av namneførekommstane. Dette er mindre enn i alle dei andre områda, men det er likevel snakk om fire leksikalske namn. Det mest brukte er *Gjertrud*, medan *Alis*, *Engel* og *Sigtrud* har ein førekommst kvar. Det er ikkje brukt engelske namn i Ulvik i 1801, men ein finn ein førekommst av frisiske *Gaukje*.

I Eidfjord er det totalt 52 leksikalske namn i 1801. I likskap med i Granvin er det også i Eidfjord lik fordeling mellom dei kristne og dei nordiske leksikalske namna. Dei utgjer 46,15 % av det leksikalske namneforrådet kvar, medan 5,77 % av dei leksikalske namna av anna opphav, og 1,92 % av usikkert opphav. Når ein ser på namneførekommstane finn ein at Eidfjord er det området i Hardanger der ein relativt sett finn flest kristne namneførekommstar, og færrest nordiske, med 61,56 % kristne, og 36,83 % nordiske namneførekommstar. 1,34 % av namneførekommstane har anna opphav, og 0,27 % har usikkert opphav. Det språklege opphavet syner at 4,3 % av namneførekommstane er tyske, og desse fordeler seg på dei leksikalske namna *Gjertrud*, *Eddi* og *Hildeborg*. I likskap med i Ulvik finst det ingen engelske namneførekommstar i området, og det finst ein førekommst av det frisiske namnet *Gaukje*. Namnet med usikkert opphav er *Gjær*.

Alle namneførekommstane hører til ei kvinne, og desse er alle registrerte med alder. Slik kan ein også lage ein krysstabell som syner utbreiinga av dei ulike namneoppava i aldersklassar. Denne tabellen er å finne i vedlegg 2. I 1801 syner det seg at prosentfordelinga mellom dei ulike namneoppava er ganske jamn i alle dei ulike aldersklassane, noko som gjerne kan tyde på at det har vore stabilitet i namngjevinga gjennom 1700-talet. Det er i alderskategorien 0-9 år at ein relativt sett finn flest namneførekommstar med kristent opphav, og færrest med nordisk opphav. Dette kan vere eit teikn på at dei kristne namneførekommstane har aukande popularitet, men det må samstundes kommenterast at det i aldersklassen 10-19 år er relativt sett færre kristne namneførekommstar enn kva ein finn blant namneførekommstane som hører til kvinner som er eldre. Det er slik ikkje noko utvikling som har vore tydeleg i tiåra fram mot 1801.

## **9.2 Namna sitt opphav i 1865**

Når ein ser alle områda samla finn ein i tabell 6 og 7 at det har skjedd relativt store endringar når det gjeld namna sitt opphav sidan 1801. Det er mange fleire leksikalske namn, og dersom ein ser alle områda samla, finn ein at dei kristne leksikalske namna utgjer 51,15 % av det leksikalske namneforrådet, og det er ein relativt kraftig auke i forhold til 1801. Med 111 leksikalske kristne namn, er det heile 44 fleire enn kva ein fann i 1801. Dei nordiske leksikalske namna har hatt ein nedgang frå å utgjere 37,5 % til å utgjere 24,88 % av det leksikalske namneforrådet i områda, og det er i 1865 nøyaktig like mange leksikalske nordiske namn som det var i 1801. Dei leksikalske namna med anna opphav utgjer med 13,82 % ein større del av det leksikalske namneforrådet enn dei gjorde i 1801, og det same gjeld dei leksikalske namna med usikkert opphav, som i 1865 utgjer heile 10,14 %. Når ein ser på namneførekommstane finn ein akkurat den same utviklinga der. Dei kristne namna utgjer i 1865 så mykje som 63,04 % av den totale mengda namneførekommstar, medan dei nordiske namneførekommstane har hatt ein nedgang til å utgjere 34,3 % av namneførekommstane. Namna med anna opphav dekkjer i 1865 totalt 2,01 % av namneforrådet, og namna med usikkert opphav utgjer 0,65 % av namneforrådet. Ein ser slik at namna med anna og usikkert opphav har relativt få førekommstar for kvart leksikalske namn, men dei har likevel hatt ein tydeleg oppgang sidan 1801.

I vedlegg 3 ligg det ein tabell som syner namneførekommstane sitt språklege opphav i dei ulike områda. Her kjem det fram at det har kome til fleire nye språklege opphav i forhold til i 1801. Namna med keltisk opphav utgjer samla sett 11,73 % av namneførekommstane, og det er ein svak oppgang frå 1801. Desse namna blir framleis mest brukt på Voss. Namneførekommstane med gammalengelsk opphav har hatt ein svak nedgang, og utgjer i 1865 totalt 3,38 % av den totale mengda namneførekommstar. Desse namna er framleis mest utbreidd på Vossestrand. Relativt sett er det snakk om færre tyske og italienske namneførekommstar i 1865, og relativt sett litt fleire engelske. Det er særleg eitt opphav som merkar seg ut i 1865, og det er gruppa «nordisk med utanlandsk ending». Det var ingen slike namneførekommstar i 1801, men i 1865 utgjer dei 1,14 % av den totale mengda namneførekommstar, totalt 81 stykk.

Tabell 6: Oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, 1865

Område		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
Evanger	Frekvens	33	26	3	1	63
	% i området	52,38 %	41,27 %	4,76 %	1,59 %	100,00 %
Vangen	Frekvens	77	40	11	8	136
	% i området	56,62 %	29,41 %	8,09 %	5,88 %	100,00 %
Vossestrand	Frekvens	41	28	7	4	80
	% i området	51,25 %	35,00 %	8,75 %	5,00 %	100,00 %
Granvin	Frekvens	50	27	9	-	86
	% i området	58,14 %	31,40 %	10,47 %	-	100,00 %
Ulvik	Frekvens	46	26	11	5	88
	% i området	52,27 %	29,55 %	12,50 %	5,68 %	100,00 %
Eid fjord	Frekvens	35	26	5	6	72
	% i området	48,61 %	36,11 %	6,94 %	8,33 %	100,00 %
Alle områda sett samla	Frekvens	111	54	30	22	217
	% i området	51,15 %	24,88 %	13,82 %	10,14 %	100,00 %

Tabell 7: Oversikt over namneførekommstane sitt opphav i dei ulike områda, 1865

Område		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
Evanger	Frekvens	667	349	8	7	1031
	% i området	64,69 %	33,85 %	0,78 %	0,68 %	100,00 %
Vangen	Frekvens	1783	1043	38	16	2880
	% i området	61,91 %	36,22 %	1,32 %	0,56 %	100,00 %
Vossestrand	Frekvens	635	373	55	8	1071
	% i området	59,29 %	34,83 %	5,14 %	0,75 %	100,00 %
Granvin	Frekvens	470	258	16	-	744
	% i området	63,17 %	34,68 %	2,15 %	-	100,00 %
Ulvik	Frekvens	518	241	19	5	783
	% i området	66,16 %	30,78 %	2,43 %	0,64 %	100,00 %
Eid fjord	Frekvens	388	163	6	10	567
	% i området	68,43 %	28,75 %	1,06 %	1,76 %	100,00 %
Total	Frekvens	4461	2427	142	46	7076
	% i området	63,04 %	34,30 %	2,01 %	0,65 %	100,00 %

På Evanger er det 63 leksikalske namn i 1865, og det er to fleire enn i 1801. 52,38 % av dei leksikalske namna er kristne, og dette er ein større del enn i 1801. Dei nordiske leksikalske namna har hatt ein nedgang frå å dekkje over 49 % til å utgjere 41,27 % av det leksikalske namneførerådet, men Evanger er framleis det området som har den største prosentdelen nordiske leksikalske namn. Til tross for at dei leksikalske namna med anna opphav har hatt

ein oppgang når ein ser alle områda samla, så har dei hatt ein svak nedgang på Evanger, og står med 4,76 % av dei leksikalske namna svakare enn i alle dei andre områda. *Marjo* er det einaste leksikalske namnet med usikkert opphav, og dette utgjer 1,59 % av dei leksikalske namna. Når ein studerer namneførekostane finn ein at oppgangen for dei kristne namna ikkje syner seg like tydeleg som når ein ser på dei leksikalske namna. Dei kristne namneførekostane utgjer her 64,69 %, og det er berre litt meir enn i 1801. Dei nordiske namna har hatt ein svak nedgang frå å utgjere nesten 35 % av førekostane til å utgjere 33,85 %, medan namna med anna opphav har hatt litt oppgang til 0,78 %. Denne oppgangen endrar likevel ikkje det at Evanger er det området med færrest namneførekostar av anna opphav. Med 0,68 % av namneførekostane har det også blitt fleire namneførekostar med usikkert opphav sidan 1801. Når det gjeld det språklege opphavet finn ein at totalt 4,75 % av namneførekostane er tyske. Det er meir enn i alle dei andre områda, og mesteparten av dei 49 førekostane fordeler seg på det leksikalske namnet *Gjertrud*, men ein finn også to førekostar av *Iborg*, og ein førekost av *Hildebjørg*. Det er 22 engelske namneførekostar, og desse utgjer totalt 2,13 % av namneførekostane. Det er meir enn i alle dei andre områda, men alle høyrer til namnet *Brytteva*. Det er vidare to franske førekostar, og desse høyrer til namnet *Lovise*. Det er fem førekostar av *Oline*, som er eit nordisk namn med utanlandsk ending, og det finst også ein førekost av den romanske diminutivforma *Kristense* i området i 1865.

På Vangen har det skjedd store endringar når ein ser på dei leksikalske namna. Det var 98 stykk i 1801, og i 1865 er det totalt snakk om 136 forskjellige. Dei kristne leksikalske namna har relativt sett hatt ein oppgang, og utgjer no 56,62 % av dei leksikalske namna, og dei nordiske namna ein kraftig nedgang til å utgjere 29,41 %. Dei leksikalske namna med anna opphav utgjer her 8,09 % av det leksikalske namneforrådet, noko som er ein oppgang frå 1801, medan namna med usikkert opphav har hatt ein nedgang og utgjer 5,88 % av dei leksikalske namna. Når det gjeld namneførekostane, så har dei kristne namna berre hatt ein svak oppgang, og utgjer 61,91 % av namneførekostane. Dei nordiske namna har hatt ein svak nedgang, og utgjer 36,22 % av namneførekostane. Namneførekostane med anna opphav har hatt ein svak oppgang, medan namneførekostane med usikkert opphav har hatt litt nedgang. Det er slik tydeleg at det på Vangen i 1865 har kome inn mange nye leksikalske namn, og at spesielt mange av desse har kristent og anna opphav, men at desse namna ikkje har ført til at opphavsfordelinga har endra seg så veldig mykje når det gjeld namneførekostane. Språkleg sett, så utgjer dei tyske namna 4,06 % av namneførekostane.

Det er totalt 117 førekommstar, og som i 1801 er det *Gjertrud* som er mest brukta, men ein finn også *Sigtrud* med sju førekommstar, *Mette* med tre førekommstar, *Jørgina*, *Mathilde*, *Bertina* og *Ulrikke* med to førekommstar, og 11 leksikalske tyske namn som har ein førekomst kvar. Det er fem franske førekommstar, og desse utgjer 0,17 % av førekommstane. Tre av desse høyrer til *Lovise*, medan *Antonette* og *Blanka* utgjer ein førekomst kvar. Når det gjeld dei nordiske namna med utanlandsk ending, så utgjer dei i dette området 0,52 % av namneførekommstane. Det er 13 førekommstar av *Oline*, ein førekomst av *Olava* og ein av *Torstina*. Ein finn vidare åtte førekommstar av italienske *Dønåt*, og to førekommstar av persiske *Kaspara*. Begge førekommstane av *Kaspara* er brukt som andrenamn i dobbelnamn, og kvinnene er tre og åtte år gamle.

Det er i 1865 totalt 80 leksikalske namn på Vossestrand, og det er 17 fleire enn i 1801. Dei leksikalske kristne namna har relativt sett hatt ein svak oppgang til å utgjere 51,25 % av den totale mengda leksikalske namn i området, medan dei nordiske leksikalske namna har hatt ein ganske kraftig nedgang frå å utgjere 47,62 % til å utgjere 35 % av dei leksikalske namna. Det har kome til fire fleire leksikalske namn med anna opphav, og dei dekkjer slik 8,75 % av dei leksikalske namna, medan namna med usikkert opphav har gått opp til 5 %. Når ein ser på namneførekommstane kjem det fram at dei kristne namna har ein svak oppgang til å utgjere 59,29 %, medan dei nordiske har ein ganske kraftig nedgang til 34,83 %. Namneførekommstane av anna opphav utgjer i dette området 5,14 % av namneførekommstane i 1865, noko som er mykje meir enn alle dei andre stadene, og dette heng saman med bruken av namnet *Olina*. Språkleg sett er det i dette området interessant å peike på det at dei tyske namna utgjer 3,64 % av namneførekommstane, og som i dei to andre Vossaområda er det også her *Gjertrud* som er mest brukt. *Jørgina* og *Magnhild* har to førekommstar kvar, medan *Bertina*, *Hansina* og *Mette* har ein kvar. Dei engelske namneførekommstane utgjer 1,77 % av namneførekommstane, noko som er ein nedgang sidan 1801, og det er her berre snakk om namnet *Brytteva*. Italienske *Dønåt* er også brukt i dette området, og det same er danske *Øllegård*, men det mest interessante å peike på er kanskje det at 4,3 % av alle namneførekommstane er nordiske namn med utanlandsk ending. Det er her særleg *Olina* som er brukt, men *Gurina* har fem førekommstar, og *Amundia* og *Torina* ein førekomst kvar.

I Granvin har det også skjedd store endringar i dei leksikalske namna. Her er det i 1865 totalt 86 stykk, og det er 19 fleire enn i 1801. Medan det var akkurat like mange nordiske og kristne leksikalske namn i området i 1801, så er det i 1865 slik at medan dei kristne namna utgjer

58,14 % av dei leksikalske namna i området, så utgjer dei nordiske 31,4 %. Dei leksikalske namna med anna opphav har hatt ein oppgang til å utgjere 10,47 %, og det er ingen namn med usikkert opphav. Det syner seg at dei kristne namna også har hatt ein oppgang når det gjeld mengda namneførekommstar, og dei utgjer i 1865 utgjer 63,17 % av namneførekommstane i området. Dei nordiske utgjer berre 34,68 %, medan namna med anna opphav har hatt ein oppgang til 2,15 %. Det språkeleg opphavet syner at det i Granvin er seks leksikalske namn med tysk opphav, og desse utgjer 3,90 % av namneførekommstane. Dette er litt meir enn i dei andre Hardangerområda, og i likskap med tidlegare er det framleis *Gjertrud* som er mest brukt, etterfylgd av *Sigtrud* og *Hildeborg*. I området finn ein også ein førekommst av italienske *Dønåt*, spanske *Isabel*, og to leksikalske namn med engelsk opphav. Det eine er *Brytteva*, medan det andre er *Elvina*. Dei nordiske namna med utanlandske ending utgjer 1,21 % av namneførekommstane, og det er her snakk om dei fem leksikalske namna *Iverina*, *Olina*, *Gurina*, *Gustava* og *Rikolina*. Det ser ut til at det berre er ei kvinne som heiter *Rikolina* på landsbasis i 1865, og dette namnet vil bli nærmere drøfta i kapittel 13.2.

I Ulvik er det 88 leksikalske namn i 1865, og det er heile 27 fleire enn i 1801. Her utgjer dei kristne leksikalske namna 52,27 % av den totale mengda leksikalske namn i området, medan dei nordiske utgjer 29,55 %. Det er ein svak auke for dei kristne namna, og ein kraftig nedgang for dei nordiske i forhold til kva ein fann i 1801. Namna med anna opphav utgjer her 12,5 % av dei leksikalske namna, og det er meir enn i alle dei andre områda. Namna med usikkert opphav utgjer 5,68 %. Når det gjeld namneførekommstane, så har det skjedd ein kraftig auke i prosentdelen kristne namneførekommstar, og ein endå kraftigare nedgang for dei nordiske namneførekommstane. Namna med anna opphav utgjer 2,43 % av namneførekommstane, noko som er ein tydeleg oppgang i forhold til 1801, og namna med usikkert opphav utgjer 0,64 %. Språkleg sett syner det seg at det har kome til fleire nye språklege opphav i områda, og det er her verdt å peike på at 3,70 % av namneførekommstane er tyske, og at desse fordeler seg på åtte leksikalske namn. Det er fire fleire enn i 1801, og det mest brukte er *Gjertrud*, men ein finn også *Helvig*, *Hildeborg*, *Didrikke*, *Engel*, *Fredrikke*, *Gjertina* og *Rosamunde*. Det er vidare ein førekommst av franske *Lovise* og ein førekommst av engelske *Brytteva*. I dette området er det også tre leksikalske namn som er nordiske med utanlandske ending. Desse er *Gustava*, *Erika* og *Gurina*, og dei utgjer samla berre 0,51 % av namneførekommstane i området.

Det har også blitt fleire leksikalske namn i Eidfjord. Her er det i 1865 totalt 72 stykk, mot 52 i 1801. Dei kristne leksikalske namna utgjer ein litt større prosentdel av den totale mengda leksikalske namn i 1865, enn kva dei gjorde i 1801. Det same gjer namna med anna opphav og namna med usikkert opphav, medan dei nordiske leksikalske namna har hatt ein stor nedgang. Heile 68,43 % av namneførekostane er kristne, og det er meir enn i alle dei andre områda. Dei nordiske namneførekostane i dette området skil seg også ut, for med 28,75 % av namneførekostane så er det i dette området det relativt sett er færrest nordiske namn. 1,06 % av namneførekostane er av anna opphav, og 1,76 % er av usikkert opphav. Når det gjeld det namna sitt språklege opphav, så er 2,82 % av namneførekostane tyske, noko som er ein kraftig nedgang frå 1801, og desse fordeler seg på dei tre leksikalske namna *Gjertrud*, *Hildeborg* og *Eddi*. Det er ein fransk namneførekost området, og denne hører til namnet *Henriette*, medan det er to leksikalske namn som er nordiske med utanlandsk ending. Desse er *Olava* og *Olina*, og dei har ein førekost kvar. Eidfjord er det området som i 1865 har minst namneførekostar av namn som er nordiske med utanlandsk ending.

Ved å lage ein krysstabell som syner aldersgruppene i rader, og dei ulike namneoppava i kollonner, kan ein få fram kor stor del av namneførekostane som er registrert med dei ulike namneoppava innanfor kvar enkelt aldersgruppe. Dette er gjort i vedlegg 4. I 1865 ser det ut til å vere ein tendens til at namneførekostane som er av nordisk opphav er brukt i mindre grad av kvinnene som er under 29 år, enn av dei som er eldre enn 29 år. Det er ikkje snakk om nokon stor forskjell, men den er synleg. Det er også tydeleg at bruken av namneførekostar som er av anna opphav er meir utbreidd blant kvinnene som er mellom 0 og 19 år, enn blant dei som er eldre enn dette. Dersom ein berre studerer aldrane som er registrert til dei nordiske namna med utanlandsk ending, kjem det fram at over 50 % er mellom 0 og 9 år gamle. Det er slik tydeleg at denne namnetypen ser ut til å vere relativt ny i områda i 1865.

I 1865 har ein også moglegheita til å studere namneoppava i samanheng med fødestaden som er registrert til kvar namneførekost. Slik kan ein bli i stand til å seie noko om kor vidt det er eit skilje mellom namneførekostane som hører til kvinnene som er fødd i områda det her er snakk om, og namneførekostane som hører til kvinnene som er fødd i andre område. Dette er sentralt med tanke på å seie noko om kor vidt dei som flyttar til områda tek med seg nye namn og namnetypar. Denne tabellen er å finne i vedlegg 5. Når det gjeld namneførekostane som hører til kvinner fødd i Vossaområda, så syner det seg at 61,49 % er kristne, 36,03 % nordiske, 1,92 % av anna opphav og 0,55 % av usikkert opphav. Blant

namneførekostane som høyrer til kvinner fødd i Hardangerområda er 66 % av kristent opphav, 31,69 % av nordisk opphav, 1,65 % av anna opphav, og 0,67 % av usikkert opphav. Det kjem her fram at dei som er fødd i Vossaområdet i større grad har nordiske namn enn dei som er fødd i Hardangerområdet, og at dei kristne namna slik er meir utbreidd blant dei som er fødd i dei tre Hardangerområda. Dersom ein ser på namneførekostane som høyrer til kvinner fødd alle andre stader enn dei seks områda det er her snakk om, finn ein at 66,44 % er kristne, 27,52 % er nordiske, 4,47 % er av anna opphav, og 1,57 % er av usikkert opphav. Det er slik tydeleg at namna med nordisk opphav er mindre brukta av kvinner fødd i andre område, og at desse kvinnene i større grad ber namneførekostar av anna opphav. I vedlegg 6 er det også laga ein krysstabell som syner namneførekostane sitt språklege opphav ut frå fødestad, og her kan ein sjå at det relativt sett er fleire av kvinnene som er fødd andre stader, som har namn av tysk og fransk opphav. Ein større del av namneførekostane som høyrer til kvinner fødd andre stader er også nordiske med utanlandske ending, og det er med på å syne at noko av det moderne ein finn i namneforrådet i 1865, faktisk høyrer til kvinner som ikkje er fødd i dei seks områda det her er snakk om.

### **9.3 Namna sitt opphav i 1900**

I materialet frå folketeljinga 1900 kjem det tydeleg fram at det har skjedd ein god del endringar i forhold til dei leksikalske namna. Det har kome til over hundre fleire enn kva det var i 1865, og i 1900 kan ein totalt telje 318 leksikalske namn. 167 av desse er kristne, og 67 nordiske. Relativt sett har dei kristne leksikalske namna hatt ein svak oppgang, medan dei nordiske har hatt ein tydeleg nedgang. Dei leksikalske namna med anna opphav har blitt 30 fleire, og denne gruppa har relativt sett hatt ein auke frå å utgjere 13,82 % til å utgjere 20,44 % av det leksikalske namneforrådet. Namna med usikkert opphav har hatt ein nedgang, og det er mogleg å tenkje seg at dette heng saman med fastare ortografi og betra rettskriving. Dersom ein ser på namneførekostane, så finn ein den same utviklinga der. Dei kristne namneførekostane utgjer i år 1900 heile 65,94 % av den totale mengda namneførekostar, noko som er ein litt større del enn i 1865. Dei nordiske namneførekostane har hatt ein nedgang frå å utgjere 32,3 % til å utgjere 29,68 % av namneførekostane, og det må bety at dei nordiske namna blir stadig mindre brukta. Namna med anna opphav utgjer i år 1900 til saman 4,07 % av namneførekostane, og det er mykje meir enn i 1865 då denne gruppa dekkja 2,01 % av namneførekostane.

I vedlegg 7 er det laga ein krysstabell som syner namneførekommstane sitt språklege opphav i dei ulike områda, og her syner det seg at det har kome til fleire nye språklege opphav i forhold til tidlegare. Namneførekommstane som er av keltisk opphav utgjer i 1900 samla sett 11,03 % av namneførekommstane, og dette er ein svak nedgang frå 1865. Desse namna er framleis mest brukt i Vossaområda. Når det gjeld dei gammalengelske namna, så syner det seg at desse har hatt ein svak nedgang. Det mest interessante er her at desse namna er mest brukt i Eidfjord, og at dei har hatt ein tydeleg nedgang i Vossaområda sjølv om dei framleis utgjer ein god del namneførekommstar på Vossestrand. Dei tyske namneførekommstane spelar ei større rolle enn i 1865, men ikkje like stor som i 1801. Dei franske namna er lite brukt, men det har relativt sett fått ein liten oppsving i 1900. For dei italienske namneførekommstane har nedgangen halde fram også i 1900. Spanske, danske og engelske namn er svært lite brukt, men har relativt sett likevel hatt framgang. Det har også kome til russiske namn, nederlandske namn, og til og med eitt arabisk namn. Det er vidare oppretta ein kategori som heiter yngre nordisk, og det har kome inn to slike namneførekommstar. Dei nordiske namna med utanlandsk ending har gått frå å utgjere 1,14 % av namneførekommstane i 1865, til å utgjere 2,15 % i 1900.

**Tabell 8: Oversikt over dei leksikalske namna sitt opphav i dei ulike områda, 1900**

Område		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
<b>Evanger</b>	Frekvens	67	26	18	2	<b>113</b>
	% i området	59,29 %	23,01 %	15,93 %	1,77 %	100,00 %
<b>Vangen</b>	Frekvens	140	55	48	11	<b>254</b>
	% i området	55,12 %	21,65 %	18,90 %	4,33 %	100,00 %
<b>Vossestrand</b>	Frekvens	49	20	9	2	<b>80</b>
	% i området	61,25 %	25,00 %	11,25 %	2,50 %	100,00 %
<b>Granvin</b>	Frekvens	47	27	12		<b>86</b>
	% i området	54,65 %	31,40 %	13,95 %	0,00 %	100,00 %
<b>Ulvik</b>	Frekvens	64	27	16	3	<b>110</b>
	% i området	58,18 %	24,55 %	14,55 %	2,73 %	100,00 %
<b>Eidfjord</b>	Frekvens	44	28	8	4	<b>84</b>
	% i området	52,38 %	33,33 %	9,52 %	4,76 %	100,00 %
<b>Alle områda samla</b>	Frekvens	<b>167</b>	<b>67</b>	<b>65</b>	<b>19</b>	<b>318</b>
	% i området	<b>52,52 %</b>	<b>21,07 %</b>	<b>20,44 %</b>	<b>5,97 %</b>	<b>100,00 %</b>

Tabell 9: Oversikt over namneførekostane sitt opphav i dei ulike områda, 1900

Område		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
Evanger	Frekvens	782	322	40	2	<b>1146</b>
	% i området	68,24 %	28,10 %	3,49 %	0,17 %	<b>100,00 %</b>
Vangen	Frekvens	2589	1200	183	14	<b>3986</b>
	% i området	64,95 %	30,11 %	4,59 %	0,35 %	<b>100,00 %</b>
Vossestrand	Frekvens	669	349	57	3	<b>1078</b>
	% i området	62,06 %	32,37 %	5,29 %	0,28 %	<b>100,00 %</b>
Granvin	Frekvens	434	235	17	0	<b>686</b>
	% i området	63,27 %	34,26 %	2,48 %	0,00 %	<b>100,00 %</b>
Ulvik	Frekvens	586	198	29	3	<b>816</b>
	% i området	71,81 %	24,26 %	3,55 %	0,37 %	<b>100,00 %</b>
Eid fjord	Frekvens	399	153	11	4	<b>567</b>
	% i området	70,37 %	26,98 %	1,94 %	0,71 %	<b>100,00 %</b>
<b>Total</b>	Frekvens	<b>5459</b>	<b>2457</b>	<b>337</b>	<b>26</b>	<b>8279</b>
	% i området	<b>65,94 %</b>	<b>29,68 %</b>	<b>4,07 %</b>	<b>0,31 %</b>	<b>100,00 %</b>

På Evanger er det i år 1900 totalt 113 leksikalske namn, og det er heile 50 fleire enn kva ein fann i 1865. Dei leksikalske kristne namna utgjer no 59,29 % av dei leksikalske namna, og det betyr at det har kome til 34 fleire leksikalske kristne namn i løpet av dei siste tiåra før år 1900. Dei nordiske namna har gått frå å utgjere 41,27 % av det leksikalske namneforrådet, til å berre utgjere 23,01 %, så her har det skjedd ei tydeleg negativ utvikling. Namna med anna opphav utgjer i 1900 heile 18 leksikalske namn, og har slik gått frå å utgjere 4,76 til å utgjere 15,93 % av dei leksikalske namna. Når det gjeld namneførekostane så syner dei den same utviklinga, berre i litt meir lågmælt grad. 68,24 % av namneførekostane er kristne, 28,10 % nordiske, 3,49 % av anna opphav og 0,17 % har usikkert opphav. Når det gjeld det språklege opphavet, så kan ein her trekke fram at 4,10 % av namneførekostane er tyske. Det er ein svak nedgang frå 1865, og dei 47 namneførekostane fordeler seg på 11 leksikalske namn. Som i dei to førre folketeljingane, er det her framleis *Gjertrud* som er det mest brukte, men *Bertina* og *Gjertina* er også litt brukt. Namna med engelsk opphav utgjer 1,66 % av namneførekostane. Det er meir enn i alle dei andre områda, men likevel ein nedgang etter 1865. Dei 19 førekostane fordeler seg på dei fem leksikalske namna *Brytteva*, *Alise*, *Ann*, *Edit* og *Jenny*. Det er tre franske førekostar. To av desse hører til namnet *Henriette*, medan den siste hører til namnet *Lovise*. Det er 19 namneførekostar av nordiske namn med utanlandsk ending, noko som tilsvarar 1,66 % av namneførekostane, og desse hører til dei leksikalske namna *Olina*, *Bolette*, *Gustava*, *Anvina*, *Gulina*, *Gurina* og *Torina*. På Evanger i

1900 finn ein også ei kvinne som har namnet *Zuleima*. Dette namnet er ikkje å finne i namnebøkene, men det er mogleg at det er arabisk. Det blei i 1835 gitt ut ei bok av den danske diktaren Frederik Paludan-Müller, og tittelen til denne boka var *Zuleimas flugt* (Linneballe, 1944: 421).

Mengda leksikalske namn på Vangen har nesten dobla seg mellom 1865 og 1900. I 1900 er det 256 leksikalske namn i området, og i motsetnad til i alle dei andre områda har dei kristne leksikalske namna hatt ein relativ nedgang mellom 1865 og 1900. Dei utgjer i 1900 55,12 % av namneførekostane. Dei leksikalske nordiske namna har blitt 15 fleire, men relativt sett har dei hatt ein tydeleg nedgang frå å utgjere 29,41 % av namneførekostane, til å utgjere 21,65 %, og Vangen er også i 1900 det området der det relativt sett er færrast nordiske leksikalske namn. Namna med anna opphav har hatt ein kraftig oppgang. Medan det i 1865 var åtte leksikalske namn med anna opphav på Vangen, er det i 1900 heile 48 stykk. Desse utgjer 18,9 % av det leksikalske namneforrådet, og det er i dette området at desse namna utgjer den største prosentdelen av dei leksikalske namna. Dei leksikalske namna med usikkert opphav har relativt sett hatt ein svak nedgang til 4,33 %. Når det gjeld namneførekostane, så finn ein den same utviklinga der. Dei kristne namna utgjer i 1900 totalt 64,95 % av namneførekostane, medan dei nordiske utgjer 30,11 %. Namna med anna opphav utgjer 4,59 % av namneførekostane, og Vangen er med dette det området som har nest flest namn av denne typen. Dersom ein ser på namna sitt språklege opphav, finn ein at det i år 1900 er henta namn frå mange forskjellige språk. Nokre av desse er verdt å nemne her, og det er til dømes interessant å peike på at det er 169 tyske namneførekostar i området. Desse fordeler seg på totalt 30 leksikalske namn, og det mest brukte er som vanleg *Gjertrud*, men *Jørgina*, *Mathilde*, *Bertina*, *Amalie*, *Sigtrud* og *Trine* utgjer også minst fem førekostar kvar. Det er 23 namneførekostar med engelsk opphav, og desse fordeler seg på dei leksikalske namna *Brytteva*, *Jenny*, *Fanny*, *Alise*, *Betsy* og *Nelly*. Det er her interessant at tre av namna endar på -y, og dette vil bli tatt opp i kapittel 14. Vangen er i 1900 det området som relativt sett har nest flest franske namn, og det er totalt snakk om 20 førekostar. Det er eit større leksikalsk mangfold av franske namn på Vangen i 1900 enn kva det var i 1865, og desse er *Lovise* med ni førekostar, *Henriette* med fem, *Emilie* og *Annette* med to, og *Antonette* og *Eugenie* som utgjer ein førekost kvar. Dei italienske namneførekostane har relativt sett hatt ein nedgang på Vangen etter 1865, men i motsetnad til tidlegare er det ikkje lengre berre snakk om *Dønåt*. Det er også ein førekost av *Laura* i dette området i 1900. Ein finn vidare ein førekost av det spanske namnet *Alma*, ein førekost av nyislandske *Hildur*, ein førekost av russisk-

greske *Katinka*, fem førekommstar av russiske *Olga*, to førekommstar av nederlandske *Alida*, 14 førekommstar av romanske *Kristense* og 2 førekommstar av *Leonora* som har same opphav. Det er også nyttat to leksikalske namn av yngre nordisk opphav, og desse er *Dagfrid* og *Siri*, som utgjer ein førekommst kvar. Til slutt er det i dette området også interessant å peike på det at det er heile 11 leksikalske namn som er registrerte som nordiske med utanlandsk ending. Det mest brukte av desse er *Olina* med 64 førekommstar, etterfylgd av *Gurina* med 10 og *Bolette* med fire førekommstar. *Erika*, *Gustava*, *Olava* og *Randina* utgjer to førekommstar kvar, og *Ellevina*, *Haralda*, *Odina* og *Olufina* utgjer ein førekommst kvar. Det er slik tydeleg at det på Vangen i 1900 er eit svært variert leksikalsk namneforråd reint språkleg sett, i alle fall i forhold til kva ein har sett i folketeljinga 1801 og 1865.

På Vossestrand er det i år 1900 akkurat like mange leksikalske namn som det var i 1865. Det har likevel skjedd ei utvikling i fordelinga av opphav. Dei kristne leksikalske namna utgjer 61,25 % av dei leksikalske namna i området, og det er meir enn i alle dei andre områda i år 1900. 25 % av dei leksikalske namna er nordiske, medan 11,25 % er av anna opphav og 2,5 % av usikkert opphav. Til tross for at det prosentvis er flest kristne leksikalske namn på Vossestrand, så er det også i dette området det er færrest kristne namneførekommstar med 62,06 % av namneførekommstane. 32,37 % av namneførekommstane er nordiske. Det er ein nedgang frå 1865. Namneførekommstane med anna opphav har hatt ein svak oppgang, og det er framleis i dette området desse står sterkest. Når det gjeld namna sitt språklege opphav, så syner det seg at det er i dette området at det relativt sett er flest tyske namneførekommstar i 1900. Det er totalt snakk om 57 stykk, og dei fordeler seg på 10 leksikalske namn. Det er her nytt at *Jørgina* faktisk er meir brukt enn *Gjertrud*, med 21 mot 20 førekommstar. Det er vidare seks førekommstar av *Bertina*, to førekommstar av *Dina*, *Hansina* og *Trina*, og ein førekommst kvar av *Adelheid*, *Gjertina*, *Henrikke* og *Ida*. Dei italienske namneførekommstane har relativt sett hatt ein nedgang, og det er i 1900 berre fem førekommstar av *Dønåt* på Vossestrand. Danske *Øllegård* har to førekommstar, og Vossestrand er det einaste området som har innslag av eit dansk leksikalsk namn i 1900. *Brytteva* er det einaste leksikalske engelske namnet i området, og det syner med tre førekommstar at dei engelske namna har hatt ein nedgang i området. Dei nordiske namna med utanlandsk ending utgjer 3,99 % av namneførekommstane, og også dette er relativt sett ein nedgang frå 1865. Det er berre to slike leksikalske namn, og desse er *Olina* med 37 førekommstar, og *Gurina* med seks førekommstar.

I Granvin er det i år 1900 totalt 86 leksikalske namn, og det er som på Vossestrand akkurat like mange som i 1865. Dei leksikalske kristne namna utgjer her 54,65 % av dei leksikalske namna, og dette syner ein nedgang frå 1865. Dei nordiske leksikalske namna utgjer 31,40 % av dei leksikalske namna, og det er akkurat like mykje som i 1865. Namna med anna oppgang har hatt ein oppgang til å utgjere 13,95 % av dei leksikalske namna. 63,27 % av namneførekommstane i Granvin er kristne i år 1900, og det er om lag like stor del som ein fann i 1865. Dei nordiske namneførekommstane har i dette området hatt ein svak nedgang i prosentdelen namneførekommstar, men denne nedgangen er mindre enn den ein fann i dei andre områda. 2,48 % av namneførekommstane er av anna opphav, og dette er ein svak oppgang i forhold til det ein fann i 1865. Språkleg sett, så har dei tyske namneførekommstane hatt ein nedgang i området etter 1865, men det er likevel åtte leksikalske namn med tysk opphav i Granvin i 1900. Desse er *Gjertrud* med 13 førekommstar, *Sigtrud* med to førekommstar, og *Emma*, *Fredrikke*, *Gjertina*, *Helvig*, *Hildeborg* og *Jørgina* med to førekommstar. Det er tre engelske leksikalske namn i området, og desse er *Brytteva*, *Edvardina* og *Evy*, som alle utgjer ein førekommst kvar. Det er vidare ein førekommst av franske *Lovise*, ein førekommst av italienske *Laura*, ein førekommst av romansk *Kristense*, og ein førekommst av russiske *Olga*. Dei nordiske namna med utanlandsk ending har relativt sett hatt ein svak nedgang fram mot 1900, men utgjer i frekvens like mange førekommstar som i 1865. Desse er *Gurina* med tre førekommstar, *Iverina* og *Olina* med to førekommstar, og *Gustava* og *Olava* som utgjer ein førekommst kvar.

I Ulvik fann ein i år 1900 totalt 110 leksikalske namn. Det er 22 fleire enn i 1865. 58,18 % av desse er kristne, og det er ein større del enn den ein fann i 1865. 24,55 % er nordiske, og dette er relativt sett ein nedgang frå 1865. Dei leksikalske namna av anna opphav har derimot hatt ein svak oppgang og utgjer 14,55 % av dei leksikalske namna, medan namna med usikkert opphav har hatt ein nedgang. 71,81 % av namneførekommstane er kristne. Det er ein større del enn i alle dei andre områda i år 1900, og det er også ein tydeleg oppgang frå år 1865. Det er også i dette området at ein fann prosentvis færrest nordiske namneførekommstar. Desse utgjer berre 24,26 % av namneførekommstane i området. 3,55 % av namneførekommstane er av anna opphav, og det er den høgaste prosentverdien desse namna får i Hardangerområdet. Språkleg sett, så syner det seg at dei tyske namna har hatt ein liten oppgang. Dei utgjer 4,04 % av namneførekommstane, og fordeler seg på totalt 17 leksikalske namn. *Gjertrud* er det mest brukte med 15 førekommstar, *Gjertina* og *Helvig* har to, medan resten av namna utgjer éin førekommst kvar. Namna med fransk opphav utgjer i 1900 berre 2 førekommstar, og desse fordeler seg på *Annette* og *Henriette*. Det er vidare éin førekommst av italienske *Laura* og éin

førekomst av spanske *Alma*, og desse representerer noko nytt i Ulvik i 1900. Dei nordiske namna med utanlandsk ending utgjer 1,47 % av namneførekostane, noko som er ein relativt sterk oppgang, og her er det *Gurina* som er mest brukt med sju førekostar, medan *Olina* har fire og *Olufina* utgjer ein førekost.

I Eidfjord kan ein i år 1900 telje 84 leksikalske kvinnenamn. Det er 12 fleire enn i 1864. 52,38 % av desse leksikalske namna er av kristent opphav, og det syner ein oppgang frå 1865. Dei leksikalske nordiske namna utgjer totalt 33,33 % av dei leksikalske namna, og dette er ein nedgang frå 1865. Dei leksikalske namna med anna opphav har hatt ein oppgang og utgjer 9,52 % av dei leksikalske namna, og namna med usikkert opphav har hatt ein nedgang. 70,37 % av namneførekostane er i kristne. Dette er ein oppgang samanlikna med 1865, og gjer Eidfjord til det området som prosentvis har nest flest kristne namneførekostar. 26,98 % av namneførekostane er kristne, og dette er ein liten nedgang i forhold til 1865. Namna med anna opphav har fått ein liten oppsving til å utgjere 1,94 % av namneførekostane i 1900, men dette er likevel mindre enn kva ein finn i alle dei andre områda. Når det gjeld namna sitt språklege opphav, så kjem det fram at dei tyske namneførekostane relativt sett har hatt ein oppgang etter 1865. Dei utgjer totalt 4,23 % av namneførekostane i området, og det er snakk om åtte leksikalske namn. *Gjertrud* er mest brukt med 16 førekostar, og *Valborg* er nest mest brukt med to førekostar. Resten av namna utgjer éin førekost kvar, og desse er *Emma*, *Fredrikke*, *Gjertina*, *Hildeborg*, *Jørgina* og *Mathilde*. Dei franske namneførekostane har også hatt ein oppgang, men dei utgjer likevel berre tre førekostar av *Annette*. Russisk-greske *Katinka* utgjer ein namneførekost, medan dei nordiske namna med utanlandsk ending totalt utgjer 0,88 % av namneførekostane. Det er ein nedgang sidan 1865, og det er her berre snakk om dei leksikalske namna *Olina*, *Karla* og *Olea*.

I 1865 kunne ein finne ein viss samanheng mellom alder og opphav, då det synte seg at ein mindre prosentdel av namneførekostane som høyrd til kvinner mellom 0 og 29 år var nordiske, og ein større del kristne, i forhold til det ein fann då ein såg på namneførekostane som høyrd til dei som var 30 år og eldre. Ein fann også eit slikt skilje når det gjaldt namna med anna opphav, og denne namnetypen var særleg utbreidd blant dei mellom 0 og 19 år. Det er laga ein krysstabell som syner namneførekostane sitt opphav ut frå aldersklassar også i 1900, og denne er å finne i vedlegg 8. Her finn ein den same tendensen til at det er ein samanheng mellom alder og namneopphav, men det ser ut til å vere tydeleg at skiljet går mellom namneførekostane som høyrd til kvinner over og under 40 år. Færre av kvinnene

som er under 40 år har namn med nordisk opphav, og fleire av desse har namn med kristent opphav. Når det gjeld namna med anna opphav, syner det seg at ein finn fleire slike namneførekommstar som høyrer til kvinner som er mellom 0 og 49 år, enn som høyrer til kvinner som er over 50 år.

I likskap med i 1865, så er det også i folketeljinga 1900 mogleg å vite noko om fødestaden som er registrert til kvar enkelt namneførekommst. I vedlegg 9 ligg det ein tabell som syner samanhengen mellom namneførekommstane sitt opphav og fødestad i 1900, og her kjem det fram at blant namneførekommstane som høyrer til kvinner fødd i Vossaområdet er 64,14 % kristne, 31,83 % nordiske, 3,74 % av anna opphav, og 0,30 % av usikkert opphav. Blant namneførekommstane som høyrer til kvinner fødd i Hardangerområda er 68,03 % kristne, 29,31 % nordiske, 2,44 % av anna opphav, og 0,21 % av usikkert opphav. Dersom ein studerer namneførekommstane som høyrer til kvinnene som er fødd alle andre stader enn i dei seks områda, finn ein at 71,4 % kristne, 19,29 % nordiske, 8,73 % er av anna opphav, og 0,58 % av usikkert opphav. Det er slik tydeleg at ein finn det same skiljet som ein kunne sjå også i 1865. Ein tydeleg større prosentdel av namneførekommstane som høyrer til kvinner fødd utanfor dei seks områda er av kristent og anna opphav, og namneførekommstane som høyrer til desse kvinnene er slik også i mindre grad nordiske, i forhold til kva ein finn blant namneførekommstane som høyrer til kvinnene fødd i dei seks områda det her er snakk om.

## **10. Dei mest sentrale namna**

Det er ei utfordring å studere alle kvinnenamna i seks område gjennom tre forskjellige folketeljingar. Totalt sett er det snakk om svært mange namneførekommstar og leksikalske namn, og i arbeidet med å få eit best mogleg bilet av korleis namnesituasjonen er i dei tre folketeljingane, vil det vere praktisk å studere dei mest sentrale namna. Ved å fokusere på dei 20 mest brukte leksikalske namna i kvart område blir ein i stand til å dekkje om lag 80 % av namneførekommstane i kvart enkelt område. Denne måten å jobbe på blir gjerne kalla toppnamnmetoden, og den er brukt av til dømes Eva Villarsen Meldgaard (1990), men også av Gulbrand Alhaug (2004) i studien hans av fornamn i Noreg mellom 1900 og 1975. Alhaug tek riktig nok for seg dei 30 mest brukte namna, men eg ser det ikkje nødvendig å ta med så mange her, då dette er eit atskilleg mykje mindre materiale. Han skriv at “Ein analyse av dei mest frekvente namna kan bidra til å gi eit utfyllande bilde av namnemønsteret på 1900-talet” (Alhaug, 2004: 117), og slik meiner også eg at ein ved å studere dei tjue mest brukte namna i områda det her er snakk om, kan få god oversikt over kva namn og namnetypar som var i bruk gjennom perioden. Ein må sjølvsagt vere medviten om at ein med denne metoden får med ein svært stor del av namneførekommstane, men ein veldig avgrensa del av dei leksikalske namna. Dette kan verke problematisk når ein er ute etter å studere det leksikalske mangfaldet, men dette vil bli studert nærmare i kapittel 11.

Det er nokre viktige punkt ein må ta omsyn til når ein vil studere dei mest brukte leksikalske namna, og det oppstår i denne samanhengen nokre spesielle utfordringar i arbeidet med topplistene. Det kan til dømes verke naturleg å skildre namna sin rang når ein skal samanlikne namna i ulike område, men dette kan fort bli veldig problematisk. Eit eksempel på kvifor er namnet *Ingeborg*. Dette ligg på 5. plass på Vangen i 1801, medan det ligg på 8. plass på Vossestrand. Dette vil naturlegvis få ein til å tenkje at namnet er klart mest brukt på Vangen, men dersom ein går nærmare inn og studerer kor stor prosentdel av namneførekommstane som gjeld dette namnet i dei to områda, syner det seg å faktisk vere motsett. Medan *Ingeborg* utgjer 4,64 % av namneførekommstane på Vangen, så utgjer det 4,71 % på Vossestrand. Namnet er slik relativt sett meir brukt på Vossestrand, til tross for at rangeringa fortel noko anna. Det vil også kunne vere ei utfordring å studere namna sin rang i dei tilfella der to eller fleire namn deler ei rangering. Sidan eg ikkje vil leggje vekt på namna sin rang, så er det i dette materialet slik at når til dømes to namn deler 5. plass, så får det eine namnet 5. plass, medan det andre får stå på 6. plass. Dette fører sjølvsagt til at det blir umogleg å ta utgangspunkt i namna sin rang, men utover det, så har ikkje dette noko å seie for analysen.

Problemet oppstår derimot når to eller fleire namn deler 20. plassen. Eva Villarsen Meldgaard har studert fornamna i København gjennom 300 år, og ho møtte denne utfordringa då ho skulle lage topp 20-lister. Ho skriv at:

I kapitel 2 opstilles de enkelte perioders populæreste fornavne ordne etter hyppighed. Det ønskede antal navne var de 20 almindeligste fornavne, men dette antal opnåes ikke altid. Hvor flere fornavne har den samme frekvens, kan antallet godt blive højere, som i 1650-, hvor *Christopher*, *Claus* og *Johan* alle forekommer 7 gange, og listen over de populæreste drengnavne derfor bliver på 21 navne. (Meldgaard, 1990: 16)

Eg har valt å løyse denne utfordringa på liknande måte ved at eg lar namna som deler 20. plassen vere med på topplistene, berre ikkje på fullstendig lik linje med dei andre namna. Noko av det sentrale med å studere dei 20 mest bruke namna er å kunne sjå namnetettleiken, altså kor stor prosentdel av namneforekomstane som er dekka når ein ser på til dømes dei 20 mest brukte namna. Dersom det er meir enn 20 namn med i desse utrekningane på nokre av stadene, vil det gi eit feilaktig bilet av namnesituasjonen, så eg har løyst dette problemet ved å unnlate å ta med namna som overstig 20. plassen i utrekninga av den kumulative frekvensen. På den måten får eg med alle namna som skal vere med, i tillegg til at det er mogleg å samanlikne dei ulike stadene når det gjeld namnetettleik. Det at nokre område blir "overrepresentert" i tabellane er noko eg må ta omsyn til, men som ikkje bør vere noko stort problem så lenge det blir kommentert i analysen.

Det er fleire ting som det vil vere interessant å analysere i arbeidet med dei mest sentrale namna. Det er relevant å studere dei enkelte namna, men også å studere namna samla når det gjeld opphav og namnetettleik. Dette er særleg viktig med tanke på å kunne seie noko om kor vidt namna i området bør sjåast på som tradisjonelle eller moderne i den enkelte folketeljinga, og om ein kan spore ei utvikling over tid. Det vil vidare vere svært interessant å studere om det finst geografiske skilnader, særleg i forhold til om ein finn forskjellar mellom namna i Vossaområdet og namna i Hardangerområdet. Sidan det også er andre som har skrive om dei mest brukte namna i andre geografiske område, så vil det også vere nyttig å gjere nokre overflatiske samanlikningar i moderniseringssamanheng. Det vil her særleg vere interessant å trekkje inn namnegransking gjort av Erlend Tronæs (2005), då han har skrive om personnamna i Ullensvang med utgangspunkt i folketeljinga 1801 og 1900. Det vil også vere aktuelt å nytte Torunn Irene Ingebrigtsen (2008) si masteroppgåve om kvinnenamna i Nordhordland, Sunnhordland og Voss i 1645, for å sjå om det ser ut til å ha vore stor utvikling eller stillstand i dei mest brukte kvinnenamna på Voss mellom 1645 og 1801.

## **10.1 Dei mest sentrale namna i 1801**

Når ein slår saman dei 20 mest brukte leksikalske namna i alle dei seks områda i 1801, endar ein opp med til saman 45 leksikalske namn. I tre av områda er det fleire namn som deler 20. plassen, så på Vossestrand og i Ulvik er det 21 namn med på lista, medan det i Granvin er med heile 23 namn. Dei fullstendige topplistene for kvart område er å finne i vedlegg 10.

### **10.1.1 Namnetettleiken til dei mest sentrale namna i 1801**

Det er interessant å vite noko om kor stor del av namneførekostane som konsentrerer seg kring dei mest brukte namna. I tabell nummer 10 er det stilt opp kor stor prosentdel av namneførekostane som er dekkja av dei tre, 10 og 20 mest brukte namna i dei ulike områda.

**Tabell 10:** Namnetettleiken i dei ulike områda, 1801

Område	Topp 3	Topp 10	Topp 20
<b>Evanger</b>	29,57 %	65,36 %	84,64 %
<b>Vangen</b>	30,40 %	58,62 %	79,26 %
<b>Vossestrand</b>	26,35 %	59,29 %	79,88 %
<b>Granvin</b>	27,33 %	59,80 %	79,21 %
<b>Ulvik</b>	24,75 %	56,74 %	77,06 %
<b>Eid fjord</b>	31,18 %	58,33 %	79,84 %

Dei tre mest brukte namna utgjer under 25 % av namneførekostane i Ulvik, og over 30 % på Vangen og i Eidfjord. Resten av områda ligg ein stad mellom dette. Dersom ein ser på kor stor del av namneførekostane som blir dekkja av topp 10, så finn ein at det også her er i Ulvik at den minste delen av namneførekostane er dekkja. Den største delen av namneførekostane er her dekkja på Evanger, der dei 10 mest brukte namna utgjer 65,36 % av førekostane. Det syner seg at dei 20 mest brukte namna utgjer i underkant av 80 % av namneførekostane i dei fleste områda, men at Evanger og Ulvik skil seg litt ut. Topplista i Ulvik dekkjer 77,06 % av namneførekostane, medan lista på Evanger dekkjer heile 84,64 % av namneførekostane. Det betyr at namneførekostane konsentrerer seg tettast kring dei mest brukte namna på Evanger, og minst tett i Ulvik. I dei fire andre områda er namnetettleiken relativt jann både for topp 10 og topp 20. På Evanger, i Granvin og Eidfjord må det fire leksikalske namn til for å dekkje ein tredjedel av det totale namneforrådet, medan det på Vossestrand og i Ulvik må fem namn til for å nå dette målet. For å dekkje to tredjedeler av namneforrådet treng ein 13 leksikalske namn på Vangen, Vossestrand, i Granvin og i

Eidfjord. På Evanger trengst det berre 11, medan det må 14 til i Ulvik. Det er slik tydeleg at Evanger og Ulvik skil seg ut her også. I moderniseringssamanheng kan ein her diskutere om dette er teikn på at kvinnenamna i Ulvik er meir moderniserte enn kvinnenamna på Evanger.

Med unntak av at dei tre mest brukte namna utgjer ein tydeleg mindre del av namneførekommstane på Vossestrand, så ser Vangen og Vossestrand ut til å ha ein del felles blant dei 20 mest brukte namna. Hardangerområda ser ut til å vere ganske mangfaldige i det at det er her ein finn området med både tettast og svakast konsentrasjon kring dei tre mest brukte namna, men når ein studerer topp 10 og topp 20 ser Granvin og Eidfjord ut til å dekkje om lag like store delar av namneførekommstane.

### **10.1.2 Dei mest sentrale namna sitt opphav i 1801**

Når det gjeld namna sitt opphav syner det seg at alle dei mest sentrale namna anten er kristne eller nordiske, så det er tydeleg at det er desse to namneoppphava som står sterkest i 1801. Når ein ser på dei 46 leksikalske namna som finst på ei eller fleire av topplistene finn ein ei veldig jamn opphavsfordeling, med totalt 24 leksikalske kristne og 22 leksikalske nordiske namn. Mengda namneførekommstar syner eit ganske anna resultat, då dei kristne namneførekommstane dominerer tydeleg blant dei 20 mest brukte namna i alle områda. I tabellen under kan ein sjå ei oversikt over opphavet til både dei leksikalske namna og namneførekommstane på topplistene i dei ulike områda.

**Tabell 11: Dei 20 mest brukte namna sitt opphav i dei ulike område, 1801**

<b>Område</b>	<b>Kristent opphav</b>		<b>Nordisk opphav</b>		<b>Anna opphav</b>	
	Leksikalske namn	Prosent namne-førekommstar	Leksikalske namn	Prosent namne-førekommstar	Leksikalske namn	Prosent namne-førekommstar
<b>Evanger</b>	13	68,32 %	7	31,68 %	0	0,00 %
<b>Vangen</b>	9	63,44 %	11	36,56 %	0	0,00 %
<b>Vossestrand</b>	9	61,59 %	12	38,41 %	0	0,00 %
<b>Granvin</b>	12	60,53 %	11	39,47 %	0	0,00 %
<b>Ulvik</b>	11	57,03 %	10	42,97 %	0	0,00 %
<b>Eidfjord</b>	10	65,66 %	10	34,34 %	0	0,00 %

I tabell nummer 11 kjem det fram at sjølv om dei kristne namneførekommstane dominerer i alle områda, så ser det likevel ut til å vere eit skilje mellom områda på Voss og områda i

Hardanger, i det at dei kristne namna opptek ein endå større prosentdel av det leksikalske namneførerådet i Vossaområdet enn i Hardangerområdet. Dette er ganske interessant, for når ein ser nærmere på dei leksikalske namna kan ein spore ein motsett tendens. Der kjem det fram at det jamt over er fleire kristne leksikalske namn i Hardanger, enn kva det er på Voss. Dette betyr at det må vere ein større variasjon av kristne leksikalske namn på topplistene i Hardangerområdet, men at namnebrukarane til tross for dette konsentrerer seg tettare kring dei kristne namna i Vossaområdet. Evanger ser ved fyrste augnekast ut til å skilje seg ein del ut frå dei andre områda på Voss. Det er i dette området at både dei kristne namneførerådene og dei kristne leksikalske namna står aller sterkest, og som følgje av dette er det også i her at dei nordiske namna er dårlegast representert. Dei nordiske namna står derimot spesielt sterkt i Ulvik, der dei dekkjer heile 42,97 % av namneførerådene på topplista. På topplista i Granvin er 39,47 % av namneførerådene nordiske, så dette er betydeleg mindre enn i Ulvik, men samstundes meir enn i Eidfjord som skil seg frå dei andre Hardangerområda med berre 34,34 % nordiske namneførerådene. Det ser slik ut til at Vangen og Vossestrand er dei områda som har mest felles når det gjeld topplistenamna sitt opphav, men Granvin og Ulvik kan også til ein viss grad seiast å ha ein del til felles. Det ser uansett ut til at Ulvik og Evanger blir kvart sitt ytterpunkt når det gjeld fordelinga av kristne og nordiske namneførerådene.

#### **10.1.3 Om dei leksikalske namna som er blant dei mest brukte i 1801**

Blant dei 45 leksikalske namna som er å finne blant dei mest brukte namna, er det 17 stykk som er med på topplista i minst tre område. Desse blir presentert i tabellen under, og namna som berre er å finne på topplista i eitt eller to område vil bli omtalt litt seinare i kapitlet. I tabellen under er dei mest sentrale namna rangert etter mengda område dei førekjem i, og deretter etter mengda namneførerådene. Verdiane syner kor stor prosentdel av namneførerådene i området som gjeld det aktuelle namnet.

Tabell 12: Dei leksikalske namna som er med på topplista i tre område eller meir, 1801

Nr	Namn	Evanger	Vangen	Vossestrand	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Mengd område der namnet er på topplista
1	Brita	11,45 %	12,26 %	10,59 %	8,32 %	7,65 %	11,56 %	6
2	Anna	9,71 %	8,19 %	9,41 %	11,09 %	9,66 %	12,10 %	6
3	Marita	5,07 %	9,94 %	5,41 %	5,74 %	7,44 %	7,53 %	6
4	Ingeborg	8,41 %	4,64 %	4,71 %	7,92 %	6,44 %	1,88 %	6
5	Kari	6,81 %	5,59 %	4,35 %	5,15 %	2,01 %	3,49 %	6
7	Gjertrud	4,64 %	4,59 %	4,94 %	2,57 %	2,62 %	3,23 %	6
6	Ragnhild	6,96 %	3,55 %	2,24 %	3,17 %	5,03 %	2,15 %	6
8	Guri	3,91 %	3,50 %	4,94 %	3,37 %	3,22 %	3,49 %	6
9	Guro	1,45 %	1,80 %	1,53 %	2,57 %	5,84 %	6,18 %	6
10	Sigrid	1,30 %	2,08 %	3,29 %	5,15 %	3,82 %	2,96 %	5
11	Kristi	-	2,32 %	1,29 %	6,93 %	4,63 %	4,30 %	5
12	Synneva	3,77 %	3,41 %	6,35 %	1,58 %	3,02 %	-	5
13	Ranveig	1,59 %	2,94 %	1,65 %	1,19 %	-	-	4
14	Eli	-	2,23 %	-	2,97 %	-	1,88 %	3
15	Jorunn	-	-	-	1,98 %	2,41 %	1,88 %	3
16	Gunnhild	-	-	1,41 %	-	2,01 %	2,69 %	3
17	Ragna	-	-	-	2,18 %	1,61 %	2,15 %	3

Blant dei mest brukte namna er det 10 stykk som finst i alle områda. Desse blir her omtala som kjernenamna. Fem av dei er kristne, medan fem er nordiske. Det betyr likevel ikkje at det er ei jamn fordeling av namneførekommstar mellom dei to namneoppfava. Dei kristne namna har flest belegg, og det er kanskje ikkje så overraskande når ein ser at dei tre mest brukte namna er kristne. Medan *Brita* er det mest brukte namnet i alle dei tre Vossaområda, er *Anna* det mest brukte namnet i alle dei tre Hardangerområda. *Marita* utgjer svært mange namneførekommstar på Vangen, prosentvis bortimot dobbelt så mange som på Evanger og Vossestrand. Dette er interessant, men det kan diskuterast om dette heng saman med bruken av namna *Marte* på Evanger og *Marta* på Vossestrand. *Marta* er hebraisk, og har etymologisk ikkje noko med *Marita* å gjere (NPL: 197), medan *Marte* vanlegvis skal vere ei form av gresk-latinske *Margrete* (NPL: 197), i likskap med *Marita* (NPL: 196). Det er likevel uvisst kor vidt desse namneformene kan ha blitt sett på som av same opphav i tida før 1801. Dersom ein slår saman bruken av *Marta*, *Marita* og *Marte*, finn ein at dei utgjer om lag 10 % av alle namneførekommstane i Vossaområdet i 1801. Noko av det same finn ein om ein ser på namnet *Ingeborg*. Dette namnet er meir brukt på Evanger enn på Vangen og Vossestrand, men

dersom ein tek med tala for namnet *Ingebjørg*, som berre er brukt på Vangen og Vossestrand, jamnar det seg ut. Det er vanskeleg å seie noko om kor vidt dette blei sett på som eitt eller to namn i 1801, men i NPL står det at *Ingeborg* berre skal ha vore ein skrivemåte av *Ingebjørg*, og at det ikkje kom i sjølvstendig bruk før på 1800-talet (NPL: 138). Namnet er også mykje brukt i Granvin og Ulvik, men overraskande lite i Eidfjord. Det tyske namnet *Gjertrud* er tydeleg meir brukt i Vossaområdet enn i Hardangerområdet, medan *Guro* er meir brukt i Hardanger enn på Voss.

Det er to leksikalske namn som er i bruk i fem område, og det mest interessante med desse er at dei begge manglar blant dei 20 mest brukte i kvart sitt geografiske ytterpunkt. Medan *Kristi* ikkje finst på Evanger, finst ikkje *Synneva* i Eidfjord. Det er også slik at bruken av dei to namna er tettare i det hovudområdet der namnet er representert blant dei mest brukte i alle dei tre områda.

Det er eitt namn som er blant dei 20 mest brukte namna i fire område, og det er nordiske *Ranveig*. Dette namnet er ikkje brukt i Ulvik og Eidfjord, og ser ut til å ha tyngdepunktet sitt på Vangen. Det er interessant å sjå at det ikkje er brukt i dei områda i Hardanger som ligg lengst vekk frå Voss.

Det er fire leksikalske namn som finst i tre område, og det mest interessante med desse er at alle fire ser ut til å ha tyngdepunktet sitt i Hardangerområdet. *Jorunn* og *Ragna* er berre å finne blant dei mest brukte i Granvin, Ulvik og Eidfjord, medan *Ragna* og *Eli* er brukt i to Hardangerområde og eitt Vossaområde.

Heile 11 leksikalske namn er å finne på topplista i to av områda, og desse er *Ingebjørg*, *Brytteva*, *Torbjørg*, *Gudve*, *Durdei*, *Ingrid*, *Sigvor*, *Lisbet*, *Cecilie*, *Anne* og *Katrine*. Når ein studerer desse namna kan ein spore eit ganske tydeleg geografisk mønster. Alle namna unntatt *Ingrid* held seg på topplistene i eitt av dei to hovudområda. *Ingrid* er å finne på topplista på Vossestrand og i Granvin. Saman med det som kom fram om namna brukt i fem og fire område, er dette veldig interessant i spørsmålet om det er mogleg å setje eit visst skilje mellom namngjevinga i Vossaområdet og i Hardangerområdet. Det kan vere interessant å kommentere eitt av namna brukt i to område. *Brytteva* er å finne blant dei 20 mest brukte namna på Evanger og Vossestrand, men ikkje på Vangen. Her kjem det ganske langt nede på lista, og spørsmålet er då om det er mogleg å kalle dette eit utkantnamn. Det vil ikkje vere

mogleg å svare på dette berre ut frå det ein ser av folketeljinga 1801, men det er noko å ta med vidare.

Det er heile 17 namn som berre er å finne blant topp 20 i eitt område, og dette er eit tydeleg teikn på at det er ein del variasjon mellom topplistene i dei ulike områda. Desse namna er *Marta, Marte, Mari, Barbro, Sygni, Inger, Helga, Marie, Begga, Anngunn, Magdalena, Herborg, Elisabet, Randi, Agate, Åsa* og *Barbara*. Nokre av namna er relativt mykje brukt i området ein finn dei i, medan mesteparten ikkje utgjer så veldig mange namneførekommstar. *Marta* og *Marte* har blitt diskutert tidlegare, men her kan det vere verdt å nemne at *Mari* er spesielt mykje brukt i Eidfjord med 3,23 % av namneførekommstane, medan *Barbro* ser ut til å vere spesielt mykje brukt på Evanger med 3,19 % av namneførekommstane i området.

#### **10.1.4 Samanlikning med andre**

I spørsmålet om modernisering er det interessant å vite noko om kor vidt det har vore stabilitet i den leksikalske namnemassen i tida før 1801. Tone Irene Ingebrigtsen (2008) studerte blant anna kvinnenamna på Voss i 1645 i masteroppgåva si, og noko av det ho gjorde var å stille opp dei mest brukte namna. Det kan slik vere mogleg å samanlikne dei 20 mest brukte kvinnenamna på Voss i 1645, med dei 20 mest brukte kvinnenamna på Vangen i 1801. Kor vidt det er relevant å gjere denne samanlikninga kan nok diskuterast, og bakgrunnen for det er den at koppskatten frå 1645 er ei veldig annleis kjelde enn kva folketeljinga 1801 er. Medan alle kvinnene i området blei talt med i folketeljinga, var det berre nokre få kvinner som blei registrert i koppskatten. Det kan vidare diskuterast kva for nokre kvinner dette var, og om dei samla sett bar namn som var representative for kvinnene som ikkje blei registrert. Det er slik tydeleg at ein analyse av namna i desse to kjeldene må gjerast med varsemd, men det kan vere verdt å gjere eit forsøk. Det er 23 leksikalske namn på topplista på Voss i 1645, då fire leksikalske namn deler 20. plassen (Ingebrigtsen, 2008: 36). Ei rask samanlikning av dei mest brukte namna i 1645 og 1801 syner at 10 av 24 leksikalske namn som var å finne på topplista på Voss i 1645, også er med på topplista på Vangen i 1801. Desse er *Guri, Ingeborg, Kari, Sigrid, Ragnhild, Gjertrud, Inger, Rannveig, Eli* og *Torbjørg*. Dersom ein tek i bruk litt meir samlande lemmatisering kan ein ta med ytterlegare fem leksikalske namn. Desse er *Marit* (for *Marita*), *Anne* (for *Anna*), *Berit* (for *Brita*), *Britt* (for *Brita*) og *Synnøve* (for *Synneva*). Denne vesle samanlikninga kan ikkje seie noko om kor vidt det har vore stabilitet eller endringar i namneforrådet i dei andre fem områda i perioden, men det ser ut til å vere

tydeleg at det kan ha vore relativt stor grad av stabilitet blant dei mest brukte kvinnenamna på Vangen mellom 1645 og 1801.

Erlend Tronæs har skrive om utviklingstrekk i bruk av namn i det gamle Ullensvang herad, og dei 20 mest brukte kvinnenamna er her brukt av 79,7 % av kvinnene (Tronæs, 2005: 9). I materialet mitt er det rekna ut kor stor del av namneforekomstane, og ikkje kvinnene, som er dekkja av dei 20 mest brukte namna, så utrekninga blir ikkje heilt den same. Sidan det er så få kvinner som har dobbelnamn i områda som her blir studert i 1801, bør det likevel vere mogleg å samanlikne desse tala. Med unntak av Evanger og Ulvik, utgjer også dei 20 mest brukte namna i Vossaområda og områda nord i Indre Hardanger rett i underkant av 80 % av namneforekomstane. Det ser slik ut til at områda er omtrent like akkurat på dette punktet. Dersom ein går djupare inn i materiala og studerer kva leksikalske namn det er som er mest brukt, finn ein at dei fire mest brukte namna i materialet for denne studien, er akkurat dei same som dei fire mest brukte namna i Ullensvang i 1801. Lemmatiseringspraksisen er ikkje den same, og det er difor ikkje mogleg å seie at denne samanlikninga blir heilt nøyaktig, men når ein ser alle områda samla finn ein at 14 av topp 20-namna i Ullensvang også finst på mi samla toppliste. Når ein ser Vossaområda for seg, finn ein at 13 av namna på topplista i Ullensvang er med her. I Hardangerområda er det 15 av 20, så det er slik tydeleg at Ullensvang har flest leksikalske namn felles med Hardangerområda. I likskap med i mitt materiale er det også i Ullensvang berre snakk om nordiske og kristne namn på topplista. Det er ikkje brukt -ina-namn, eller andre namn av anna opphav. Namna som finst på topplista i Ullensvang, men ikkje i mine område er *Margrete, Cecilie, Herborg, Ingeleiv, Gunnhild* og *Gjøa*.

## 10.2 Dei mest sentrale namna i 1865

Når ein slår saman dei 20 mest brukte leksikalske namna i alle områda i 1865, får ein fram til saman 45 leksikalske namn. Det er det same som i 1801. Etter lemmatisering av dei leksikalske namna, syner det seg at det i 1865 er to namn som deler 20. plass alle stader unntatt i Ulvik. Det betyr at medan Ulvik har 20 namn på lista i tabell 13, så har alle dei andre stadene med eitt ekstra namn. Dei mest brukte namna i kvart område er å finne i vedlegg 11.

### **10.2.1 Namnetettleiken til dei mest sentrale namna i 1865**

Ved å studere den kumulative frekvensen til dei 20 mest brukte namna, blir ein i stand til å oppdage eit ganske tydeleg skilje mellom områda på Voss og områda i Hardanger.

Namnetettleiken til dei 3, 10 og 20 mest brukte namna er å finne i tabell 13. Medan dei 20 mest brukte namneførekommstane i Hardanger dekkjer mellom 73,19 % og 75,22 % av den totale mengda namneførekommstar, dekkjer dei på Voss mellom 79,93 % og 86,71 %. Det er på Evanger at dei mest brukte namna utgjer mest, og i Eidfjord desse namna utgjer minst del av namneførekommstane, både når det gjeld topp 3, topp 10 og topp 20. Skiljet mellom dei to hovudområda har på dette punktet blitt mykje tydelegare i løpet av tiåra mellom dei to folketeljingane. Dei 20 mest brukte namneførekommstane utgjer ein litt mindre del av namneførekommstane i Hardanger i 1865, enn kva dei gjorde i 1801, og dette kan vere med på å syne ei viss grad av modernisering.

Tabell 13: Namnetettleiken i dei ulike områda, 1865

Område	Topp 3 utgjer	Topp 10 utgjer	Topp 20 utgjer
<b>Evanger</b>	35,01 %	69,16 %	86,71 %
<b>Vangen</b>	32,40 %	60,03 %	79,93 %
<b>Vossestrand</b>	32,96 %	66,01 %	82,82 %
<b>Granvin</b>	26,88 %	56,18 %	74,73 %
<b>Ulvik</b>	27,59 %	53,00 %	75,22 %
<b>Eidfjord</b>	24,51 %	50,97 %	73,19 %

### **10.2.2 Dei mest sentrale namna sitt opphav i 1865**

I likskap med i 1801, så er det også i 1865 dei kristne og dei nordiske namna som dominerer på topplistene, men det har også kome inn eitt tilfelle av eit namn av anna opphav. Dette namnet er *Oline*, og det må understrekast at det berre er med på topplista i eitt område. Totalt sett er 68,17 % av namneførekommstane kristne, medan 31,10 % er nordiske. Det betyr at dei kristne namna utgjer ein endå større del av namneførekommstane på den felles topplista enn dei gjorde i 1801, og der har slik skjedd ei veldig tydeleg utvikling i retning av at dei nordiske namneførekommstane forsvinn ut til fordel for kristne. Den same utviklinga ser ein også blant dei leksikalske namna i tabell nummer 14. I Eidfjord var til dømes 10 av 20 namn kristne i 1801, men i 1865 er det snakk om 15 av 21. Dei nordiske namna har også gått litt tilbake på Vossestrand, på Vangen er det stabilt, og på Evanger har dei nordiske namna hatt ein svak

oppgang. Det er likevel slik at dei leksikalske namna med nordisk opphav har hatt tilbakegang alle stader bortsett frå Evanger.

**Tabell 14: Dei 20 mest brukte namna sitt opphav i dei ulike områda, 1865**

<b>Område</b>	<b>Kristent opphav</b>		<b>Nordisk opphav</b>		<b>Anna opphav</b>	
	Leksikalske namn	Prosent namne- førekomstar	Leksikalske namn	Prosent namne- førekomstar	Leksikalske namn	Prosent namne- førekomstar
Evanger	12	67,15 %	9	32,85 %	0	0,00 %
Vangen	11	63,36 %	10	36,64 %	0	0,00 %
Vossestrand	9	60,80 %	11	34,86 %	1	4,34 %
Granvin	12	66,55 %	9	33,45 %	0	0,00 %
Ulvik	13	73,01 %	7	26,99 %	0	0,00 %
Eidfjord	15	78,17 %	6	21,83 %	0	0,00 %

### 10.2.3 Om dei leksikalske namna som er blant dei mest brukte i 1865

Dersom ein ser alle dei leksikalske namna som er å finne på ei eller fleire topplister i 1865, finn ein at det har forsvunne ut sju stykk sidan 1801. Desse er *Anngunn, Durdei, Magdalena, Randi, Åsa, Gunnhild og Marie*. Det er snakk om eit fleirtal av nordiske namn, og namna som kjem inn som nye på ei eller fleire topplister er *Kirsti, Inga, Madli, Margrete, Maria, Olina og Sara*. Her er det eit stort fleirtal av kristne namn, noko som speglar opphavsutviklinga som kom fram i førre avsnitt.

17 av dei 45 leksikalske namna som er med på ei eller fleire topplister, er å finne blant dei mest brukte namna i tre område eller meir. Desse er stilt opp i tabell nummer 15. Dei leksikalske namna som er med på topplistene i eitt og to område er å finne seinare i teksten.

**Tabell 15: Dei leksikalske namna som er med på topplista i tre område eller meir, 1865**

<b>Nr</b>	<b>Namn</b>	<b>Evanger</b>	<b>Vangen</b>	<b>Vosse- strand</b>	<b>Granvin</b>	<b>Ulvik</b>	<b>Eidfjord</b>	<b>Mengd område der namnet er blant topp 20</b>
1	Anna	14,45 %	9,44 %	8,50 %	14,25 %	12,39 %	8,82 %	6
2	Brita	13,58 %	12,53 %	13,07 %	6,32 %	9,32 %	9,52 %	6
3	Ingeborg	6,98 %	7,12 %	6,44 %	6,32 %	3,19 %	2,29 %	6
4	Kari	6,21 %	4,58 %	5,23 %	4,03 %	3,07 %	3,17 %	6
5	Guri	4,95 %	3,09 %	6,63 %	3,90 %	2,81 %	3,17 %	6

6	Synneva	3,88 %	2,71 %	5,14 %	2,42 %	1,79 %	3,53 %	6
7	Gjertrud	4,46 %	3,13 %	2,99 %	2,82 %	2,04 %	2,29 %	6
8	Ragnhild	5,43 %	2,67 %	1,49 %	3,49 %	2,04 %	1,94 %	6
9	Guro	1,65 %	2,95 %	1,31 %	2,02 %	5,24 %	3,70 %	6
10	Marta	5,92 %	10,42 %	11,39 %	5,11 %	3,70 %	-	5
11	Kristi	-	1,88 %	1,31 %	5,78 %	2,81 %	6,17 %	5
12	Sigrid	-	2,43 %	2,52 %	3,76 %	2,30 %	2,47 %	5
13	Eli	0,97 %	1,94 %	-	2,15 %	-	1,94 %	4
14	Ingebjørg	2,52 %	-	2,43 %	-	1,92 %	-	3
15	Maria	-	-	1,59 %	1,21 %	2,17 %	-	3
16	Ranveig	-	2,43 %	1,03 %	1,48 %	-	-	3
17	Sigvor	1,16 %	1,46 %	1,96 %	-	-	-	3

Det er ni leksikalske namn som finst på topplistene i alle dei seks områda. Fem av dei er av kristent opphav, og fire av dei er nordiske. Dersom ein tek utgangspunkt i den samla mengda namneførekommstar, syner det seg at *Brita* totalt sett er det mest brukte namnet i 1865, og det har slik halde på plasseringa si frå 1801. Namnet har hatt ein auke i prosentdelen namneførekommstar i alle områda unntatt Granvin og Eidfjord, og det er meir brukt i Vossaområdet enn i Hardangerområdet. *Anna* opprettheld også andrelassen, men når ein ser på prosenttala til dette namnet finn ein ei sprikande utvikling. Namnet har hatt ein nedgang på Vossestrand og i Eidfjord, men ein kraftig oppgang på Evanger og i Granvin, og også litt oppgang på Vangen og i Ulvik. *Ingeborg* har kome inn på tredjelassen, medan *Marita* har forsvunne langt ned på listene. *Marita* si utvikling er ganske interessant, for dette namnet finst i 1865 berre i to område, medan *Marta* har gått kome inn og gått sterkt fram i alle områda unntatt i Eidfjord. Etter ein rask kikk i SPSS-filene kan det sjå ut til at det i mange tilfelle handlar om ulike skrivemåtar av det same namnet. Ut frå alder og etternamn kan det i alle fall sjå ut til at det finst tilfelle der den same kvinnen har hatt namnet *Marita* i 1801, og *Marta* i 1865. *Synneva* er det einaste av kjernenamna som ikkje var brukt i alle områda i 1801. Det var ikkje med på topplista i Eidfjord i 1801, men er i 1865 blant dei sju mest brukte namna i Eidfjord, saman med eit anna namn.

Det er tre namn som er brukt i fem område, og det er *Marta*, *Kristi* og *Sigrid*. Det er litt interessant at *Marta* er brukt i alle områda unntatt Eidfjord, medan *Kristi* og *Sigrid* er brukt i alle områda bortsett frå Evanger. Det kan slik sjå ut til at desse to områda er dei som ligg lengst frå kvarandre geografisk, men kanskje også namnemessig. *Marta* er spesielt mykje brukt på Vangen og Vossestrand, medan *Kristi* ser ut til å vere mest brukt i Hardangerområda,

og då særleg Granvin. *Sigrid* var blant kjernenamna i 1801, og har fram mot 1865 hatt tilbakegang i alle område bortsett frå på Vangen.

Det er berre eitt namn som er brukt i fire område, og det er *Eli*. Dette namnet har sidan 1801 kome inn i Evanger, og finst også på topplistene på Vangen, i Granvin og i Eidfjord. Det ser slik ut til at det ikkje er noko spesielt geografisk mønster i bruken av dette namnet.

Blant dei leksikalske namna brukta i tre område finn ein tre nordiske namn, og eitt namn med kristent opphav. *Ranveig* er med på topplista på Vangen, Vossestrand og i Granvin, og har slik forsvunne ut av lista på Evanger. *Sigvor* er å finne i alle dei tre Vossaområda, og har styrka posisjonen sin ved å kome inn som nytt namn på Evanger. *Ingeborg* er å finne som ny på topplista på Evanger og i Ulvik. Dette namnet er også blant dei mest brukte namna på Vossestrand, men har forsvunne ut på Vangen etter 1801. *Maria* har kome inn som nytt namn på Vossestrand, i Granvin og i Ulvik.

Det er 12 leksikalske namn som er blant det mest brukte namna i to av dei seks områda. Desse er *Katrine*, *Marita*, *Anne*, *Marte*, *Elisabet*, *Madli*, *Torbjørg*, *Lisbet*, *Bryttega*, *Gudve*, *Margrete* og *Jorunn*. Tre av dei er nordiske, og resten er av kristent opphav. *Margrete* og *Madli* var ikkje med på denne topplista i 1801, og har slik kome inn som nye namn. *Elisabet* er å finne blant dei mest brukte på Evanger og i Granvin, og har også hatt framgang. *Marita* har hatt kraftig tilbakegang, men står likevel ganske sterkt i Ulvik og Eidfjord. Det same gjer *Katrine*. *Torbjørg* og *Bryttega* er å finne på topplistene på Evanger og Vossestrand, men ikkje på Vangen. Fem av dei 12 leksikalske namna som finst i to område er å finne både i eitt av Hardangerområda og i eitt av Vossaområda. Det syner at det skiljet ein kunne finne i 1801 må vere litt svakare i 1865.

Heile 16 av dei 45 leksikalske namna på den samla topplista er berre å finne blant dei mest brukte namna i eitt av områda, og desse er *Inger*, *Olina*, *Sara*, *Ingrid*, *Helga*, *Herborg*, *Cecilie*, *Mari*, *Barbro*, *Inga*, *Sygni*, *Kirsti*, *Barbara*, *Ragna*, *Agate* og *Begga*. Åtte av namna er nordiske, sju er av kristent opphav, og eitt har anna opphav. Namnet med anna opphav er *Olina*, og dette namnet kjem til å bli omtalt i kapitlet om -ina-namn. Dette er nok det namnet på topplista som representerer mest modernitet i namnesamanheng, og det er berre å finne på Vossestrand i 1865. Tre av namna brukta i eitt område var ikkje med på topplista i 1801, og desse er *Kirsti*, *Inga*, og *Olina* som allereie er nemnt. Det er også nokre av namna som har

forsvunne ut av topplista i eitt område, for så å ha kome inn på topplista i eit anna område. Det er også interessant å sjå namn som er relativt mykje brukt, men berre i eitt område, slik som *Inger*, som utgjer over 4 % av namneforekomstane på Vangen.

### **10.3 Dei mest sentrale namna i 1900**

Dersom ein samlar alle dei leksikalske namna som er å finne på ei eller fleire av topplistene i folketeljinga 1900, får ein fram til saman 43 leksikalske namn. Det er to leksikalske namn som deler 20. plassen på Evanger, Vossestrand og i Granvin, så desse stadene har med 21 namn på lista si. I vedlegg 12 ligg det ein tabell som syner dei mest brukte namna i kvart av dei seks områda.

#### **10.3.1 Namnetettleiken til dei mest sentrale namna i 1900**

Når det gjeld konsentrasjonen kring dei mest brukte namna, kan ein i tabell 16 sjå at topp tre utgjer størst del av namneforekomstane på Vossestrand og minst i Granvin. Topp 10 utgjer mest på Vossestrand og minst i Eidfjord, medan topp 20 utgjer mest på Vossestrand og minst i Granvin. Samla sett dekkjer topp 3, og for så vidt også topp 10 ein større del av namneforekomstane når ein ser på Vossaområda, enn når ein ser på Hardangerområda. Den kumulative frekvensen for dei 20 mest brukte namna steig i alle Vossaområda mellom 1801 og 1865, men gjekk svakt nedover i Hardangerområda. I år 1900 kjem det fram at den kumulative frekvensen har gått kraftig ned til 78,36 % på Evanger, og til 72,93 % på Vangen, men halde seg stabil ved 82,93 % på Vossestrand. I Hardanger har den kumulative frekvensen gått endå litt ned sidan 1865, bortsett frå i Eidfjord der den har gått litt opp, men den ligg gjennomsnittleg framleis på eit litt lågare nivå enn i Vossaområdet. Det at dei 20 mest brukte namna dekkjer stadig mindre av namneforekomstane må vere teikn på at det har blitt meir variasjon i namnforrådet.

**Tabell 16: Namnetettleiken i dei ulike områda, 1900**

Område	Topp 3 utgjer	Topp 10 utgjer	Topp 20 utgjer
<b>Evanger</b>	34,64 %	62,48 %	78,36 %
<b>Vangen</b>	33,84 %	55,98 %	72,93 %
<b>Vossestrand</b>	36,18 %	68,27 %	82,93 %
<b>Granvin</b>	26,24 %	52,62 %	72,01 %
<b>Ulvik</b>	28,80 %	53,92 %	73,53 %
<b>Eidfjord</b>	26,81 %	51,15 %	74,60 %

### 10.3.2 Dei mest sentrale namna sitt opphav i 1900

I tabell nummer 17 blir det tydeleg at dei kristne namnene førekommstane dominerer endå sterke enn tidlegare, og utgjer omlag 64-79 % av namnene førekommstane på topplistene i dei ulike områda. Det er i Ulvik og Eidfjord at dei kristne namnene førekommstane står aller sterkest, og på Vossestrand og Vangen at dei står svakast. Dei nordiske namna dekkjer alt frå i underkant av 21 til 33 % av namnene førekommstane på topplista i sitt område, og det er i Granvin det er flest nordiske, og i Ulvik at det er færrest nordiske namnene førekommstar. Områda ligg geografisk svært tett kvarandre, men namnemessig er dei likevel langt frå kvarandre i dette spørsmålet, og Granvin ser slik ut til å ha meir felles med Vossaområda når det gjeld opphav i år 1900. Det har også kome inn namnene førekommstar av namn med anna opphav på Vangen, i tillegg til på Vossestrand der dette allereie fanst i 1865. Det er færrest leksikalske namn med kristent opphav på Vangen, og ikkje uventa færrest leksikalske nordiske namn i Ulvik.

**Tabell 17: Dei 20 mest brukte namna sitt opphav i dei ulike områda, 1900**

Område	Kristent opphav		Nordisk opphav		Anna opphav	
	Leksikalske namn	Prosent namne-førekommstar	Leksikalske namn	Prosent namne-førekommstar	Leksikalske namn	Prosent namne-førekommstar
<b>Evanger</b>	14	71,51 %	7	28,49 %	0	0,00 %
<b>Vangen</b>	10	65,50 %	9	32,30 %	1	2,20 %
<b>Vossestrand</b>	12	64,09 %	8	31,82 %	1	4,09 %
<b>Granvin</b>	12	66,87 %	9	33,13 %	0	0,00 %
<b>Ulvik</b>	15	79,17 %	5	20,83 %	0	0,00 %
<b>Eidfjord</b>	13	76,12 %	7	23,88 %	0	0,00 %

### 10.3.3 Om dei leksikalske namna som er blant dei mest brukte i 1900

Det har skjedd litt endringar i kva leksikalske namn som er med på topplistene når ein kjem til år 1900. *Kirsti, Agate, Anne, Begga, Cecilie, Jorunn, Mari, Marte* og *Ragna* har forsvunne ut. *Gunnhild* og *Marie* som var å finne på topplistene i 1801 har kome inn att, og *Berte, Helene, Johanna, Jørgina* og *Kristina* er nye på topplistene. 18 av dei 43 leksikalske namna som er å finne på ei eller fleire av topplistene, er med i tre eller fleire område i år 1900. Desse er å finne i tabell 18, medan namna som berre er å finne på to eller éi enkelt toppliste, blir omtalt seinare i teksten.

Tabell 18: Dei leksikalske namna som er med blant topp 20 i tre område eller meir, 1900

Nr	Namn	Evanger	Vangen	Vossestrand	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Område
1	Anna	15,62 %	12,79 %	10,85 %	13,99 %	14,34 %	11,99 %	6
2	Brita	10,91 %	10,96 %	11,60 %	6,56 %	6,50 %	10,23 %	6
3	Gjertrud	2,62 %	1,98 %	1,86 %	1,90 %	1,84 %	2,82 %	6
4	Guri	3,93 %	2,83 %	4,55 %	2,92 %	2,70 %	2,12 %	6
5	Kari	5,32 %	2,99 %	3,62 %	3,64 %	4,04 %	2,47 %	6
6	Marta	8,12 %	10,09 %	13,73 %	4,52 %	7,97 %	2,29 %	6
7	Synneva	2,01 %	2,13 %	4,27 %	2,19 %	2,45 %	4,06 %	6
8	Guro	-	2,51 %	1,58 %	1,46 %	3,06 %	3,88 %	5
9	Ingebjørg	3,32 %	5,87 %	4,36 %	2,92 %	4,66 %	-	5
10	Ingeborg	4,10 %	2,18 %	9,28 %	5,10 %	-	3,00 %	5
11	Kristi	-	1,53 %	1,39 %	5,69 %	3,31 %	3,88 %	5
12	Maria	1,83 %	1,61 %	1,02 %	-	1,10 %	3,00 %	5
13	Sigrid	-	2,11 %	1,58 %	4,08 %	2,70 %	2,12 %	5
14	Margrete	-	1,76 %	-	2,04 %	2,57 %	2,82 %	4
15	Elisabet	1,92 %	-	-	1,90 %	1,10 %	-	3
16	Johanna	0,96 %	-	-	-	1,59 %	2,29 %	3
17	Marie	2,01 %	1,93 %	1,39 %	-	-	-	3
18	Ragnhild	6,28 %	1,88 %	-	3,21 %	-	-	3

I år 1900 er det sju namn som finst på topplistene i alle dei seks områda. Heile seks av desse er kristne, og dette kan vere med på å syne utviklinga mot stadig meir bruk av namn med kristent opphav. *Anna* og *Brita* er framleis dei mest brukte, og i denne folketeljinga er det *Anna* som er aller mest brukt. Når det gjeld *Brita*, så er dette namnet tydeleg meir brukt i Vossaområdet og i Eidfjord, enn kva det er i Granvin og Ulvik. *Guri* er tydeleg meir brukt i Vossaområda enn i Hardangerområda, og det har hatt ein nedgang i alle områda sidan 1865. *Marta* har fått endå tydelegare feste i 1900. Det er relativt sett mindre brukt i Granvin og Ulvik enn kva det var i 1865, men det har til gjengjeld kome inn på topplista i Eidfjord og fått styrka posisjon i dei andre områda. Namnet *Synneva* blir meir brukt i Ulvik og Eidfjord enn kva det blei i 1865, men det har hatt tilbakegang i Granvin og i dei tre Vossaområda.

Det er til saman seks leksikalske namn som er med på topplistene i fem område. Halvparten av desse er nordiske, og halvparten har kristent opphav. Det er litt interessant at tre av desse namna ikkje er å finne på Evanger, medan eitt av dei ikkje er å finne i Eidfjord, då desse områda står fram som to geografiske ytterpunkt. *Ingebjørg* har gått frå å vere med på to topplister i 1801, til å vere med på tre i 1865, før det er å finne på fem topplister i 1900. Det er

ein svært tydeleg framgang, og det kan diskuterast om dette kanskje har samanheng med utviklinga til namnet *Ingeborg*, då det har hatt tydeleg nedgang gjennom perioden. *Kristi* sto veldig sterkt i Granvin og i Eidfjord i 1865, men har i 1900 hatt litt tilbakegang særleg i Eidfjord. *Maria* har kome til på to nye topplister sidan 1865. Det kan diskuterast om ein bør sjå utviklinga til dette namnet i samanheng med utviklinga til *Marie*, men dette namnet har også hatt framgang. *Marie* var ikkje med på topplista i 1865, men finst i dei tre Vossaområda i 1900.

*Margrete* er det einaste leksikalske namnet som er å finne i fire område, og det ser ut til å vere eit namn som er typisk for Hardanger i 1900, men det finst også på Vangen.

Blant dei fire leksikalske namna som er brukt i tre område, er det eitt som er nordisk, medan resten er kristne. Her kan det vere verdt å trekke fram namnet *Ragnhild*. Dette namnet var med på topplistene i alle dei seks områda i 1801 og 1865, og har slik gått kraftig tilbake fram mot 1900. Det er likevel slik at namnet står sterkare enn tidlegare på Evanger, med heile 6,28 % av namneforekomstane i 1900. *Johanna* er eit nytt namn på topplistene i 1900.

Det er 10 leksikalske namn som er med i to område, og desse er *Bryttega*, *Gudve*, *Herborg*, *Inger*, *Katrine*, *Kristina*, *Madli*, *Olina*, *Ranveig* og *Torbjørg*. Fem av desse er nordiske, fire er av kristent opphav, og eitt av namna har anna opphav. I likskap med i 1801 ser det også i 1900 ut til å vere eit visst mønster i det at dei leksikalske namna som er å finne på to topplister ikkje kryssar grensa mellom Voss og Hardanger. I 1900 er det riktig nok to namn som gjer dette, men det er i denne samanhengen interessant å peike på det at det då er snakk om *Ranveig* som fins på Vangen og i Granvin, og *Torbjørg* som finst på Evanger og i Granvin, då Granvin er det området som geografisk sett ligg nærmest Voss. *Katrine* er framleis mykje brukt i Ulvik og Eidfjord, medan *Bryttega* framleis held seg på Evanger og Vossestrand. *Olina* var med på topplista på Vossestrand i 1865, og har no også spreidd seg vidare til Vangen.

Det er totalt 15 leksikalske namn som er blant dei mest sentrale namna i eitt område i år 1900. Desse er *Barbara*, *Barbro*, *Berte*, *Eli*, *Gunnhild*, *Helene*, *Helga*, *Inga*, *Ingrid*, *Jørgina*, *Lisbet*, *Marita*, *Sara*, *Sigvor* og *Sygni*. Fem av desse er nordiske, og resten har kristent opphav. *Jørgina*, som er å finne på Vossestrand, er her eit interessant namn, då det er det andre -inanamnet som er å finne på topplista. Det er også interessant å sjå at *Marita* har forsvunne ut

alle andre stader enn i Eidfjord, men at det til gjengjeld utgjer heile 4,59 % av namneforekomstane der.

#### **10.3.4 Samanlikning med andre**

I Erlend Tronæs sitt materiale frå Ullensvang i folketeljinga 1900, kjem det fram at dei 20 mest brukte kvinnenamna er brukt av totalt 73,4 % av kvinnene i år 1900 (Tronæs, 2005: 10). Det ser ut til å vere om lag like stor del som dei 20 mest brukte namna i Ulvik utgjer av namneforekomstane i området, og heller ikkje så langt frå det dei 20 mest brukte namna utgjer i Granvin, Eidfjord og på Vangen. Utrekninga blir som i 1801 ikkje heilt riktig, då Tronæs reknar ut frå mengda kvinner, men det er likevel tydeleg at områda ikkje ligg så langt frå kvarandre på dette punktet. Evanger og Vossestrand skil seg frå Ullensvang ved at dei 20 mest brukte namna utgjer ein mykje større del av den totale mengda namnforekomstar. Når ein ser alle områda samla finn ein at 15 av dei 20 namna som er mest brukt i Ullensvang, også er å finne på den samla topplista for mine område. Dersom ein ser Vossaområda og Hardangerområda for seg, syner det seg at 16 av 20 namn er felles mellom Vossaområda og Ullensvang, og 15 av 20 namn er felles mellom Hardangerområda og Ullensvang. Det betyr at Ullensvang og Vossaområda er meir like når det gjeld dei mest brukte namna i 1900, enn kva dei var i 1801, medan Hardangerområda held seg på same stad som i 1801. I Ullensvang er det i år 1900 berre med kristne og nordiske namn på topplista, akkurat som i 1801, men i områda som gjeld denne studien, har det snike seg inn eit namn med anna opphav. Dette er avleiingsnamnet *Oline*, og det er berre med på topplista i Vossaområdet.

## **11. Dei leksikalske namna si utvikling gjennom folketeljingane**

Det er brukt ei heil rekje forskjellige leksikalske namn i folketeljingane det her er snakk om. Nokre har blitt registrert i alle dei tre folketeljingane, medan andre forsvinn ut etter folketeljinga 1801 eller 1865. Nokre er nye i 1865, og aukar eller minkar så i bruk fram mot 1900, og nokre er nye i 1900. Dette er interessant av fleire grunnar. For det fyrste kan ein her få eit tydeleg bilet av utviklinga til dei leksikalske namna, både når det gjeld forholdet mellom stabilitet og endring i det leksikalske namneforrådet, og når det er snakk om utviklinga i kva namneoppav som ser ut til å dominere i dei ulike folketeljingane.

Når ein skal studere utviklinga i bruken av dei leksikalske namna kan ein diskutere kva ein skal sjå etter. Dersom ein til dømes ser på namnet *Brita*, så finn ein at dette namnet har 551 førekommstar i 1801, 818 førekommstar i 1865 og 842 førekommstar i 1900. Ein ser slik at dette namnet har hatt ei positiv utvikling når det gjeld mengda førekommstar, men når det er snakk om prosentdelen namneførekommstar som dette namnet utgjer, så har *Brita* hatt ein nedgang mellom 1801 og 1900 frå 10,96 % til 10,15 % av den totale mengda namneførekommstar. Når ein ser på rangen, finn ein at namnet er det mest brukte i 1801 og 1865, men at det har gått ned til andre plass i 1900. Det er slik fleire ting ein må ta omsyn til når ein skal diskutere kor vidt eit namn har gått fram eller tilbake, og dette blir forsøkt gjort i dei vidare avsnitta.

### **11.1 Dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1801**

Det er 26 leksikalske namn som er med eitt eller fleire av områda i folketeljinga 1801, men som har forsvunne ut i 1865 og i 1900. Desse er å finne i vedlegg 13. Fem av namna er kristne, sju er nordiske, tre er av anna opphav, og heile 11 er av usikkert opphav. Ingen av desse namna har spesielt mange førekommstar, og dei fleste finst berre i eitt av områda. Det er slik sett ikkje så overraskande at dei forsvinn ut, men det er verdt å merke seg at det her er snakk om fleire nordiske enn kristne namn. Fleire av namna med usikkert opphav er veldig uvanlege, og det er mogleg at fleire av desse eigentleg skal førestille andre namn, men at det på eitt eller anna tidspunkt har skjedd skrivefeil.

Dei to leksikalske namna som er mest brukta før dei forsvinn ut, er *Unne* som har ni førekommstar, og *Andri* som har til saman seks førekommstar. *Unne* finst berre på Vossestrand, men ein kan diskutere kor vidt dette namnet eigentleg berre er brukta i 1801, då dei ganske like leksikalske namna *Unni* og *Unna* er brukta i dei to andre folketeljingane. *Andri* er brukta både

på Evanger og Vangen, og det er usikkert kva opphav dette namnet har. Det er to leksikalske namn som har to førekommstar kvar i 1801, og desse er *Gaukje* som finst i Ulvik og Eidfjord, og *Gislaug* som finst på Evanger og Vossestrand. Når det gjeld dei nordiske namna som berre er med i 1801, så er desse *Anngjerd*, *Domhild*, *Gislaug*, *Gro*, *Torgunn*, *Unne* og *Valgjerd*.

## 11.2 Dei leksikalske namna som er med i folketeljinga 1801 og 1865

Det er 10 leksikalske namn som er med i folketeljinga 1801 og folketeljinga 1865, men som ikkje er å finne i nokon av områda i år 1900. Desse er å finne i vedlegg 14, og det er her snakk om *Katla*, *Torhild*, *Torunn*, *Åshild*, *Kornelie*, *Mariana*, *Milda*, *Eddi*, *Herlaug* og *Hildebjørg*. Fire av desse er nordiske, tre er kristne, og tre er av anna opphav. Det syner seg slik at det er fleire nordiske enn kristne namn som forsvinn ut også etter folketeljinga 1865, og det er slik tydeleg at det er ein tendens til at det er nordiske leksikalske namn som forsvinn ut frå namneforrådet. Når det gjeld namna som er av anna opphav, så er *Herlaug* nylaga av nordiske namneledd (NPL: 125), og *Hildebjørg* omlaga form av tyske *Hildeborg* (NPL: 128). *Eddi* er truleg tysk (NPL: 65).

Av alle desse namna, så er det *Katla* som syner den mest dramatiske nedgangen før det forsvinn ut. Dette namnet er å finne i alle områda med til saman 17 førekommstar i 1801, men berre på Vangen med to førekommstar i 1865. Dei andre nordiske namna syner også ein tydeleg nedgang før dei forsvinn ut, sjølv om dei har færre førekommstar i utgangspunktet. *Torhild* og *Torunn* finst begge på Vangen med fire førekommstar i 1801, og på Vangen med ein førekomst i 1865. *Åshild* og *Eddi* finst begge i Eidfjord med tre førekommstar i 1801, og på same stad med éin førekomst i 1865. Resten av namna er berre registrerte med éin førekomst i kvar av dei to folketeljingane, og syner slik ikkje nokon nedgang før dei forsvinn ut i 1900.

## 11.3 Dei leksikalske namna som er med i 1801 og 1900, men ikkje i 1865

Det er ti leksikalske namn som er brukt i 1801 og i 1900. Desse er *Alis*, *Birte*, *Drude*, *Maren*, *Marit*, *Mildrid*, *Rakel*, *Silla*, *Borgny* og *Torborg*. Desse er å finne i vedlegg nummer 14, men ingen av namna er spesielt mykje brukt i nokon av periodane, og det er slik sett ikkje så mykje å kommentere.

## **11.4 Dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1865**

Det er 46 leksikalske namn som berre er med i folketeljinga 1865, og desse er å finne i ein tabell i vedlegg 16. Ein kan vente at denne gruppa inneheld leksikalske namn som ikkje blei etablerte som vanlege etter at dei kom inn, og ein kan slik rekne med at dette er namn med få førekomstar. Det ser ut til å stemme, for dei aller fleste namna har berre éin førekomst, fem namn har to førekomstar, og to leksikalske namn har tre førekomstar. Det er slik tydeleg at dei aller fleste namna her berre er einstaka døme, og av namna som utgjer meir enn éin førekomst er det berre eitt som finst i to område. Det mest interessante i denne samanhengen, er kanskje å studere kva opphav namna som berre er med i denne folketeljinga har. 16 av namna har kristent opphav, eitt har nordisk opphav, åtte har anna opphav og heile 21 har usikkert opphav. Det er her veldig interessant at det berre er snakk om eitt leksikalsk namn med nordisk opphav, og dette er *Ellida*. Det at det ikkje er fleire kan vere med på å illustrere det at dei nordiske namna har mykje nedgang. Blant namna som berre er å finne i 1865 er det heller ikkje så overraskande at ein finn ei rekkje namn med usikkert opphav. Eksempel på dette er *Asliana, Atelie, Bendette, Berti, Bertilde, Bittha, Ceverdine, Chari, Chelja, Dyvat, Elvina, Gundelle, Gunov, Henritti, Jarolino, Madoli, Madolin, Marigo, Maro, Massi, Ovidia, Raiend* og så vidare. Det er mogleg at nokre av desse namna er resultat av skrivefeil i registreringa av namnet, eller tolkingsfeil eller skrivefeil i arbeidet med å digitalisere folketeljinga.

Dersom ein ikkje berre studerer namna sitt opphav i dei fire opphavskategoriene, men også går inn og studerer om ein kan finne bestemte namnetypar, syner det seg at heile 16 av namna er avleiingsnamn. Ni av desse er -ina-namna *Rikolina, Talina, Torstina, Elvina, Mikkelina, Rasmina, Sakrina, Ceverdina* og *Elverdina*. *Mikkelina* har to førekomstar, medan resten utgjer éin førekomst kvar. Av andre avleiingsnamn finn ein *Jakobia, Kaspara, Ovidia, Ulrikke, Bendette, og Gundelle*. Desse avleiingsnamna syner noko nytt og moderne samanlikna med kva ein kunne finne i 1801, men ein del av dei er ganske uvanlege, og det er slik sett ikkje så overraskande at dei ikkje er å finne i folketeljinga 1900.

## **11.5 Dei leksikalske namna som er med i 1865 og 1900**

Det er heile 63 leksikalske namn som er brukt i folketeljinga 1865 og folketeljinga 1900. Desse er å finne i vedlegg 17. Heile 47 av desse går opp i bruk mellom dei to teljingane, både når det gjeld frekvens og relativ frekvens av den totale mengda namneførekomstar, medan åtte har nedgang og åtte er stabile.

Namna som har nedgang er *Marjo*, *Unna*, *Georgina*, *Lisa*, *Mette*, *Nikolina*, *Sunniva* og *Iverina*. Eitt av namna har usikkert opphav, eitt har nordisk opphav, fem har kristent opphav og eitt har anna opphav. Det er her *Marjo* som har den tydelegaste nedgangen, men namnet er likevel brukt i dei tre Vossaområda både i 1865 og i 1900. *Unna* har relativt sett ein nedgang, men går frå å berre vere brukt på Vossestrand til å vere brukt både på Vangen og Vossestrand. Tre av namna er -ina-namn, og det er litt interessant at desse har nedgang. Det er kanskje ikkje så overraskande at *Sunniva* har nedgang, for dersom ein tek ein kikk på *Synnøve*, finn ein at dette namnet har oppgang i perioden mellom 1865 og 1900.

Når det gjeld namna som held seg stabile, så syner det seg at alle saman har ein førekomst kvar i begge dei to folketeljingane. Eitt av desse er kristent, fire er nordiske og tre er av anna opphav. Alle namna av anna opphav er avleiingsnamn, og det er også det kristne namnet.

Av dei leksikalske namna som har oppgang mellom 1865 og 1900, så finn ein 34 kristne, tre nordiske og 10 med anna opphav. Det er slik tydeleg at dei nordiske leksikalske namna på dette tidspunktet har ein større tendens til å forsvinne ut av namneførrådet, enn til å kome inn i det. Blant namna som har hatt oppgang, kan ein forvente å finne namn som var lite brukt i 1865, og som har fått svak oppgang i 1900, men også namn som allereie var ganske mykje brukt i 1865, og som i 1900 verkeleg har slått gjennom som mykje brukte leksikalske namn. Det mest tydelege eksemplet på det siste er *Olina*. Det er brukt i alle områda bortsett frå i Ulvik i 1865, og er i 1900 brukt i alle områda. Det går frå å utgjere 60 til å utgjere 119 namneførkomstar, og utgjer totalt 1,44 % av den totale mengda namneførkomstar i år 1900. Det nest mest brukte namnet som kom inn som nytt i 1865 er *Madli*, og det tredje mest brukte er *Jørgina*. Totalt sett har 13 av -ina-namna som kom inn i 1865, hatt positiv utvikling fram mot folketeljinga 1900. Det er eit stort fleirtal, og syner at dette er ein namnatype som samla sett ser ut til å vere på veg oppover i områda i år 1900. Det er også seks leksikalske namn som er andre avleiingar som har positiv utvikling.

## 11.6 Dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1900

Det var totalt 109 leksikalske namn som var «nye» i 1865, og i 1900 er det endå fleire. I denne folketeljinga er det heile 148 leksikalske namn som ikkje har vore å sjå i dei to førre folketeljingane. Desse er å finne i vedlegg 18, og 69 er kristne, 16 nordiske, 45 har anna

oppav, og 18 har usikkert oppav. Totalt utgjer desse namna 324 namneførekommstar, så det er tydeleg at dei i snitt ikkje utgjer så mange namneførekommstar kvar. Dei nordiske namna spelar framleis ei svært lita rolle i gruppa av nye namn, men relativt sett er det fleire nye nordiske leksikalske namn i 1900, samanlikna med kva det var i 1865. Det kan slik sjå ut til at desse namna har hatt ein svak oppgang.

20 av dei leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1900, utgjer minst fem namneførekommstar kvar, og desse er presentert i tabellen nedanfor. Det er her svært interessant at dei nordiske namna *Gudrun* og *Astrid* faktisk er dei mest brukte av namna som er nye i folketeljinga 1900, då både dei nordiske leksikalske namna, og dei nordiske namneførekommstane generelt har opplevd nedgang fram mot 1900. Det er ytterlegare tre leksikalske namn som er nordiske blant dei 20 mest brukte som har kome inn i 1900. Det er interessant at det kjem inn fleire nye nordiske namn i 1900 enn i 1865, og desse namna vil bli diskutert i kapittel 15. Fem av dei leksikalske namna som har meir enn fem førekommstar er av anna oppav, og fleire av dei kristne namna er ikkje typisk greske, hebraiske eller henta frå latin. *Tea*, *Ida*, *Dina* og *Emma* er kortformer, og det ser ut til at mange av namna som er nye i 1900 er ganske korte. No er det slik at namnelengd er noko som er vanskeleg å diskutere, då det er mogleg at det har vore ein del variasjon mellom namna sin uttale og skriftform, og det er også ei utfordring at det finst fleire skrivevariantar bak mange av dei leksikalske namna. Desse kan ha variert mengd stavingar, og det er slik vanskeleg å studere namnelengd på ein skikkeleg måte i eldre folketeljingar.

**Tabell 19: Dei mest brukte leksikalske namna som berre er med i folketeljinga 1900**

Nr	Leksikalsk namn	Oppav	Frekvens	% av den totale mengda namneførekommstar
1	Gudrun	Nordisk	14	0,17 %
2	Astrid	Nordisk	10	0,12 %
3	Emma	Anna oppav	9	0,11 %
4	Bolette	Anna oppav	8	0,10 %
5	Petra	Kristent	8	0,10 %
6	Hilda	Nordisk	8	0,10 %
7	Signe	Nordisk	8	0,10 %
8	Jenny	Kristent	7	0,08 %
9	Julie	Kristent	7	0,08 %
10	Margit	Kristent	7	0,08 %
11	Ida	Anna oppav	6	0,07 %

12	Olga	Anna opphav	6	0,07 %
13	Amanda	Kristent	6	0,07 %
14	Annette	Kristent	6	0,07 %
15	Dina	Kristent	6	0,07 %
16	Paulina	Kristent	6	0,07 %
17	Valborg	Anna opphav	5	0,06 %
18	Klara	Kristent	5	0,06 %
19	Tea	Kristent	5	0,06 %
20	Gerda	Nordisk	5	0,06 %

## 11.7 Dei leksikalske namna som er med i alle dei tre folketeljingane

Det er totalt snakk om 98 leksikalske namn som er med i alle dei tre folketeljingane, og desse utgjer totalt 25 % av dei leksikalske namna ein finn når ein ser alle dei tre folketeljingane samla. Tabellen som syner alle desse namna er å finne i vedlegg 19. 52 stykk er av kristent opphav, 41 er av nordisk opphav, og fem har anna opphav.

Dersom ein slår saman alle desse leksikalske namna i 1801, finn ein at dei faktisk utgjer 98,07 % av den totale mengda namneførekommstar i denne teljinga. Det må bety at dei namna som utgjorde mesteparten av namneførekommstane i 1801, framleis er ein del av det leksikalske namneforrådet i 1900. Dersom ein slår saman alle desse namna i 1865, finn ein at dei utgjer 95,05 % i denne folketeljinga, og dersom ein slår saman namna i 1900 finn ein at dei utgjer 88,2 % av namneførekommstane i den teljinga.

Det ser ut til at mange av dei kristne leksikalske namna er ganske stabile i frekvens frå 1801 til 1900, men at dei får ein prosentvis nedgang når det gjeld mengda namneførekommstar. Dette betyr ikkje at namna med kristent opphav blir mindre brukt i områda, men heller at det blir større variasjon i kva kristne namn som blir tatt i bruk. Det er likevel ein del kristne leksikalske namn som har ein tydeleg oppgang i perioden på nesten hundre år. Desse er særleg *Anna*, *Berte*, *Helena*, *Johanna*, *Kirsti*, *Kristina*, *Margrete*, *Maria*, *Marie*, *Marta* og *Sara*. Det er her litt interessant at det berre er *Berte* som ikkje har ei eller anna form for gresk, hebraisk eller latinsk opphav. Det er også nokre kristne namn som har svært tydeleg nedgang, og desse er *Magdalena*, *Marita* og *Marte*. Det er her interessant å sjå utviklinga av *Madli* og *Magli* i forhold til *Magdalena*, og *Marta* i forhold til *Marita* og *Marte*, då det ser ut til at nedgangen i det eine namnet kanskje kan vere med på å forklare oppgangen til det andre.

Dei fleste nordiske leksikalske namna som er med i alle dei tre folketeljingane, har relativt sett nedgang i løpet av perioden, men det er også nokre få som får ein oppsving. Desse er til dømes *Ingebjørg* og *Inger*. Særleg *Ingebjørg* har sterk vekst, men dette er kanskje ikkje så overraskande når ein ser på nedgangen til namnet *Ingeborg*. Det ligg likevel eit interessant spørsmål i kvifor den eine skrivemåten ser ut til å til ei viss grad erstatte den andre.

Namna som er av anna opphav er ikkje spesielt mykje brukt, og nokre utgjer berre ein eller to førekommstar i alle dei tre teljingane. *Dønåt* har ein tydeleg nedgang i perioden, og det same har *Sigtrud*. *Henrikke* har derimot litt oppgang, og dette er ikkje så overraskande med tanke på at det er eit avleiingsnamn. Det er ingen namn med usikkert opphav som er med i alle dei tre folketeljingane.

Leiv Heggstad har skrive om namna på Voss i matrikkelen frå 1906, og her skriv han litt om kor lenge namna har funnest på Voss. Her kjem det fram at mange av namna som er med i eitt eller fleire område i alle dei tre folketeljingane, er namn som har vore i Vossaområdet i lang tid. Han syner her både til nordiske og til innlånte namn, og namn som til dømes *Brynhild*, *Gunnhild*, *Guri*, *Guro*, *Gjøa*, *Helga*, *Herborg*, *Ingebjørg*, *Inger*, *Gjertrud*, *Jorunn*, *Ragnhild*, *Sigrid*, *Tora*, *Torbjørg*, *Åsa*, *Eli* og *Margrete*, meiner Heggstad at har vore å finne i Vossaområda sidan ein gong mellom 1300- og 1400-talet (Heggstad, 1923: 11-12). Han syner vidare til *Bothild*, *Gunnvor*, *Ingrid*, som skal ha vore å finne mellom 1400- og 1500, *Gudve*, *Gunnbjørg*, *Ranveig*, *Sigvor*, *Anna*, *Barbro*, *Brita*, *Brytteva*, *Kari* og *Marta*, som har vore å finne sidan 1500-1600-talet, og *Asgjerd*, *Begga*, *Borghild*, *Hallbjørg*, *Ablu*, *Berte*, *Durdei*, *Dønåt*, *Katrine*, *Kirsti*, *Kristense*, *Kristi*, *Lisbet*, *Mari*, *Maria*, *Cecilie*, *Sofie* og *Susanna*, som skal ha vore å finne sidan ein gong mellom år 1700 og 1800 (Heggstad, 1923: 11-12). Alle desse namna er å finne i alle dei tre folketeljingane det her er snakk om, og det er slik tydeleg at mykje av stabiliteten ein finn i namneforrådet på 1800-talet ser ut til å allereie ha eksistert i fleire hundre år.

## **12. Kvinnene med dobbelnamn**

Ole-Jørgen Johannessen skriv at «Den viktigste endringen som finner sted innenfor personnavnstrukturer og personnavnforrådet i annen halvdel av 1600-tallet, er det fenomen at en og samme person kan få mer enn ett fornavn» (Johannessen, 2011: 92). Denne namnetypen blir i daglegtalen gjerne kalla dobbelnamn, men Johannessen påpeikar at denne nemninga ikkje er allment akseptert som fagterm (Johannessen, 2011: 92). Han syner vidare til kva termar fleire namnforskarar vel å bruke i sine arbeid, og her kjem det fram at Terje Aarset kallar det ‘dobbeltmann’, at Ivar Utne nyttar termen ‘doble fornamn’, og at Eva Villarsen Meldgaard brukar fleire nemningar, som til dømes ‘fleirnamnskombinasjonar’ og ‘to fornamn’ eller ‘tre fornamn’ (Johannessen, 2011: 92). Johannessen nyttar i denne artikkelen sjølv termen ‘dobbeltmann’. Terje Aarset skildrar namnet som står plassert fremst som fyrstenamn, og namna som kjem bak som tilleggsnamn (Aarset, 1983: 90). Han syner så vidare til Kristoffer Kruken sitt arbeid om namn i Leksvik, der det kjem fram at han kallar namn nummer to for andrenamn, og namn nummer ein for fyrstenamn. (Aarset, 1983: 90). Gudlaug Nedreli har gjort det same når ho skriv at «Eg omtalar, når det er påkreva å skilja mellom fleire førenamn, det første som fyrstenamn, og fylgjande namn som andrenamn, tredjenamn osv.» (Nedreli, 1998: 16). I likskap med Kruken, Nedreli og Johannessen, har eg valt å nytte meg av termen ‘dobbeltmann’. Akkurat som Nedreli, vil eg kalle det dobbeltmann både når det er snakk om to og tre fornamn, og termane første-, andre- og tredjenamn blir vidare brukt for å skildre plasseringa til dei leksikalske namna i dobbeltmann.

Gullbrand Alhaug syner til både Terje Aarset og Gudlaug Nedreli når han skriv at dobbeltnamna frå starten av var eit kystfenomen (Alhaug, 2003/2004: 64-65). Ein kan slik vente at dobbeltnamna ikkje blei så tidleg vanlege på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger, og Jan Erik Kristiansen og Jørgen Ouren skriv at det fram mot midten av 1800-talet var vanleg med berre eitt fornamn (Kristiansen og Ouren, 1998: 105). Dei skriv vidare at

Med dobbeltnavn fikk man så muligheten til å individualisere navnet og gjøre det mer særegent. Samtidig ga bruken av to (eller flere) fornavn anledning til å kombinere tradisjon og innovasjon: Foreldre kunne ivareta behovet for eller forventningen om oppkalling etter en eldre slekting, samtidig som de kunne være kreative og la egen smak og egne ønsker komme til uttrykk. (Kristiansen og Ouren, 1998:105)

Bruken av dobbeltnamn gav nye moglegeheter i namngivinga, og det at denne namnetypen opna opp for større grad av individualisering, er også med på å syne det at dette er ein veldig aktuell namnetype å studere i samband med modernisering.

Det vil her vere interessant å studere kor utbreidd bruken av fleire fornamn er i dei seks områda det her er snakk om, og om det skjer ei utvikling over tid. Det vil vidare vere interessant å finne ut noko om kor mange forskjellige leksikalske namn og namnekombinasjonar som blir brukt, og kva namneoppav som dominerer blant dei leksikalske namna brukta i dobbeltnamn. Det finst også fleire andre ting ein kan studere med tanke på å kaste lys over kor vanleg eller uvanleg skikken er i dei ulike områda, og i dei ulike folketeljingane. Det går blant anna an å studere alderen og fødestaden til kvinnene som har dobbeltnamn, med tanke på å avklare om det finst noko mønster i kven det er som har denne namnetypen. Bruken av dobbeltnamn er kjent som noko som først kom inn i dei høgare samfunnsklassane, og det same gjeld bruken av etternamn i staden for det tradisjonelle primærpatronymet. Primærpatronym er «namn laga av farens fornavn, oftest med ending som betyr ‘sønn’ eller ‘datter’, og brukt som mellom- eller etternavn» (Utne, 2004: 269). Eit eksempel på dette kan vere *Knutsdotter*, som syner at kvinna som har namnet er dottera til *Knut*. Desse namna var vanlege her til lands før i tida, men dei skil seg frå det me i dag kallar etternamn, då Utne skriv at «Etternavn er gjerne et felles navn på medlemmer i en familie. Navna blir vanligvis ført videre til nye generasjoner» (Utne, 2004: 233). Etternamn går slik i arv, og eg vil rekne både typiske slektsnamn og sekundærpatronym for å vere etternamn i denne studien. Sekundærpatronym er i fylgje Utne «fars fornavn med eller uten ending, som har blitt arva i samme form og med det blitt faste etternavn» (Utne, 2004: 273). Det betyr at eventuelle -sen-namn blir rekna for å vere slektsnamn, sjølv om det i teorien kan vere primærpatronym som har fått feil ending. Det skal seinare i kapitlet undersøkast om det finst nokon samanheng mellom bruken av fleire fornamn, og bruken av etternamn i staden for primærpatronym i områda det her er snakk om. Etternamna vil difor bli kategorisert inn i tre grupper. Den eine gruppa gjeld primærpatronyma som endar på -dotter, den andre gjeld etternamna, og den siste gjeld dei som er usikre. Det er ikkje funne matronym i dette materialet. Sidan Kristiansen og Ouren peikar på det at dobbeltnamna først begynner å bli vanlege mot midten av 1800-talet, vil det også vere interessant å studere alderen til kvinnene med fleire fornamn. Ein vil då kunne avdekkje om ein kan sjå noko mønster i når dobbeltnamna har kome inn i området, og i kva aldersgrupper namnetypen er vanlegast.

## 12.1 Kvinnene med dobbeltnamn i 1801

Det er i 1801 totalt 32 kvinner som har meir enn eitt fornamn. 30 av desse har to fornamn, medan to kvinner har tre fornamn. Det er også ei kvinne i materialet som er registrert med

fornamn og initial, og det er her teoretisk mogleg at initialen står for eit ekstra fornamn. Dette kan ein likevel ikkje vere sikker på, og det er eit tidkrevjande og ofte bortkasta arbeid å gå tilbake til kyrkjebøkene for å undersøkje kva namn kvinna blei registrert med under dåpen. Initialen får difor bli ståande slik den er, og ein må i analysen av dobbelnamna ta høgde for at mengda kvinner med dobbelnamn er eit minimumstal. I vedlegg 20 ligg det ein tabell som syner alle dobbelnamna som er brukt i dei ulike områda i 1801.

Ei av kvinnene har det leksikalske namnet *Greve* som andrenamn. Dette er ikkje noko typisk fornamn, og må difor diskuterast før analysen. Namnet er ikkje oppslagsform verken i NPL, hjå Ivar Aasen (1997[1878]), eller hjå Gulbrand Alhaug (2011), og det kan slik sjå ut til at det er av ein viss etternamnskarakter. Namnet blir derimot blant anna skildra som eit gardsnamn på Osterøy i *Norsk etternamnsleksikon* (Veka, 2001: 49). Når ein går inn og studerer namna i familien til kvinna, syner det seg likevel at ho er den einaste som har dette namnet. Det er vanskeleg å seie noko om bakgrunnen til at kvinna har fått dette namnet, og nokre vil kanskje argumentere for at det ikkje er eit fornamn og at det bør fjernast frå materialet. Eg har likevel valt å behalde det, då det ikkje ser ut til å vere eit slektsnamn, og det faktisk er plassert på fornamnsplass i teljinga. Terje Aarset skriv at det i visse strøk av landet ikkje er var uvanleg at slektsnamn blei brukt som fornamn på 1800-talet (Aarset, 1982a: 86). Han peikar vidare på det at desse namna gjerne blei brukt som andre- eller tredjenamn i dobbelnamn. Det kan slik sjå ut til at det er denne namnetypen det er snakk om her, men den skal ha vore mest vanleg blant mannsnamna, og det verkar lite sannsynleg at ein då finn slike kvinnenamn i Granvin i 1801.

Det er ingen kvinner med dobbelnamn på Evanger, og ingen på Vossestrand, men på Vangen er det 17 stykk, og dei svarar til 0,81 % av alle kvinnene i området. 16 av desse har to fornamn, medan ei av kvinnene har tre fornamn. I Granvin er det fem kvinner med dobbelnamn, og det betyr at 1 % av kvinnene i området har dobbelnamn. I Ulvik er det snakk om ni kvinner, og dei utgjer til saman 1,84 % av den totale mengda kvinner i området. Ei av desse er registrert med tre fornamn. I Eidfjord er det ei kvinne med dobbelnamn, og ho svarar til 0,27 % av alle kvinnene i området. Når ein ser alle områda samla, finn ein at totalt 0,64 % av kvinnene har dobbelnamn. Det er slik ein relativt lite brukt namneskikk i områda i 1801, og den ser ut til å samla sett stå litt sterkare i Hardangerområda enn i Vossaområda. Skikken er uansett ikkje like utbreidd i desse områda som den er på landsbasis. På grunnlag av folketeljinga 1801 har Gulbrand Alhaug rekna seg fram til at om lag 8 % av kvinnene var

registrerte med to eller fleire fornamn (Alhaug, 2003/04: 62). Han understrekar her at desse tala må lesast med etterhald grunna ulike kjeldekritiske synspunkt, men dei kan i alle fall gi eit visst inntrykk av kor utbreidd bruken av fleire fornamn var på landsbasis 1801.

Etter kvart som bruken av dobbelnamn blei meir vanleg, blei det tydeleg at det var enkelte namnekombinasjonar som blei populære og mykje brukt. Det ser ikkje ut til at dette er tilfelle i områda i 1801, då heile 24 av dei 32 kvinnene er åleine om å ha akkurat sin namnekombinasjon. Det er fire kombinasjonar som er brukt to gonger kvar, og desse er med lemmatisert skrivemåte *Anna Elisabet*, *Kristiane Margrete*, *Cecilie Petronella* og *Gjertrud Marie*. Alle desse er å finne på Vangen, men det er likevel tydeleg at det i 1801 ikkje er bestemte samansetjingar som har blitt vanlege og utbreidde som faste dobbelnamn.

Totalt sett er det brukt 31 forskjellige leksikalske namn i dobbelnamn i 1801. 17 av desse utgjer berre ein førekommst kvar, så det er tydeleg at det også er stor variasjon i kva leksikalske namn som er å finne i dobbelnamna i denne folketeljinga. Sju av dei leksikalske namna har to førekommstar kvar, og desse er *Gjertrud*, *Helene*, *Kristiane*, *Kristina*, *Petronella*, *Sara* og *Sofie*. Det leksikalske namnet *Maria* har tre førekommstar, *Cecilie* og *Margrete* har fire førekommstar, og *Elisabeth* har fem førekommstar. *Anna*, *Katrine* og *Marie* har alle seks førekommstar kvar, og er dei mest brukte leksikalske namna i dobbelnamn. Det er slik sett ingen leksikalske namn som er spesielt mykje brukt, sjølv om det er nokre få som er meir utbreidd enn dei andre. Det er brukt 21 leksikalske namn som fyrstenamn, 14 leksikalske namn som andrenamn, og to leksikalske namn som tredjenamn. Slik sett ser det ut til å vere mindre variasjon i dei leksikalske andrenamna enn i fyrstenamna. Dette kan sjølvsagt vere tilfeldig, men det må likevel kommenterast at det kanskje kan vere mogleg at det er i andrenamna ein først finn namn som er typiske for dobbelnamn. *Anna* er det mest brukte fyrstenamnet med seks førekommstar, og *Cecilie* er vidare det nest mest brukte med totalt fire førekommstar som fyrstenamn. *Marie* er det mest brukte andrenamnet. Det utgjer fem førekommstar, og *Elisabet*, *Katrine* og *Margrete* er dei nest mest vanlege andrenamna med fire førekommstar kvar. Oppkalling var svært sentralt i namngjevinga i tida fram mot 1800-talet, og det kan slik diskuterast om det er slik at ein i 1801 helst nytta oppkalling i valet av fyrstenamn, og at ein kanskje hadde ein annan motivasjon i valet av andrenamn. Dette blir berre spekulering, men hadde vore interessant å vite noko om kor vidt det var ei oppfatning av at bestemte leksikalske namn passa som andrenamn.

Det vil vere interessant å studere namneoppphava som er brukt i dobbelnamn, og når ein undersøkjer dei leksikalske namna brukta i dobbelnamn sitt opphav, kjem det fram ein del interessante ting. Alle dei leksikalske namna som utgjer meir enn éin namneførekost er kristne, og totalt sett så er 26 av dei leksikalske namna kristne. Det utgjer nesten 84 % av dei leksikalske namna som er brukt i dobbelnamn. 17 av dei 21 leksikalske fyrstenamna er kristne. Det er 14 leksikalske andrenamn, og 13 av desse er kristne. Av dei to leksikalske tredjenamna, så er begge kristne. Det er totalt to nordiske leksikalske namn, og begge desse er brukt som fyrstenamn. Det eine er *Inger*, og det andre er *Ingeborg*. Det er eitt leksikalsk namn av anna opphav, og eitt leksikalske namn av usikkert opphav som er brukt som fyrstenamn, og denne er *Tale* og *Mechrilde*. Blant andrenamna er det eitt leksikalsk namn med usikkert opphav, og det er *Greve* som blei diskutert innleiingsvis.

Dersom ein studerer fordelinga av namneoppphav blant namneførekostane, kjem det fram at ein overveldande stor del av namneførekostane i dobbelnamn er kristne. Dette kan ein sjå i ein tabell i vedlegg 21. Totalt sett er 92,42 % av namneførekostane i dobbelnamn kristne, og når ein ser på namnepllasseringane kvar for seg så syner det seg at 87,5 % av fyrstenamna er kristne, 96,88 % av andrenamna, og heile 100 % av tredjenamna. Det betyr at dei kristne namneførekostane dominerer i dobbelnamna, og at det er i mykje tydelegare grad enn når ein ser på alle namneførekostane i det totale namnematerialet samla. Det er berre to nordiske namneførekoststar, og begge desse er brukt som fyrstenamn. Dei utgjer totalt 3,03 % av namneførekostane i dobbelnamn, og 6,25 % av fyrstenamna. Det betyr at dei nordiske namna spelar ei mykje mindre rolle i dobbelnamna enn når ein ser alle namneførekostane i 1801-materialet samla. Dette er ein interessant observasjon, og det er i denne samanhengen verdt å peike på det at ein ikkje finn nordiske namn brukt som andrenamn. Det ville i denne samanhengen ha vore interessant å stille spørsmål ved om dei som har nordiske fyrstenamn har fått namnet ved oppkalling, men det er vanskeleg og alt for tidkrevjande å forsøke å finne ut av det her. Det er mogleg at dei nordiske namna blei sett på som tradisjonelle, og at det difor blei feil å bruke desse i moderne dobbelnamn. Tradisjonen kom inn frå utlandet, og skal som det meste anna fyrst ha spreidd seg i dei øvre samfunnslaga. Det er ein namneførekost med anna opphav, og også denne er brukt som fyrstenamn. Den utgjer 1,52 % av namneførekostane i dobbelnamn, og 3,13 % av namneførekostane som er fyrstenamn. Det er to namneførekoststar med usikkert opphav. Den eine er brukt som fyrstenamn, og den andre som andrenamn.

Det er problematisk å studere namnelengd i eldre materiale, då varierande skrivevariantar og lite kunnskap om korleis namna faktisk blei uttala, gjer at det er ofte vanskeleg å avgjere kor langt eit namn faktisk er. Nokre namn vil gjerne stå fram som lengre i skrift enn i tale, og det kan få konsekvensar i ein analyse av namnelengd. I arbeidet med dobbeltnamna vil det likevel vere interessant å studere kva stavingskombinasjonar som er mest brukt. Dette blir her gjort med utgangspunkt i dei lemmatiserte formene. Det betyr at nokre av stavingskombinasjonane kunne ha vore annleis dersom den opphavlege skrivemåten hadde blitt lagt til grunn. Tabellen nedanfor syner utbreiinga av dei ulike stavingskombinasjonane, og det syner seg at 2+3 er den vanlegaste stavingskombinasjonen. Den er brukt i over ein tredjedel av alle dobbeltnamna, og denne finn ein i namn som til dømes *Gjertrud Marie* og *Anna Maria*. Dei nest mest brukte kombinasjonane er 2+4 og 4+4, og desse finn ein i namn som til dømes *Anna Elisabet* og *Sara Kornelie*. Det er slik tydeleg at det vanlegaste er kombinasjonar der fyrstenamnet er kortare, eller like langt som andrenamnet. I dobbeltnamna som består av to namn er det under ein fjerdedel som har lenger fyrstenamn enn andrenamn.

**Tabell 20: Stavingskombinasjonane brukt i dobbeltnamn, 1801**

Stavings-kombinasjon	Evanger	Vangen	Vosse-strand	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Total
<b>2+3</b>	-	6	-	1	3	1	<b>11</b>
<b>2+4</b>	-	2	-	1	2	-	<b>5</b>
<b>4+4</b>	-	4	-	1	-	-	<b>5</b>
<b>3+3</b>	-	2	-	-	1	-	<b>3</b>
<b>4+3</b>	-	-	-	1	2	-	<b>3</b>
<b>3+4</b>	-	1	-	-	1	-	<b>2</b>
<b>4+2</b>	-	1	-	-	-	-	<b>1</b>
<b>3+2+3</b>	-	-	-	1	-	-	<b>1</b>
<b>3+3+3</b>	-	1	-	-	-	-	<b>1</b>
<b>Total</b>	-	<b>17</b>	-	<b>5</b>	<b>9</b>	<b>1</b>	<b>32</b>

Alderan til kvinnene med fleire fornamn er ganske spreidd. Det er i vedlegg 22 laga ein tabell som syner aldersfordelinga i bruken av dobbeltnamn i ulike områda. Den yngste kvinnen med dobbeltnamn er fødd same året som folketeljinga blei halde, medan den eldste er 58 år i 1801. Det er rekna ut kor stor prosentdel av kvinnene i områda som har dobbeltnamn innanfor dei ulike aldersklassane. Sidan det er så få kvinner som har dobbeltnamn, så blir fordelinga her veldig jamn. Det syner seg at den aldersgruppa som har den største prosentdelen kvinner med dobbeltnamn, er aldersgruppa 20-29 år, og ein kan sjå at ingen av dei eldste kvinnene har

dobeltnamn. Det er i denne folketeljinga vanskeleg å samanlikne bruken av dobeltnamna i dei ulike områda, då det er så få kvinner som har dobeltnamn i kvart område.

Sidan Kristiansen og Ouren peika på det at dobeltnamn ikkje var særleg utbreidd før midt på 1800-talet kan det vere interessant å sjå kva sosial bakgrunn kvinnene som ber fleire fornamn har. Det syner seg at dei fleste kvinnene anten er gift med eller dotter til ein sosialt relativt høgtståande person, og i nær familie med kvinnene finn ein titlar som “degn”, “sekundærløyntnant”, “avskjediga tambur”, “krigsråd og proprietær”, “residerande kapellan”, “sokneprest”, “gjestgivar”, “kompanisjef”, “personell capellan”, “husmann og sersjant”, “premierløyntnant”, “sorenskrivar” og “gardbrukar og nasjonal soldat”. Ingen av kvinnene er gift med eller dotter til ein husmann utan at han har ein annan tittel i tillegg, og det er berre éi gardbrukardotter. At kvinnene gjerne hører til i høgare sosiale lag, finn ein også dersom ein undersøkjer om dei har primærpatronym eller etternamn. I 1801 kan ein rekne med at dei aller fleste kvinnene har primærpatronym, og i vedlegg 23 ligg det ein tabell som syner bruken av desse namna, ut frå om kvinnene har dobeltnamn eller ikkje. Det blir her tydeleg at kvinnene med dobeltnamn skil seg ut. Så lite som 12,50 % av kvinnene med dobeltnamn har primærpatronym, medan bortimot 60 % er registrert med etternamn som til dømes *Schieldrup*, *Moltzou Jæger*, *Ravn*, *Amlie Jæger*, *Buchard Jersin*, *Finde Astrup*, *Seckman*, *Meitzner*, *Løgh Brygger*, *Shnabel*, *Møllerup*, *De Richelieu*, *Christie* og så vidare. Resten av kvinnene med dobeltnamn er registrert utan namn her, men det syner seg at foreldra deira er registerert med etternamn. Dersom ein studerer namna til kvinnene som ikkje har dobeltnamn, kjem det fram at heile 99,70 % har primærpatronym, og når ein ser alle kvinnene samla så har 99,14 % primærpatronym. Det er slik tydeleg at kvinnene som har dobeltnamn skil seg veldig med bruken av etternamn i 1801.

## 12.2 Kvinnene med dobeltnamn i 1865

Det er til saman 96 kvinner som har dobeltnamn i 1865, og ein tabell som syner alle desse er å finne i vedlegg 24. 90 av desse kvinnene har to fornamn, medan seks kvinner har tre fornamn. Det er også ni kvinner som er registrert med fornamn og éin initial, og ei kvinne som er registrert med fornamn og to initialar. I likskap med i 1801 blir det ikkje forsøkt sjekka opp i kva namn initialane står for, og den totale mengda dobeltnamn må difor sjåast på som eit minimumstal.

Kvinnene med dobbeltnamn utgjer i 1865 totalt 1,38 % av kvinnene. Det kan ikkje seiast å vere spesielt mykje, men det er likevel ein større del enn i 1801, då desse kvinnene utgjorde 0,64 % av den totale mengda kvinner. Det er framleis ingen kvinner med fleire fornamn på Evanger, men bruken av dobbeltnamn har auka i alle dei andre områda. På Vangen har 1,88 % av kvinnene meir enn eitt fornamn i 1865, og det har også 0,09 % av kvinnene på Vossestrand. I Granvin har 2,90 % av kvinnene fleire fornamn, medan tala i Ulvik er 2,49 % og i Eidfjord 0,35 %. Det er her tydeleg at det er i Granvin og Ulvik at bruken av dobbeltnamn er mest utbreidd, og Granvin har i denne teljinga gått forbi Ulvik. Dobbeltynamna er også ein del brukt på Vangen, men det ser ikkje ut til å vere spesielt vanleg med dobbeltnamn i dei to andre Vossaområda. Fem av kvinnene med tre fornamn er registrert på Vangen, medan den siste er registrert i Ulvik.

Til tross for at det er nesten hundre kvinner som er registrert med dobbeltnamn, er det berre fem namnekombinasjonar som er brukt fleire gonger. Den mest brukte av desse er med lemmatisert skrivemåte *Anna Maria*. Denne namnekombinasjonen er brukt av til saman åtte kvinner. Fire av desse er registrert i Granvin, tre i Ulvik og ei på Vangen. Den nest mest brukte namnekombinasjonen er med lemmatisert skrivemåte *Katrine Helvig*, og den er brukt av totalt fem kvinner. Det er her interessant å peike på at alle er å finne i Ulvik. *Elisabet Birgitte*, *Marie Kristina* og *Mette Margrete* er alle brukt av to kvinner kvar, og alle desse kvinnene er å finne på Vangen. Ingen av namnekombinasjonane som er nemnt her var brukt meir enn ein gong i 1801, og det syner seg slik at dei fire namnekombinasjonane som var brukt to gonger i 1801, ikkje skulle utvikle seg til å bli vanlege dobbeltnamn i 1865.

Det er totalt sett nytta 85 leksikalske namn i dobbeltnamn i 1865. Det er 54 fleire enn i 1801, og utviklinga er ikkje overraskande i og med at det har blitt fleire dobbeltnamn i områda. Det mest brukte er *Anna* med 15 førekommstar. *Marie* har 11 førekommstar, medan *Katrine* er brukt 10 gonger. *Maria* har ni førekommstar, medan *Kristina* har sju, *Margrete* og *Birgitte* har seks, *Helvig* har fem, og *Olina*, *Nikolina*, *Lovise*, *Johanna* og *Elisabet* har fire førekommstar kvar. Det er 11 leksikalske namn med tre førekommstar, 15 med to førekommstar og heile 47 stykk som berre utgjer éin førekommst. Når ein ser på namnepllasseringane finn ein at det er totalt 54 leksikalske namn som er brukt som fyrstenamn. Dei mest brukte er *Anna* med 15 førekommstar, *Katrina* med sju, *Marie* med fem, og *Sara*, *Mette*, *Mathilde*, *Marta* og *Helena* med tre førekommstar kvar. I likskap med i 1801, så er det også i 1865 færre leksikalske andrenamn enn fyrstenamn, men skiljet er relativt sett mindre enn det var i 1801. Det er totalt sett snakk om

47 leksikalske andrenamn, og dei mest brukte er *Maria* med ni førekommstar, *Margrete* med seks, *Marie*, *Helvig* og *Kristina* med fem, *Lovise* med fire og *Birgitte*, *Olina* og *Nikoline* med tre førekommstar kvar. Det er eitt leksikalsk tredjenamn som er brukt to gonger, og dette er *Katrine*. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om årsaka til at skiljet mellom mengda leksikalske fyrstenamn og andrenamn er mindre i 1865. Det kan sjølv sagt vere tilfeldig, men det vil vere interessant å sjå om denne utviklinga har halde fram i 1900.

Dei leksikalske namna brukti dobbeltnamn var i 1801 hovudsakleg kristne, og det ser ut til at dette i stor grad er tilfellet også i 1865. Av dei 85 leksikalske namna er totalt 62 kristne, og dei utgjer nesten 73 % av dei leksikalske namna brukti dobbeltnamn. Det er litt mindre enn i 1801, men dei kristne leksikalske namna utgjer likevel ein mykje større del av dei leksikalske namna brukti dobbeltnamn, enn kva den totale mengda kristne leksikalske namna utgjer av det samla 1865-materialet. Det er vidare 12 leksikalske namn med anna opphav, seks leksikalske namn med nordisk opphav, og fem med usikkert opphav. Det var berre eitt leksikalsk namn med anna opphav i 1801, så ein ser slik at desse har hatt ei positiv utvikling fram mot 1865. Det er her interessant at heile fem av dei er avleatingsnamn, og namna med anna opphav har mellom ein og fem førekommstar. Ingen av dei nordiske leksikalske namna har meir enn ein førekommst. Av dei 54 leksikalske fyrstenamna, så er 40 kristne, fem nordiske, seks med anna opphav og tre med usikkert opphav. Namna med usikkert opphav er her *Elverdina* og *Gundelle*. Når ein ser på dei 46 andrenamna, finn ein at 34 stykk er av kristent opphav, eitt er nordisk, ni er av anna opphav og to har usikkert opphav. Det har slik kome til eitt nordisk namn blant andrenamna, men det er likevel interessant at nesten alle dei nordiske namna framleis er brukti som fyrstenamn. Det er også interessant at det er fleire namn med anna opphav blant andrenamna, men når ein veit at namna av anna opphav i stor grad er avleatingsnamn med minst tre stavingar, så er det gjerne ikkje så overraskande av dei er plassert som andre- eller tredjenamn. Terje Aarset skriv at det er vanleg at andre- og tredjenamnet har fleire stavingar enn fyrstenamnet (1982b: 89). Namna med usikkert opphav er *Henritti* og *Jarolino*. Det er fullt mogleg at *Henritti* skal førestille *Henriette*, men sidan det teoretisk sett også kan vere meint som *Henritti*, så blir det ståande med usikkert opphav.

I vedlegg 25 er namneoppavet til namneførekommstane brukti dobbeltnamn presentert slik at ein kan sjå opphavsfordelinga både for namneførekommstane som utgjer fyrstenamna, andrenamna og tredjenamna, og alle namneførekommstane brukti dobbeltnamn samla. I likskap med i 1801, så er det også i 1865 dei kristne namneførekommstane som dominerer i

doppeltnamna, men ikkje i like stor grad som tidlegare. Medan dei i 1801 utgjorde godt over 90 % av namneforekomstane brukta i doppeltnamn, så utgjer dei i 1865 litt over 81 %. Dei nordiske namneforekomstane og namneforekomstane med anna opphav utgjer i 1865 prosentvis akkurat like mykje som dei gjorde i 1801, men namneforekomstane med anna opphav har hatt ein framgang frå å utgjere litt over 1,5 % til å utgjere heile 12,63 % av namneforekomstane i doppeltnamn. Dersom ein ser på fordelinga når det gjeld kor vidt namna er brukta som fyrste-, andre- eller tredjenamn, finn ein at dei kristne namneforekomstane spelar ei stor rolle i alle tre, men at dei nordiske hovudsakleg er brukta som fyrstenamn. Namna med anna opphav er i stor grad brukta som andrenamn, og utgjer her heile 18,75 % av namneforekomstane.

Når ein studerer stavingskombinasjonane til doppeltnamna i 1865 kjem det fram heile 13 forskjellige. Dette syner at det ikkje finst noko veldig bestemt mønster for kor lange namna i slike namnekombinasjonar skal vere, men at det finst ein tendens til at minst eitt av namna har minst tre stavingar, og at det fyrste namnet er kortare eller like langt som andrenamnet. Det er kombinasjonane 2+3 og 3+3 som er mest vanlege, og desse er å finne i namn som *Dorte Olina* og *Agnete Martina*. Stavingskombinasjonane 2+4, 3+4, 4+3, 3+2 og 4+4 er ein del brukta, og her finn ein namn som *Kari Elisabet*, *Birgitte Karolina*, *Karolina Katrine*, *Henriette Marie* og *Katrine Helvig*. Det er heile fem ulike stavingskombinasjonar som gjeld dei seks kvinnene som har tre fornamn, og det er slik tydeleg at det ikkje er noko mønster for kor lange desse namna skal vere.

**Tabell 21: Stavingskombinasjonane brukta i doppeltnamn, 1865**

Stavings-kombinasjon	Evanger	Vangen	Vossestrand	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Total
<b>2+3</b>	-	12	-	9	9	-	<b>30</b>
<b>3+3</b>	-	15	1	4	3	-	<b>23</b>
<b>2+4</b>	-	9	-	2	-	-	<b>11</b>
<b>3+4</b>	-	8	-	1	-	-	<b>9</b>
<b>4+3</b>	-	3	-	1	1	1	<b>6</b>
<b>3+2</b>	-	-	-	-	5	-	<b>5</b>
<b>4+4</b>	-	1	-	3	-	-	<b>4</b>
<b>3+3+3</b>	-	2	-	-	-	-	<b>2</b>
<b>2+2</b>	-	-	-	1	-	1	<b>2</b>
<b>4+4+3</b>	-	-	-	-	1	-	<b>1</b>
<b>4+3+3</b>	-	1	-	-	-	-	<b>1</b>
<b>3+4+3</b>	-	1	-	-	-	-	<b>1</b>

<b>2+3+4</b>	-	1	-	-	-	-	<b>1</b>
	<b>0</b>	<b>53</b>	<b>1</b>	<b>21</b>	<b>19</b>	<b>2</b>	<b>96</b>

Alderan til kvinnene med dobbelnamn spreier seg litt meir enn i 1801. Den yngste er fødd i 1865, medan den eldste er 77 år gammal i 1865. Vedlegg 26 består av ein tabell som syner bruken av dobbelnamn i dei ulike områda ut frå alderskategoriar. Her kjem det fram at det tydeleg er ein større samanheng mellom alder og utbreiinga av dobbelnamn i 1865, enn kva det var i 1801. Tabellen syner kor stor del av kvinnene innanfor dei ulike alderskategoriane som har dobbelnamn, og her kjem det fram at ein større del av kvinnene som er mellom 0 og 29 år har dobbelnamn, enn dei som er over 29 år. Det er tydeleg at det på Vangen er i aldersgruppa 0-9 år at ein relativt sett finn flest kvinner som har dobbelnamn, og dette er endå tydelegare i Granvin. I Ulvik er det relativt sett flest kvinner mellom 10 og 19 år som har dobbelnamn. På Vossestrand og i Eidfjord er det så få kvinner som har dobbelnamn, at det ikkje er så veldig relevant å diskutere kva aldersgrupper der størst del av kvinnene har dobbelnamn.

I 1865 er fødestaden til alle kvinnene registrert inn, og sidan dobbelnamna representerer noko som ser ut til å vere relativt nytt og i alle fall lite bruk i områda, vil det vere interessant å studere fødestaden til kvinnene som har dobbelnamn. Tabellen som syner dette er å finne i vedlegg 27, og her kjem det fram at nesten 48 % av kvinnene som har dobbelnamn er fødd andre stader enn i dei seks områda det her er snakk om. Det tyder på at ein større del av kvinnene som er fødd andre stader har dobbelnamn, og dette blir tydeleg når ein ser at 0,45 % av kvinnene som er fødd i Vossaområda har dobbelnamn, at det same gjeld 1,51 % av kvinnene som er fødd i Hardangerområda, medan heile 11,59 % av kvinnene fødd andre stader er registrert med dobbelnamn. Ein kan slik sjå at det heilt klart er ein samanheng mellom bruken av dobbelnamn og fødestad i 1865.

I 1801 kunne ein tydeleg sjå at dei fleste kvinnene med fleire fornamn ikkje hadde primærpatronym, men i staden etternamn. Dette var i 1801 nok til å kunne seie noko om kva sosial status kvinnene som bar dobbelnamn hadde. Det er i 1865 ein god del fleire kvinner som har dobbelnamn, og ein kan rekne med at det betyr at det ikkje lenger berre er overklassen som har tendens til å nytte seg av denne namnetypen. I vedlegg 28 er det laga ein tabell som syner kvinnene med og utan dobbelnamn, ut frå om dei har primærpatronym eller etternamn. Her kjem det fram at 53,13 % av kvinnene som har dobbelnamn ser ut til å ha

primærpatronym, medan 42,71 % har etternamn. 1,04 % av desse kvinnene er plassert i ein usikker kategori, og 3,13 % er registrert utan etternamn. Det syner seg at ein større del at kvinnene som har dobbelnamn har primærpatronym i forhold til kva ein såg i 1801, men at det framleis er eit stort skilje mellom dei som har dobbelnamn og dei som ikkje har det. Når ein ser på etternamna til kvinnene som ikkje har dobbelnamn er det tydeleg at heile 99,36 % ser ut til å ha primærpatronym. Så lite som 0,57 % av desse kvinnene har slektsnamn, og det er slik veldig tydeleg at det framleis er stor forskjell i 1865.

### 12.3 Kvinnene med dobbelnamn i år 1900

I folketeljinga 1900 kan ein telje til saman 223 kvinner med fleire fornamn i dei seks områda det her er snakk om. 214 av desse har to fornamn, medan ni kvinner er registrert med tre fornamn. Alle dobbelnamna i dei ulike områda er å finne i vedlegg 29. I denne folketeljinga finn ein også ei stor mengd initialar, då heile 636 av namneforekomstane har ein tilhøyrande initial. Det utgjer nesten 7,7 % av den totale mengda namneforekomstar. Dersom ein ser på områda kvar for seg, finn ein til dømes det at over 21 % av namneforekomstane i Granvin har tilhøyrande initial. Sidan desse utgjer ein veldig stor del av materialet er det veldig synd at det ikkje går an å seie noko om kva namn desse initialane skal førestille. Ein kan på bakgrunn av dette diskutere kor vidt det i heile teke er mogleg å studere dobbelnamn i folketeljinga 1900, så det er i alle fall svært viktig å fokusere på at mengda registrerte dobbelnamn i år 1900 er eit minimumstal.

Det er nokre leksikalske namn brukta i dobbelnamn som bør diskuterast før analysen. Desse er *Rosenlund*, *Lien*, *Håkon* og *Kremer*. Desse namna er alle brukta som andrenamn, og tre av namna ser i stor grad ut til å ha karakter av å vere etternamn. Det er likevel slik at desse kvinnene er registrert saman med familie, og dei er dei einaste i familien med desse namna. Det ser slik ikkje ut til å vere snakk om etternamn, og sidan namna står på fornamnsplass meiner eg at det er relevant å ha dei med her. *Håkon* er openbart eit mannsnamn, men det får bli ståande av same grunn som namna ovanfor.

Når ein reknar med namna ovanfor, og ser bort frå alle initialane, finn ein at 2,77 % av kvinnene har dobbelnamn i år 1900. Dette syner ein prosentvis auke både i forhold til 1801 og 1865. Når ein i tillegg veit at det har vore ganske kraftig folkevekst i perioden, så betyr jo også det at det i år 1900 er mange fleire dobbelnamnførekomstar i områda enn kva det var

både i 1801 og i 1865. I denne folketeljinga finn ein dobbeltnamn i alle dei seks områda. På Evanger, der ingen av kvinnene var registrert med dobbeltnamn verken i 1801 eller i 1865, er heile 2,59 % av kvinnene registrert med meir enn eitt fornamn i år 1900. På Vangen har 2,99 % av kvinnene dobbeltnamn, i Granvin 3,46 %, i Ulvik heile 5,83 % og i Eidfjord har 1,44 % av kvinnene dobbeltnamn i år 1900. Vossestrand skil seg ut med at berre 0,19 % av kvinnene er registrert med dobbeltnamn i dette området. Fem av dei ni kvinnene med tre fornamn er registrerte på Vangen, ei er registrert i Granvin, to i Ulvik og ei i Eidfjord.

Det ser i år 1900 ut til å vere totalt 188 forskjellige namnekombinasjonar brukt som dobbeltnamn, og det er 12 namnekombinasjonar som er brukt meir enn ein gong. Det er fleire enn i 1865, og den mest brukte namnekombinasjonen er *Anna Katrine*. Den har ni førekomstar, og er brukt på Vangen, i Granvin, Ulvik og i Eidfjord. *Anna Maria* har sju førekomstar, og denne namnekombinasjonen finn ein på Vangen og i Granvin. *Anna Sofie* har fem førekomstar, og dette namnet finn ein på Evanger, Vossestrand og Vangen. *Anna Marie* har også fem førekomstar, og dette namnet finn ein på Vangen. *Anna Serina* førekjem to gonger i Granvin og ein gong på Vangen, medan *Anna Kristina* finst to gonger i Granvin og ein på Evanger. *Anna Bertina* har også tre førekomstar, og dei finn ein på Evanger og Vangen. Det same gjeld *Katrine Helvig*, og dette namnet finn ein i Ulvik og Granvin. *Berte Marie* er også brukt tre gongar, og dette namnet er å finne på Evanger og Vangen. *Inga Marie* og *Kristiane Margrete* utgjer to førekomstar kvar, og finst berre på Vangen, *Anne Marie* utgjer også to førekomstar og finst på Evanger og i Ulvik. Ein ser her at dobbeltnamna som er brukt meir enn ein gong, i stor grad førekjem i geografisk nærliggjande område. Eit par av namna har litt meir spreidd bruk, men det ser likevel ut til å vere ein ganske tydeleg samanheng. Resten av dobbeltnamnkombinasjonane, totalt 176 stykk, utgjer berre ein førekomst kvar. Det syner tydeleg at det er stor variasjon i bruken av dobbeltnamn, og at det ikkje er så veldig mange namnekombinasjonar som ser ut til å ha blitt vanlege. To av kombinasjonane, *Anna Maria* og *Katrine Helvig*, blei også brukt fleire gonger i 1865.

Det er totalt brukt 154 leksikalske namn i dobbeltnamn i år 1900. Det er 69 fleire enn i 1865, og er slik med på å tydeleggjere at det er mykje variasjon i dobbeltnamnmaterialet i denne folketeljinga. 65 av desse utgjer meir enn ein førekomst, og totalt sett er det *Anna* som er mest brukt med 48 førekomstar. Det er kanskje ikkje så overraskande sidan dette namnet er å finne i nesten alle namnekombinasjonane som er brukt fleire gonger. *Marie* er nest mest brukt med 35 førekomstar, og under der kjem *Maria* med 15 førekomstar. 15 førekomstar har også

*Katrine, Kristina og Sofie*, og *Gurina og Johanna* har 11 førekommstar kvar. Ved å sortere etter namnepllassering finn ein at det er 98 leksikalske namn som er brukt som fyrstenamn. Det mest brukte av desse er *Anna*, og det utgjer med 47 førekommstar om lag 21 % av namneførekommstane blant fyrstenamna. Den nest mest brukte er *Berte* med 10 førekommstar, *Marta* med ni, *Marie* og *Inga* med sju og *Sigrid* med fem førekommstar. Ein ser her at berre eitt av dei mest brukte fyrstenamna har meir enn to stavingar. Når det gjeld andrenamna, så finst det her 85 leksikalske. Det er som i dei to førre folketeljingane litt færre leksikalske andrenamn enn fyrstenamn, og prosentfordelinga her er om lag den same som i 1865. Dei mest brukte leksikalske andrenamna er *Marie* med 26 førekommstar, *Maria, Katrine, Kristina* og *Sofie* med 12, *Gurina* med 11, *Johanne* med sju, *Olina* med seks, og *Elisabet, Helene* og *Jørgina* med fem førekommstar. Det er her interessant at alle har minst tre stavingar. Når det gjeld tredjenamna, så finst det her sju leksikalske. Desse er *Marie* og *Kristina* med to førekommstar, *Maria, Sofie, Viktoria, Terese* og *Jonetta* med ein førekommst kvar.

Dersom ein studerer dei leksikalske namna brukt i dobbelnamn sitt opphav, er det tydeleg at det i likskap med tidlegare er svært mange kristne leksikalske namn blant dobbelnamna. Av dei 154 leksikalske namna, så har 93 kristent opphav, og det utgjer 63,7 % av dei leksikalske namna. Dette er mykje, men mindre enn i 1865 då dei kristne leksikalske namna utgjorde 73 %. Det er 17 leksikalske nordiske namn, og dei utgjer 11,04 % av dei leksikalske namna brukt i dobbelnamn. Dette er ein større del enn i 1865. Dei leksikalske namna med usikkert opphav utgjer åtte leksikalske namn blant dobbelnamna i 1900. Namna med anna opphav utgjer heile 36 leksikalske namn, og det svarar til 23,38 % av dei leksikalske namna brukt i dobbelnamn. Det er også mykje meir enn i 1865, så det er tydeleg at det er større variasjon i kva opphav dei leksikalske namna nytta i dobbelnamn har i 1900, i forhold til tidlegare. Dersom ein studerer dei ulike namnepllasseringane kvar for seg, syner det seg at av dei 98 leksikalske fyrstenamna, så er i overkant 60 % av kristent opphav, 16,33 % av nordisk opphav, 22,45 % av anna opphav, og 1 % av usikkert opphav. Dei nordiske namna er slik ein del brukt blant fyrstenamna. Når ein ser på dei leksikalske namna brukt som andrenamn, så finn ein at 63,53 % er kristne, 1,18 % nordiske, 27,06 % av anna opphav, og 8,24 % av usikkert opphav. Det er her svært tydeleg at dei nordiske namna er lite brukt som andrenamn, og dette var også typisk i 1801 og i 1865. Namna med usikkert opphav er også mest brukt blant andrenamna, og det er kanskje ikkje så overraskande i og med at det kan tenkjast at namn som var vanskeleg å skrive eller veldig spesielle ikkje nødvendigvis blei brukt i det daglege, men blei plassert på andre plass i dobbelnamnet. Av dei seks tredjenamna, så er fem

av kristent opphav og eitt av anna opphav. Det er slik heller ikkje brukt eitt einaste nordisk namn i denne namnepllasseringa. Det er framleis fleire leksikalske fyrstenamn enn andrenamn, men skiljet er mindre enn det var i 1801.

Når det gjeld namneførekommstane, så er fordelinga av namneopphava presentert i vedlegg 30. Her kjem det fram at totalt sett så er 73,19 % av alle namneførekommstane brukt i dobbelnamn av kristent opphav i år 1900. Det er ein mindre del enn det ein fann blant dobbelnamna både i 1801 og 1865. Namna med nordisk opphav var stabilt lite brukt i dobbelnamn i 1801 og 1865, men utgjer i år 1900 totalt 8,13 % av namneførekommstane i dobbelnamn. Det er interessant å sjå at dei nordiske namna her har oppgang, medan dei har nedgang når ein ser alle namneførekommstane i heile materialet. Det er vanskeleg å spekulere i kva årsaka til dette kan vere, men det er mogleg at dette kan henge saman med at det blei større aksept for å bruke gamle nordiske namn i moderne dobbelnamn, etter kvart som dobbelnamn generelt blei meir vanleg. Namneførekommstane i dobbelnamn som har anna opphav har også hatt oppgang mellom 1865 og 1900. I 1900 er heile 16,92 % av namneførekommstane i dobbelnamn av anna opphav, og når ein ser på dobbelnamnlista i vedlegg 29 blir det tydeleg at det her er snakk om ein god del -ina-namn og andre avleiingsnamn. Namna med usikkert opphav har hatt nedgang, og utgjer i 1900 1,76 % av namneførekommstane i dobbelnamn. I 1865 var det tydeleg at dei nordiske namna stort sett blei brukt som andrenamn. Dette er endå tydelegare i 1900. Heile 97,3 % av dei nordiske namneførekommstane er fyrstenamn. Når det gjeld dei kristne namna, så er fordelinga jamnare. 47,15 % er brukt som fyrstenamn, 50,45 % som andrenamn og 2,4 % som tredjenamn. Namna med anna opphav er brukt som fyrstenamn i 37,66 % av tilfella, som andrenamn i 61,04 % av tilfella og som tredjenamn i 0,22 % av tilfella. Namna med usikkert opphav er også i all hovudsak brukt som andrenamn.

I tabell nummer 22, kan ein sjå at det i år 1900 er brukt totalt 15 forskjellige stavingskombinasjonar blant dobbelnamna. Det er litt fleire enn i 1865, men det er samstundes endå tydelegare enn tidlegare kva kombinasjonar som er mest vanlege. Over halvparten av dobbelnamna er 2+3 stavingar. 3+3 stavingar er også vanleg, og det same gjeld 2+4. Desse utgjer saman nesten 80 % av alle dobbelnamna, og det er slik tydeleg at det framleis er vanlegast med namnekombinasjonar der fyrstenamnet er kortare eller like langt som andrenamnet. Når ein ser på fordelinga i dei ulike områda syner det seg at det er Vangen som har flest ulike kombinasjonar, og dette er kanskje så uventa i og med at det også er her det er klart flest kvinner med dobbelnamn når ein reknar i frekvens.

Tabell 22: Stavingskombinasjonane brukt i dobbeltnamn, 1900

Stavings-kombinasjon	Evanger		Vangen		Vosse-strand		Granvin		Ulvik		Eidfjord		Total	
2+3	13	44,83 %	56	48,28 %	1	50,00 %	17	73,91 %	26	57,78 %	5	62,50 %	118	52,91 %
3+3	4	13,79 %	24	20,69 %	-	-	2	8,70 %	7	15,56 %	-	-	37	16,59 %
2+4	7	24,14 %	11	9,48 %	-	-	2	8,70 %	2	4,44 %	-	-	22	9,87 %
4+3	4	13,79 %	6	5,17 %	-	-	-	-	1	2,22 %	-	-	11	4,93 %
3+4	-	-	4	3,45 %	-	-	-	-	5	11,11 %	-	-	9	4,04 %
4+4	-	-	5	4,31 %	-	-	-	-	-	-	-	-	5	2,24 %
2+2	1	3,45 %	2	1,72 %	-	-	-	-	1	2,22 %	1	12,50 %	5	2,24 %
3+2	-	-	1	0,86 %	-	-	1	4,35 %	2	4,44 %	-	-	4	1,79 %
2+3+3	-	-	-	-	-	-	1	4,35 %	-	-	2	25,00 %	3	1,35 %
2+2+3	-	-	2	1,72 %	-	-	-	-	1	2,22 %	-	-	3	1,35 %
4+2	-	-	1	0,86 %	1	50,00 %	-	-	-	-	-	-	2	0,90 %
4+4+4	-	-	1	0,86 %	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0,45 %
3+4+3	-	-	1	0,86 %	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0,45 %
2+5	-	-	1	0,86 %	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0,45 %
2+4+3	-	-	1	0,86 %	-	-	-	-	-	-	-	-	1	0,45 %
Total	29	100,00 %	116	100,00 %	2	100,00 %	23	100,00 %	45	100,00 %	8	100,00 %	223	100,00 %

I vedlegg nummer 31 er det laga ein krysstabell som syner mengda kvinner med dobbeltnamn innanfor ulike alderskategoriane i dei forskjellige områda. Her kjem det veldig tydeleg fram at bruken av dobbeltnamn er spesielt utbreidd blant jentene som er mellom 0 og 9 år. I denne gruppa har totalt sett 5,95 % fått dobbeltnamn. Blant dei mellom 10 og 19 år har 3,17 % dobbeltnamn, og det er også ein større del enn kva ein har sett tidlegare. Det ser ut til å vidare gå eitt visst skilje i det at det er ein mindre del av kvinnene som er over 50 år som har dobbeltnamn i områda i år 1900. Det var i 1801 og i 1865 ingen som hadde dobbeltnamn på Evanger, men i 1900 er det blitt ein god del. Det er slik sett ikkje så overraskande at ein her finn det at kvinnene med dobbeltnamn er svært unge. Det same er tilfelle på Vossestrand og i Eidfjord. I Granvin og Ulvik er det svært mange av kvinnene mellom 0 og 9 år som har fått dobbeltnamn. I Granvin har 10,17 % av desse jentene dobbeltnamn, i Ulvik er det snakk om 14,50 %.

Det vil vere interessant å studere fødestaden til kvinnene med dobbeltnamn i år 1900, då det kanskje kan seie noko om kor vidt dobbeltnamn ser ut til å vere mest brukta av dei som er fødd i området, eller om det framleis ser ut til å vere ein tendens til at ein svært stor del av dobbeltnamnberarane har flytta inn utanfrå. I 1900 kjem det i vedlegg 32 fram at totalt 41,70 % av kvinnene som har dobbeltnamn, er fødd utanfor dei seks områda det her er snakk om. Det syner seg at medan 1,4 % av kvinnene fødd i Vossaområdet har dobbeltnamn, og 3,06 % av kvinnene fødd i Hardangerområdet har dobbeltnamn, så har heile 9,84 % av

kvinnene fødd andre stader dobbeltnamn. Denne prosentdelen var endå høgare i 1865, men det er framleis ein tydeleg forskjell i det at fleire av kvinnene som er fødd andre stader har dobbeltnamn.

I vedlegg 22 er det stilt opp ein tabell som syner kor vidt kvinnene med og utan dobbeltnamn har etternamn eller primærpatronym. Her kjem det fram at 46,19 % av kvinnene som har dobbeltnamn er registrert med primærpatronym i år 1900. 52,02 % av kvinnene ser ut til å ha etternamn, og 1,79 % er registrert utan namn. Det ser slik ut til at det i denne teljinga er ei ganske jamn fordeling av kvinner med primærpatronym og kvinner med slektsnamn, og det er tydeleg at ein større del av kvinnene med dobbeltnamn har primærpatronym i 1900, samanlikna med i 1865. Når ein ser på kvinnene som ikkje har dobbeltnamn syner det seg at 68,49 % ser ut til å ha primærpatronym, medan 31,36 % har etternamn. Det syner seg slik at kvinnene som har etternamn er overrepresenterte i dobbeltnamna også i år 1900.

### **13. -ina-namn og andre avleiingsnamn**

Ein av namnetypane som det er sentralt å sjå etter når ein vil studere modernisering i namnefforrådet gjennom 1800-talet, er bruken av -ina-namn og andre avleiingar. Denne namnetypen får ein ved å leggje til eit suffiks til det opphavlege namnet, og det var særleg mannsnamn som blei omgjorte til kvinnenamn på denne måten. Dei vanlegaste endingane er i fylgje Kristoffer Kruken “-(i)a, -etta, -ikka og -ina” (Kruken, 1982: 63). Det språkelege opphavet for desse endingane er varierande, og Kruken skriv vidare at “-ikka tysk, -ette og -ina romansk og ytst latinsk og -(i)a sameis latinsk. Men her til lands kom impulsen i all hovudsak over Danmark, som og har eit sterkt innslag av slike namn i perioden” (Kruken, 1982: 63). Avleiingane blei mykje brukt i ein avgrensa periode, og denne måten å lage namn på opna opp for stor utviding av det leksikalske namnefforrådet, og også for bruk av oppkalling på tvers av kjønna ved at mannsnamn fekk kvinneleg suffiks. Eit godt eksempel på dette kan vere *Hans* som blir til *Hansina*, *Henrik* som blir til *Henrikke*, *Olav* som blir til *Olava*, eller *Jon* som blir til *Jonetta*. Allereie eksisterande kvinnenamn kunne også bli tillagt nye endingar, og namn som til dømes *Guri*, kunne slik bli til *Gurina*. Kruken meiner vidare at ein del avleiingsnamn skal “vere reine påfunn, der endinga -ina da på sett og vis velsignar det nye språkstoffet til bruk i namn” (Kruken, 1982:63). Dei ulike avleiingsnamna kan slik sett ha svært mange forskjellige opphav, og Kruken skriv at ein del av avleiingane blei innlånt i si fulle form, gjerne frå Danmark, men at det utover 1800-talet blei utvikla ein ganske stor

fridom når det gjaldt å lage nye namn ved bruk av avleiringar. Medan nokre av desse blei vanlege namn, kan det sjå ut til at andre berre var kreative innslag som gjekk like fort ut av namneforrådet som dei kom inn. Kruken peikar på det at mange av avleingsnamna kom i bruk gjennom oppkalling med ein del av namnet, eller kanskje berre førebokstaven (Kruken 1982: 63). Bruken av oppkalling kan få det heile til å høyrast tradisjonelt ut, men det er her viktig å peike på det at forbokstavoppkalling og oppkalling på tvers av kjønna var relativt moderne på 1800-talet. Avleingsnamna som her blir kalla -ina-namn endar på -ina eller -ine, men alle er her samla under -ina for å gjere analysen så ryddig som mogleg.

Det vil her vere interessant å sjå korleis bruken av denne namnetypen utviklar seg gjennom 1800-talet. Er -ina-namna avleidd frå mannsnamn eller kvinnenamn? Kva andre avleiringar finst? Skjer det ei utvikling, og er det forskjell mellom dei seks områda det her er snakk om? Eg har for folketeljinga 1865 og 1900 laga eigne krysstabellar med -ina-namn og andre avleiringar. Dei syner dei forskjellige leksikalske -ina-namna og andre avleingsnamna i synkande rekjkjefylge etter den totale frekvensen i alle områda, og med dei enkelte områda bortover i kollonner. Ein kan slik sjå kor mange namneførekommstar det er snakk om i kvart område av alle dei leksikalske avleingane, og også kor stor prosentdel av namneførekommstane dei enkelte leksikalske namna utgjer i kvart område. I kollonna heilt til høgre i tabellane finn ein alle områda samla.

### **13.1 -ina-namn og andre avleingsnamn i 1801**

Det mest vanlege avleingssuffikset skulle bli -ine/-ina, men når ein ser på alle dei leksikalske namna i dei seks områda i 1801, finn ein ikkje eitt einaste -ina-namn. Ein finn riktig nok namn som til dømes *Kristine* og *Katrine*, men desse kan ikkje seiast å høyre til i denne gruppa då dei er eldre namn som allereie hadde vore i bruk over lengre tid. Nokre få andre avleingsnamn finn ein derimot. Det er ei kvinne som heiter *Akseliane* på Vossestrand, og ei som heiter *Petrikke* på Vangen. På Vangen finn ein også ein førekommst av det leksikalske namnet Henrikke, og ein førekommst av namnet *Olie*. Hjå Alhaug kan ein lese at dette kan vere ein variant av *Olia* eller *Olea*, som er avleiningar av *Ole* (Alhaug, 2011: 287). Fleire avleingsnamn er det ikkje å finne i områda i 1801, og når ein ser på alderen til dei få kvinnene som har avleingsnamn finn ein at dei er 48, 62, 40 og 15 år gamle. Det er slik ikkje noko som tyder på at desse leksikalske namna har kome inn i områda like før folketeljinga, og avleingsnamn må kunne seiast å vere svært uvanlege i 1801.

Dersom ein går til Ane Landøy sitt materiale finn ein berre dei kvinnene som blei fødd i perioden 1801-1809, då det er eit kyrkjebokmateriale, men i motsetnad til i mitt materiale er det her tydeleg at avleiingsnamnet *Oline* har kome inn, og at det står sterkt hjå kvinnene som blei fødd i denne perioden (Landøy, 1990: 47). Det ser slik ut til at Førde ligg litt framfor både Vossaområda og Hardangerområda på dette punktet.

### 13.2 -ina-namna i 1865

Medan det i 1801 ikkje var eit einaste -ina-namn i dei seks områda, er det i 1865 til saman 28 leksikalske -ina-namn når ein ser alle områda samla. Ei fullstendig liste som syner alle -ina-namna i dei ulike områda finst i vedlegg 34. -ina-namna utgjer om lag 12,9 % av den totale mengda leksikalske namn i 1865, så -ina-namna ser slik ut til å utgjere ein betydeleg del av det leksikalske namneførrådet i denne folketeljinga. Det er likevel litt varierande kor mange leksikalske -ina-namn ein finn i dei ulike områda. Det finst i 1865 berre eitt leksikalsk -ina-namn på Evanger, men heile 13 på Vangen og 11 på Vossestrand. I Hardangerområda finn ein 12 leksikalske -ina-namn i Granvin, åtte i Ulvik og fire i Eidfjord. Desse tala fortel ganske mykje om kor utbreidd namnetypen er, men sidan områda har så ulikt folketal, er det også relevant å studere nærmare kor stor prosentdel av dei leksikalske namna som er -ina-namn i dei enkelte områda. -ina-namna utgjer berre litt over 1,5 % av dei leksikalske namna på Evanger, om lag 9,5 % på Vangen, og opp mot 14 % av dei leksikalske namna på Vossestrand og i Granvin. I Ulvik utgjer dei om lag 9 % av dei leksikalske namna, og i Eidfjord 5,5 %. Ein ser slik at det er i dei geografiske ytterpunktata at ein relativt sett finn færrest leksikalske -ina-namn i 1865. Sidan det er mange fleire leksikalske -ina-namn når ein ser alle områda samla, enn når ein ser områda kvar for seg, er det tydeleg at det må vere ein del variasjon i nøyaktig kva leksikalske -ina-namn som er å finne i dei ulike områda. 26 av dei leksikalske -ina-namna er avleidde frå mannsnamn, medan to namn, *Gurina* og *Talina*, er avleidd frå kvinnenamn. Det er slik tydeleg at det er mannsnamna som dominerer som stamme for -ina-namna i 1865.

I 1865 er det totalt 129 namneførekommstar som er -ina-namn. Desse utgjer 1,82 % av den totale mengda namneførekommstar når ein ser alle områda samla. Det er ein mykje mindre prosentdel enn den ein den ein finn når det er snakk om prosentdelen -ina-namn i leksikalsk samanheng. Det blir slik tydeleg at -ina-namna ikkje ser ut til å vere spesielt mykje brukt i 1865. Det er likevel litt variasjon i kor utbreidd bruken av -ina-namna er, og det syner seg at medan berre 0,48 % av namneførekommstane er -ina-namn på Evanger, så er det på Vangen

snakk om 1,22 %, og på Vossestrand heile 5,23 % av namneførekostane. Det er slik ganske stor variasjon i kor mykje -ina-namna er brukt i Vossaområdet. I Granvin er 2,55 % namneførekostane -ina-namn, medan det i Ulvik er 1,28 % og i Eidfjord 0,71 %.

Det er særleg eitt leksikalsk -ina-namn som skil seg ut frå alle dei andre. *Olina* er det desidert mest brukte -ina-namnet, og dette er å finne i fem av seks område. Når ein ser alle områda samla, så utgjer dette namnet heile 46,5 % av alle -ina-namnførekostane. Dette må bety at dei andre -ina-namna er relativt lite brukt. *Gurina* har også ein viss posisjon med til saman åtte førekoststar, noko som svarar til om lag 6,2 % av -ina-namnførekostane. Dette namnet er brukt i tre av dei seks områda. *Larsina* og *Karolina* har totalt seks førekoststar kvar, medan *Nikoline* og *Martina* utgjer fem førekoststar kvar. 16 av dei leksikalske -ina-namna utgjer berre éin eller to namneførekoststar kvar, og det er slik tydeleg at dei fleste leksikalske -ina-namna ikkje ser ut til å ha fått noko særleg sterkt feste i tida før 1865. -ina-namna er spesielt mykje brukt på Vossestrand, men når ein ser at nærmere 70 % av førekostane hører til namnet *Olina*, blir det endå klarare at det berre er nokre heilt få -ina-namn som ser ut til å ha fått ein viss posisjon i namneførrådet. Dei andre blir berre einstaka døme, men det vil vere veldig interessant å sjå om nokre av desse får ein sterkare posisjon i folketeljinga 1900.

Når det gjeld -ina-namna sitt opphav er det tydeleg at dei fleste er såpass gjennomsiktige at ein lett kan sjå kva namn dei er avleidde frå. 16 av dei leksikalske -ina-namna er av kristent opphav, 10 er av anna opphav og to er av usikkert opphav. Det er slik tydeleg at namna med anna opphav utgjer ein større del av det leksikalske namneførrådet når ein ser -ina-namna for seg, enn når ein studerer alle dei leksikalske namna samla. Denne opphavsggruppa dekkjer alle namna som ikkje kan sjåast på som verken kristne eller nordiske, men som har eit bestemt anna opphav. Det er i denne gruppa ein finn -ina-namna som har nordisk stamme, og det er totalt seks leksikalske -ina-namn som er avleidde frå nordiske namn. Desse er *Olina*, *Gurina*, *Iverina*, *Rikolina*, *Torstina* og *Torina*. Namnet *Rikolina* bør kommenterast i denne samanhengen. Namnet er ikkje å finne i nokon av namnebøkene, dersom ein studerer mannsmaterialet i dei seks områda i folketeljinga 1801 og 1865, finn ein at det er 10 menn i Hardangerområda som heiter *Rikolv* i 1801, og 9 menn i Hardangerområda som heiter det i 1865. *Rikolv* er i NPL (242) oppført som eit gammalt nordisk namn, men det står at det opphavleg er henta frå tysk, og at det har vore kjent sidan 1300-talet. Sidan det blei henta inn så tidleg, blir det her sett på som nordisk, og når ei kvinne i eitt av Hardangerområda har namnet *Rikolina* må det vere rimeleg å anta at dette er meint som ei avleiring av namnet

*Rikolv*. Andre -ina-namn med anna opphav er tyske *Gerhardina*, *Gjertina* og *Talina*. Blant -ina-namna med anna opphav finn ein også eitt som er av engelsk opphav i 1865, og det er *Elvina*. Dei leksikalske -ina-namna som kan sjåast på som kristne, har forskjellig opphav. Det er her fire stykk som blir sett på som tyske, og desse er *Bertina*, *Hansina*, *Jørgina* og *Vilhelmina*. Resten av dei kristne -ina-namna har ei eller anna form for gresk, hebraisk, eller latinsk utgangspunkt. Det er to leksikalske -ina-namn med usikkert opphav, og desse er *Ceverdina* og *Elverdina*. Det er mogleg at *Ceverdina* skal førestille ei avleining av mannsnamnet *Severin*, men sidan det er vanskeleg å vere sikker på at dette er rett, får det stå under usikkert opphav.

Opphavsfordelinga mellom dei leksikalske -ina-namna fortel mykje om variasjonen som er å finne, men det vil også vere interessant å danne ei oversikt over opphavet til namneførekostane. I vedlegg 35 er det laga ein tabell som syner fordelinga av dei ulike namneoppava blant -ina-namnførekostane i dei seks områda. Her kjem det fram at totalt sett, så er 33,33 % av -ina-namnførekostane av kristent opphav, 65,12 % har anna opphav, og 1,55 % har usikkert opphav. Det er her interessant at -ina-namna med anna opphav dominerer så tydeleg, særleg når ein veit at dette opphavet utgjer under 14 % av namneførekostane når ein ser heile materialet samla. Det ser ut til at -ina-namna med anna opphav er mest utbreidd i Vossaområda. På Evanger er alle førekostane av -ina-namn av anna opphav, og på Vossestrand gjeld det heile 82,14 % av førekostane. På Vangen er det mindre med 54,29 % av førekostane, men likevel meir enn i Granvin, Ulvik og Eidfjord der det er snakk om 47,37 %, 40 % og 25 % av namneførekostane. Dersom ein går djupare inn i materialet og studerer dei språklege opphava, finn ein at dei nordiske namna med utanlandske ending utgjer totalt 88 % av -ina-namnførekostane med anna opphav. Dei kristne -ina-namnførekostane står sterkest i alle Hardangerområda.

Akkurat som for dobbeltnamna vil det også for -ina-namna vere interessant å studere aldersfordelinga i namneførekostane som er -ina-namn. Tabellen dette avsnittet tek utgangspunkt i, er å finne i vedlegg 36. Den yngste kvinnen som har -ina-namn er fødd i 1865, og den eldste er 65 år. Her kjem det fram at -ina-namna er mest utbreidd blant dei yngre kvinnene, og dette er ikkje så uventa i og med at det ikkje blei registrert ein einaste -ina-namnførekost i områda i 1801. Dersom ein studerer kor stor prosentdel av -ina-namnførekostane som høyrer til kvinner innanfor dei ulike aldersklassane, blir det tydeleg at dei aller fleste førekostane høyrer til kvinner som er mellom 0 og 19 år, og at -ina-namn er

relativt uvanleg blant namnforekomstane som er registrert til kvinner som er eldre enn 29 år i 1865. Blant namnforekomstane som hører til kvinner mellom 0 og 9 år, er det 1,45 % som har -ina-namn på Evanger, 3,35 % på Vangen, 10,55 % på Vossestrand, 8,11 % i Granvin, 1,25 % i Ulvik, og 2 % i Eidfjord. Det er slik tydeleg at det er på Vossestrand og i Granvin at den største delen av namnforekomstane som hører til dei yngste kvinnene er -ina-namn, og ein finn det same dersom ein studerer dette for namnforekomstane som hører til kvinnene mellom 10 og 19 år.

I 1865 er det også aktuelt å studere fødestaden som er registrert til dei enkelte namnforekomstane. Dette er gjort i vedlegg 37, og her kjem det fram at 22,48 % av -ina-namnforekomstane hører til kvinner som er fødd andre stader enn i dei seks områda som her blir studert. Dette er ein mindre del en det ein kunne sjå for dobbelnamna i 1865, men det er likevel meir enn prosentdelen namnforekomstar som hører til kvinnene fødd andre stader i det totale materialet. Det syner seg at 1,66 % av namnforekomstane som hører til kvinner som er registrert med Vossaområdet som fødestad har -ina-namn. Det same gjeld 1,13 % av namnforekomstane som har Hardangerområda som fødestad, medan 6,49 % av namnforekomstane som hører til kvinner fødd alle andre stader er -ina-namn i 1865. Slik sett kan det sjå ut til at det er meir vanleg og akseptert å gi borna -ina-namn i områda i tida før 1865, enn kva det er å gi dobbelnamn, men at kvinnene fødd andre stader også er overrepresenterte i denne gruppa.

### **13.3 Andre avleiingsnamn i 1865**

I 1865 finn ein også ein del leksikalske namn som kjem inn under kategorien andre avleiingar. Desse er å finne i vedlegg 38. Det er totalt snakk om 14 leksikalske namn, og desse utgjer samanlagt rundt 6,45 % av dei leksikalske namna. Det er ein del, og med tanke på at det berre var nokre få slike namn i 1801, så har det tydeleg skjedd ei utvikling fram mot 1865. Det er likevel ikkje snakk om store mengder førekommstar, og totalt sett utgjer desse avleiingsnamna berre 21 førekommstar. Det svarar til 0,3 % av den totale mengda namnforekomstar, så desse avleiingsnamna er generelt sett svært lite brukt.

Det mest brukte av avleiingssuffiksa er -a i 1865, og dei leksikalske namna det er snakk om her er *Gustava*, *Olava*, *Kaspara* og *Augusta*. Den nest mest brukte avleiingstypen er -ikke, og her er det namna *Ulrikke*, *Henrikke*, *Fredrikke* og *Didrikke* som er brukt. Det er også tre

leksikalske namn som endar på -ette, og desse er *Henriette*, *Bendette* og *Antonette*.

Avleiingsnamna som endar på -ia er *Ovidia*, *Jakobia* og *Amundia*. Det kan sjå ut til at alle desse namna er avleidde frå mannsnamn, men *Bendette* har usikkert opphav, og det er slik usikkert om dette namnet skal førestille ei avleiing av mannsnamnet *Bendik*, kvinnenamnet *Benedikte*, eller noko heilt anna.

Opphavsmessig er ni av desse leksikalske namna kristne, fire av anna opphav, og eitt av usikkert opphav. Når ein studerer mengda førekomstar kjem det fram at 13 er kristne, 7 er av anna opphav og éin er av usikkert opphav.

I vedlegg 39 ligg det ein tabell som syner avleiingsnamna sett ut frå fødestad. Ved å studere fødestadane som er registrert til dei andre avleiingsnamna i 1865, finn ein at totalt 61,9 % av førekomstane høyrer til kvinner som er fødd utanfor dei seks områda. Det er slik tydeleg at fleirtalet av desse andre avleiingane høyrer til kvinner som ikkje er fødd i området, og dersom ein studerer kor stor del av namneførekomstane som høyrer til kvinner fødd i dei ulike områda, syner det seg at 0,06 % av namneførekomstane som er registrert med Vossaområdet som fødestad er andre avleiingar, at 0,26 % av namneførekomstane som er registrert med Hardangerområdet som fødestad er andre avleiinar, og at heile 2,91 % av namneførekomstane som høyrer til kvinner fødd andre stader er andre avleiingar. Det blir slik tydeleg at denne namnetypen er mindre vanleg enn -ina-namna i 1865, men at det er ein vanlegare namnetype blant namneførekomstane som høyrer til kvinner som ikkje er fødd i dei seks områda det her er snakk om.

### 13.4 -ina-namna i 1900

Medan -ina-namna og dei andre avleiingane nesten ikkje fanst i 1801, og hadde ein ganske svak posisjon i 1865, ser det ut til at dei har blitt litt styrka i tida fram mot år 1900. Ein tabell som syner alle -ina-namna i dei ulike områda i år 1900, er å finne i vedlegg nummer 40. Det er i denne folketeljinga til saman 45 leksikalske -ina-namn, og dei utgjer 14,15 % av det leksikalske namneforrådet når ein ser alle områda samla. Det er ein litt større prosentdel enn den ein fann i 1865. Denne utviklinga blir tydelegare når ein studerer områda kvar for seg. På Evanger, der det berre var eitt leksikalsk -ina-namn i 1865, er det no 16 stykk, og dette svarar til 14,04 % av dei leksikalske namna. På Vangen er det 34 leksikalske -ina-namn, og det utgjer 13,39 % av dei leksikalske namna i år 1900. På Vossestrand er det 12 forskjellige -ina-

namn, og desse utgjer heile 15 % av alle dei leksikalske namna. I Granvin er det snakk om 10 leksikalske, og desse utgjer 11,63 % av dei leksikalske namna i området, medan det i Ulvik er 16 stykk som utgjer totalt 14,55 % av namnefforrådet. Eidfjord skil seg ut frå dei andre områda ved å berre ha tre leksikalske -ina-namn, og denne namnetypen utgjer berre 3,57 % av alle dei leksikalske namna i dette området.

Det ser ut til at to av dei leksikalske -ina-namna er avleidd frå kvinnenamn. Desse er *Gurina* og *Randina*. I 1801 var det her snakk om *Gurina* og *Talina*, men sidan det ikkje har blitt fleire namn som er avleidde av kvinnenamn, så ser det på dette punktet ikkje ut til å skjedd noko særleg utvikling sidan i 1865. Det er framleis tydeleg at det er mannsnamna som dominerer som stamme til -ina-namna. *Olina* er framleis det klart mest brukte -ina-namnet. Dette står for 33,8 % av alle -ina-namnførekommstane når ein ser alle dei seks områda samla. Dette er ein veldig stor del av -ina-namnførekommstane, men samstundes ein betydeleg mykje mindre del enn dette namnet utgjorde i 1865. Namnet er framleis mest brukt på Vossestrand, men det har også fått ein ganske sterkt posisjon på Vangen og på Evanger. Det ser slik ut til at *Olina* er mest utbreidd i Vossaområda, men det må understrekast at namnet er brukt i alle områda. Det nest mest brukte -ina-namnet er også å finne i alle dei seks områda, og dette namnet er *Jørgina*. Også dette ser ut til å ha ein spesielt sterkt posisjon på Vossestrand og Vangen. *Karolina* og *Gurina* har også ein relativt tydeleg posisjon i 1865, då dei utgjer rundt 8 % av -ina-namnførekommstane kvar. *Bertina*, *Larsina* og *Gjertina* er også ein del brukt, og sjølv om det berre er 13 namnførekommstar av *Gjertina*, så er dette namnet å finne i alle dei seks områda i 1900. 31 av dei 48 leksikalske -ina-namna har berre éin eller to berarar. Det er nesten 65 % av alle dei leksikalske -ina-namna. Det er ein større del enn i 1865, noko som tyder på at endå fleire av dei leksikalske namna mogelegvis berre er korte blaff som aldri får nokon tydeleg posisjon i eitt eller fleire av områda. Det er likevel slik at det er fleire namn i 1900 enn i 1865 som har fått eit visst feste.

Det er i 1900 til saman 352 namnførekommstar av -ina-namn i dei seks områda. Desse utgjer 4,25 % av namnførekommstane når ein ser alle områda samla. Dette er mykje meir enn i 1865, og ein ser slik at det både har blitt litt fleire leksikalske -ina-namn, men også fleire namnførekommstar. Når ein går djupare inn i materialet og studerer områda kvar for seg, finn ein at -ina-namna rommar ein større prosentdel av namnførekommstane i alle områda, i samanlikna med kva dei gjorde i 1865. Det er snakk om 3,66 % av namnførekommstane på Evanger, 4,09 % på Vangen og heile 7,98 % på Vossestrand. I Granvin er 2,92 % av alle

namneførekostane -ina-namn, i Ulvik 4,41 %, medan det i Eidfjord berre er snakk om 0,88 %. Vossestrand og Eidfjord er slik sett kvar sitt ytterpunkt her, akkurat slik som dei var i 1865. Det ser generelt ut til at -ina-namna er meir utbreidd i Vossaområdet enn i Hardangerområdet.

Når det gjeld dei leksikalske -ina-namna sitt opphav, kjem det fram at det er 16 leksikalske -ina-namn med anna opphav, 26 med kristent opphav, og tre med usikkert opphav. Dei kristne namna utgjer her ein litt større del enn i 1865, og dei leksikalske namna med anna og usikkert opphav utgjer ein litt mindre del enn i 1865. 11 av dei 16 leksikalske -ina-namna med anna opphav er avleidde frå et nordisk namn. Desse er *Olina*, *Gurina*, *Iverina*, *Olufina*, *Randina*, *Anvina*, *Ellevina*, *Gulina*, *Odina*, *Gulina* og *Torina*. *Gjertina*, *Albertina*, *Ellerina* og *Gerhardina* er tyske, medan *Karolina* sannsynlegvis er avleidd av *Carolus* (NPL: 163). Det er tre -ina-namn med usikkert opphav, og desse er *Berlina*, *Ledina* og *Ystina*. Det er vanskeleg å seie noko om kor vidt det her er snakk om avleiingar av allereie eksisterande namn, skrivefeil, eller om det er reine oppdiktingar. Det kan tenkjast at *Berlina* ikkje er eit -ina-namn, men Berlin pluss suffikset -a. *Ystine* har kanskje noko med mannsnamnet *Øystein* å gjere. Desse namna utgjer berre éin førekost kvar, så dei ser uansett ikkje ut til å vere etablerte som vanlege namn i områda. Når det gjeld dei leksikalske kristne -ina-namna, så kjem det fram at 19 stykk er av ei eller anna form for gresk, hebraisk eller latinsk opphav. Eitt er engelsk, og dette er *Edvardina*, medan *Berntina*, *Bertina*, *Hansina*, *Jørgina*, *Lorentina* og *Vilhelmina* er av tysk opphav.

I vedlegg 41 ligg det ein tabell som syner fordelinga av -ina-namneførekostane sitt opphav i dei ulike områda. Her kjem det fram at totalt sett, så er 41,48 % av -ina-namnførekostane kristne, 57,67 % er av anna opphav og 0,85 % er av usikkert opphav. Det er slik tydeleg at det er ein større del kristne -ina-namn i år 1900 enn kva ein fann i 1865, og dette er den same utviklinga som ein kunne sjå blant dei leksikalske namna. Namneførekostane av anna og usikkert opphav utgjer slik ein litt mindre del av -ina-namnførekostane enn dei gjorde i 1865. Dersom ein studerer områda kvar for seg, kjem det fram at -ina-namnførekostane med anna opphav framleis står sterkest i Vossaområda, men at dei også står svært sterkt i Eidfjord der det er få -ina-namn. I Granvin dominerer dei kristne -ina-namna med 60 % av førekostane, og i Ulvik er forholdet 50/50.

Når ein studerer aldersfordelinga til -ina-namnførekombinasjonane i dei ulike områda, kjem det fram at den yngste kvinnen som har -ina-namn er fødd i år 1900, medan den eldste er registrert fødd så tidleg som i 1814. Kor stor prosentdel av namnførekombinasjonane som er -ina-namn innanfor dei ulike aldersklassane i dei ulike områda, ser ut til å variere mykje, og ein tabell som syner dette er å finne i vedlegg 42. Det er, som det også var i 1865, ein tydeleg tendens til at det er fleire -ina-namnførekombinistar som hører dei yngre kvinnene, enn kva det er som hører til dei som er eldre, men skiljet er ikkje like tydeleg som det var i 1865. På Evanger er det her klart at det er blant namnførekombinasjonane som hører til kvinnene mellom 0 og 19 år, at ein finn størst prosentdel som er -ina-namn, og det er i dette området ikkje registrert namnførekombinistar som er -ina-namn innanfor aldersklassar som hører til dei som er 60 år og eldre. På Vangen er det tydeleg at det er i kategorien 0 til 9 år at størst prosentdel av namnførekombinasjonane er -ina-namn, men det er også ein god del namnførekombinistar som er -ina-namn blant kvinnene som er mellom 10 og 39 år. Blant namnførekombinasjonane som hører til kvinnene over 40 er det færre, men likevel fleire enn i ein del av dei andre områda. Vossestrand er det området som relativt sett har flest -ina-namn, og det er også her ein finn størst prosentdel -ina-namnførekombinistar som hører til kvinner som er mellom 50 og 59 år. I Granvin er ein mindre del av namnførekombinasjonane innanfor dei fleste aldersgruppene -ina-namn, enn kva ein finn på Vangen, men Granvin skil seg ut ved at det er her mange -ina-namnførekombinistar som hører til kvinner mellom 30 og 39 år. Heile 7,14 % av namnførekombinasjonane innanfor denne kategorien er -ina-namn. I Ulvik kan ein sjå eit skilje mellom dei som er under og over 39 år, i det at ein større del av namnførekombinasjonane som hører til kvinner som er yngre enn dette er -ina-namn. I Eidfjord der det berre fem -ina-namnførekombinistar, og desse hører til kvinner som er innanfor aldersgruppene 10-29 år og 40-49 år.

Når det gjeld fødestad, så er det i vedlegg 43 laga ein tabell som syner utbreiinga av -ina-namna ut frå fødestaden som er registrert til namnførekombinstenen. I 1865 kunne ein sjå at 22,48 % av -ina-namnførekombinasjonane hørte til kvinner som ikkje var fødd i områda det her er snakk om. I 1900 er denne prosentdelen nesten identisk, då 22,73 % av -ina-namnførekombinasjonane hører til kvinner fødd i andre område. Det ser likevel ut til at forskjellane er vissa litt ut, då 4,20 % av namnførekombinasjonane som hører til kvinner fødd i Vossaområdet er -ina-namn, og 2,5 % av namnførekombinasjonane som hører til kvinner fødd i Hardangerområda også er det. Dette er betydeleg mykje meir enn i 1865. Blant namnførekombinasjonane som hører til kvinner fødd i andre område er det 6,49 % som er -ina-namn. Det er også ein svak oppgang frå 1865,

men den er ikkje like sterk som oppgangen i dei lokale områda det her er snakk om. Det syner at det framleis er slik at kvinnene som har flytta til området er overrepresenterte i denne gruppa, men at ein ser fleire -ina-namn blant kvinnene som er fødd i dei seks områda det her er snakk om.

### 13.5 Andre avleiingsnamn i 1900

Det er i 1900 også brukt ein del avleiingsnamn som endar med andre suffiks enn -ina. Desse er å finne i vedlegg 44. Det er totalt snakk om 19 leksikalske namn, og desse utgjer samla sett 5,97 % av dei leksikalske namna som er å finne i folketeljinga 1900. Det er ein litt mindre prosentdel enn i 1865, men det har likevel kome til fire fleire leksikalske namn. Totalt sett utgjer desse avleiingsnamna 67 namneførekommstar, og det utgjer 0,81 % av den totale mengda namneførekommstar. Dette er lite, men likevel ein større del enn i 1865. Det finst leksikalske namn av denne typen i alle dei seks områda, men det er flest på Vangen, og også ein del i Ulvik og Eidfjord. Når det gjeld mengda namneførekommstar, så syner det seg at dei andre avleiingsnamna er mest utbreidd i Eidfjord, men at dei også er brukt ein del på Evanger, Vangen og i Ulvik.

Det mest brukte avleiingssuffikset når det gjeld mengda leksikalske namn er -a. Her finn ein *Augusta*, *Erika*, *Gustava*, *Karla*, *Olava*, *Olea*, *Oliva* og *Petra*. Suffikset som utgjer nest flest leksikalske namn er -ette. Namna her er *Alette*, *Annette*, *Antonette*, *Bolette* og *Henriette*. Det er fire leksikalske namn som endar på -ikke, og desse er *Didrikke*, *Fredrikke* og *Henrikke*. Vidare er det eitt namn som endar på -ia, og dette er *Olivia*, og eitt namn som endar på -elle, og det er *Gabrielle*.

Åtte av dei leksikalske namna er av kristent opphav, 10 er av anna opphav, og eitt er av usikkert opphav. Språkleg sett er namna med anna opphav i hovudsak å finne i kategorien nordisk med utanlandsk ending, men det er også eitt tysk namn. Dei kristne namna er i hovudsak gresk/latin/hebraiske, men det finst også eksempel på tysk og fransk i dei kristne avleiingsnamna. Når det gjeld namneførekommstane sitt opphav, så syner det seg at nærmere 60 % av førekommstane er kristne, 37,3 % er av anna opphav og i underkant av 3 % av usikkert opphav.

I vedlegg 45 kan ein sjå ein tabell som syner fødestadene som er registrert til namneførekostane som er andre avleiringar, og her syner det seg at 53,73 % av førekostane hører til kvinner som er fødd utanfor dei seks geografiske områda det her er snakk om. Det er ein litt mindre del enn i 1865, men at desse kvinnene er framleis veldig overrepresentert i denne namnetypen, kan ein sjå når ein ser det at 0,37 % av namneførekostane som har Vossaområda som fødestad er andre avleingsnamn, og 0,58 % av namneførekostane som hører til kvinner fødd i Hardangerområda er det, medan heile 3,45 % av namneførekostane som hører til kvinner fødd andre stader er andre avleingsnamn.

#### **14. Namn som endar på -y**

Det er ikkje berre dobbelnamna og avleingsnamna som står fram som moderne i tida kring dei tre folketeljingane det her er snakk om. Eva Villarsen Meldgaard skriv at

I midten af 1800-tallet vender billedet. Romanforfatterne Dickens, Marryat og Scott er nogle af de første engelske forfattere der bliver oversat direkte fra engelsk til dansk, og en mængde engelske fornavne begynder at dukke op i de danske dåbslister. (Meldgaard, 1997: 104)

Her trekkjer Meldgaard fram ein del kvinnenamn som endar på -y, som til dømes *Jenny*, *Fanny* og *Nelly*, og det vil vere interessant å sjå om ein kan finne bruk av slike namn i områda det her er snakk om. Namna som endar på -y er også interessante i norsk samanheng av ein annan grunn. Gullbrand Alhaug meiner at ein frå slutten av 1800-talet har fått inn ei rekke nye kvinnenamn som endar på -y her til lands, som til dømes *Bjørgny* og *Svenny*. Han skriv at «Det er all grunn til å tro at det her er tale om analogi – dels etter engelske namn (*Jenny*, *Anny* o.fl.) – dels etter norrøne (*Signy*, *Dagny* o.fl.)» (Alhaug, 1991: 13). Det vil slik sett vere interessant å studere om namna som endar på -y og -ny er engelske, nylaga eller nordiske, og om eventuelle nylaga ser ut til å vere inspirert av nordiske eller engelske namn.

I folketeljinga 1801 og 1865 finn ein berre to leksikalske namn som endar på -y. Desse er *Borgny* og *Dagny*, og dei er begge eldre nordiske namn, og representerer slik sett ikkje noko moderne når dei førekjem i dei to fyrste folketeljingane. I 1900 er *Borgny* og *Dagny* framleis brukt, og i denne folketeljinga har også *Leikny* kome inn. *Leikny* er også eit gammalt nordisk namn, og representerer slik sett ikkje noko nytt i denne samanhengen. Det er likevel sju leksikalske namn som endar på -y og som ikkje har nordisk opphav i år 1900. Desse er oppstilt i ein tabell i vedlegg 46, og det er snakk om *Benny*, *Betsy*, *Einy*, *Evy*, *Fanny*, *Jenny*, og *Nelly*. Eitt av desse er i fylgje NPL (70) eit nylaga namn som er samansett av Ei- og -ny.

Dette namnet er naturlegvis *Einy*, og det ser slik ut til at det representerer analogi dels etter norrøne namn, og kanskje dels etter engelske, slik som Alhaug skriv. Resten av namna er engelske. Dei sju leksikalske namna fordeler seg på 16 førekomstar, og det er *Jenny* som er det mest brukte med sju førekomstar. *Einy* er nest mest brukt med tre førekomstar, og *Fanny* er tredje mest brukt med to førekomstar. *Benny*, *Betsy*, *Evy* og *Nelly* utgjer alle éin førekomst kvar. 14 av førekomstane er å finne på Vangen, men det finst éin førekomst av namnet *Jenny* på Evanger, og éin førekomst av *Evy* i Granvin.

Når det gjeld fødestad, så kan ein i vedlegg 47 sjå at heile 10 av 16 førekomstar hører til kvinner som er fødd utanfor dei seks områda det her er snakk om. Det er heile 62,5 %, og syner slik at kvinnene som er fødd utanfor dei seks områda er overrepresentert også når det gjeld namneførekomstane av denne namnetypen. Desse namna er korte, og sidan ein veit at dobbeltnamn gjerne har korte fyrstenamn, vil det vere interessant å sjå om desse namna er brukt i dobbeltnamn. Det syner seg at seks av 16 førekomstar er nytta i dobbeltnamn. Eksempel på dette er *Evy Georgine*, *Jenny Magdalena* og *Einy Elisabet*.

## 15. Nordisk namnerenessanse?

Det er ikkje venta at ein vil finne store innslag av nordiske renessansenamn i materialet det her er snakk om, men det vil vere interessant å undersøkje om det finst namn i folketeljinga 1900 som kan setjast i samband med denne teorien. Birgit Eggert stiller spørsmål ved korleis ein eigentleg skal definere den nordiske namnerenessansen, og utfordringane ho set opp i denne samanhengen handlar om kor vidt det er nok at namnet er nordisk og i bruk på 1800-talet, om namnet må ha vore heilt borte, eller om det kan ha funnest i veldig liten grad. Ho stiller vidare spørsmål ved kva opphav namnet må ha for å kunne bli rekna som eit nordisk renessansenamn (Eggert, 2008: 114). Det er slik nokre spørsmål som treng svar før ein kan gå vidare med analysen.

Gunnstein Akselberg skriv at renessanse tyder gjenføding, dvs. at noko som har funnest i ein eldre historisk periode får ei ny blømingstid, ein ny popularitet, i ein seinare periode. Han syner til renessansenamn i samband med kronologisk brot, altså at namnet har blitt brukt, men så forsvunne ut, for så å ha blitt teke i bruk att. Han syner også til namn som har vore i bruk utan å gå ut, men som får ei oppblomstring i ein seinare periode. Akselberg legg vidare vekt på at både arvenamn og lånenamn kan bli renessansenamn etter avgrensinga han legg (Akselberg, 2005: 100). Eggert skriv om Linnea Gustafsson sine fire kriterier for kva namn som skal reknast med, og ho endrar så litt på desse og set sjølv opp nokre punkt. Det fyrste er nordiske namn som har vore fråverande eller sjeldne i ein periode fram mot 1800, og som blei kjent på ny gjennom litteratur. Det andre er namn som fanst i vikingtida og før, det vil seie før kristendommen kom til Norden. Ho nemner så vidare namn på gudar, kongar og heltar frå nordisk oldtid, og namn som både forfattar og lesar trudde var gamle nordiske namn. I tillegg til dette legg ho også til nydanningar med bakgrunn i eldre nordiske namn (Eggert, 2008: 115-116). Det er slik tydeleg at namnforskarane ikkje har vore heilt samde om kva namn som skal reknast for å vere renessansenamn, men at det er ei relativt stor gruppe namn som kan bli rekna for å vere det. Aarset skriv at

Den nordiske namnerenessansen førte til ein sterk auke i tilfanget av nordiske namn, men dei hadde få namneberarar dei første tiåra. Desse namneberarane finn ein truleg i høgare sosiale lag, særleg i byane, men også utover landet, og i familiar som var nasjonalt oppglødde (for målsak, venstresak, fokehøgskuleideane). Aarset, 1982a: 67

Det ein veit om namna på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger, er det at dei nordiske namneforekomstane har kraftig tilbakegang gjennom heile 1800-talet. Det blir totalt sett ikkje færre leksikalske nordiske namn i løpet av perioden, men sidan det kjem til så

mange namn med andre opphav, så utgjer dei nordiske leksikalske namna ein stadig mindre del av det leksikalske namneforrådet. Det ser ut til at det er mange nordiske namn som er lite brukt, men som aldri forsvinn ut av det leksikalske namneforrådet, og det stemmer godt overeins med det som kom fram i sitata henta frå Olav Kolltveit i innleiinga til studien. Det er vanskeleg å seie noko bestemt om i kva grad eit nordisk namn har vore ute av bruk i områda det her er snakk om, då folketeljingane strekkjer seg utover ein periode som er kortare enn 100 år, og berre rekna med personane som høyrd til i områda den dagen då folketeljinga blei halde. Det er slik mogleg at det har funnest ein del kvinner med nordiske namn som anten har døydd eller flytta ut av områda før det var tid for folketeljing.

Det som blir rekna som moglege nordiske renessansenamn i denne studien, er dei nordiske namna som ikkje er å finne i folketeljinga 1801 og 1865, men som har kome inn i eitt eller fleire område i 1900. I kapittel 11.6 kom det fram at det i folketeljinga 1900 kom inn totalt 16 leksikalske nordiske namn som ikkje var med i dei to førre folketeljingane. Ein kan også rekne med tre førekommstar av namnet *Valborg*. Dette namnet er oppført som tysk i NPL (296), men ein kjenner det frå Oehlenschläger sitt skodespel *Axel og Valborg*, og det er difor er eitt veldig aktuelt namn å rekne med her. Ein krysstabell som syner namna si utbreiing i dei ulike områda er å finne i vedlegg 48, og desse namna utgjer samla sett 0,81 % av den totale mengda namneførekommstar i områda i år 1900. Det er slik tydeleg at det ikkje er snakk om mykje brukte namn. Når det gjeld mengda leksikalske namn i dei ulike områda, syner det seg at ein finn eitt på Evanger, 15 på Vangen, eitt på Vossestrand, fire i Granvin, to i Ulvik og fem i Eidfjord. Prosentmengda namneførekommstar syner at desse namna mest utbreidd i Eidfjord, Granvin og på Vangen. Det er her snakk om dei leksikalske namna *Gudrun, Astrid, Hilda, Signe, Gerda, Valborg, Arngunn, Aslaug, Asta, Bergljot, Alvhild, Gudbjørg, Gudvor, Hjørdis, Leikny og Ranfrid*.

Det mest brukte av desse er *Gudrun* som utgjer totalt 14 namneførekommstar i år 1900. Det er fire kvinner som har dette namnet på Vangen, fem på Vossestrand, fire i Granvin, og éi i Ulvik. Den eldste kvinnen er 59 år, medan yngste er fødd i 1900. Det kan slik sjå ut til at dei er ganske spreidde i alder, men det syner seg at nærmere 65 % av desse kvinnene er fem år og yngre. Det nest mest brukte namnet er *Astrid*, og det utgjer totalt 10 førekommstar i år 1900. Tre av desse er registrert på Evanger, seks på Vangen og det er også registrert ei *Astrid* i Granvin. Kvinnene som heiter *Astrid* er mellom eitt og 62 år gamle. 70 % er 13 år eller yngre, så det er tydeleg at også dette er eit relativt «ungt» namn i 1900. Når det gjeld namnet

*Valborg*, så syner det seg at to av dei tre kvinnene som ber namnet høyrer til på Vangen. Den eine er eitt år gamal og dotter til ein handelsmann, medan den andre er 24 år gammal, har flytta til området, og er kona til ein lærar ved folkehøgskulen. Det er også ei kvinne i Hardanger med dette namnet. Ho er seks år gammal og dotter til ein gardbrukar. Det ser slik ut til at ein del av kvinnene som har desse namna har variert sosial bakgrunn.

I vedlegg 49 kan ein sjå at det er tydeleg at det er i aldersklassen 0-9 år at ein finn den største prosentdelen namneførekommstar av desse leksikalske namna, og det blir slik klart at mange av dei har kome inn i det leksikalske namneforrådet like før folketeljinga 1900.

Aarset meinte at desse namna ville kome fyrst inn i byane, og sjølv om ein ikkje her får vite noko om kor vidt kvinnene kjem frå bygd eller by, så vil det vere interessant å studere kor utbreidd bruken av desse namna er blant kvinnene som ikkje er fødd i områda det her er snakk om. Her kjem det fram at desse namna utgjer 0,64 % av namneførekommstane som er registrert med Vossaområda som fødestad, 0,85 % av namneførekommstane som er registrert med Hardangerområda som fødestad, og 1,63 % av namneførekommstane som er registrert med alle andre stader som fødestad. Namna er lite brukt i alle områda, men ein ser tydeleg at ein litt større del av desse namneførekommstane er registrert til kvinner fødd andre stader er av denne typen.

## **16. Oppsummering av studien**

Det blei i kapittel 5 stilt ein del spørsmål og sett fram nokre hypotesar. Desse har fungert retningsgivande i analysen, og eg vil her forsøke å trekke saman trådane og summere opp resultata som kom fram av spørsmåla som blei stilt. Dei enkelte hypotesane vil så bli kommentert til heilt til slutt.

### **16.1 Oppsummering om kvinnene og namna**

Med tanke på å danne eit viktig grunnlag for den vidare analysen, blei det her stilt spørsmål ved kor mange kvinner, namneforekomstar og leksikalske namn ein kunne finne i dei ulike områda. Det blei i forhold til dette stilt vidare spørsmål ved om ein fann forskjellar i mengda leksikalske namn i dei ulike områda, og om det over tid var påfallande store endringar i mengda leksikalske namn, då større variasjon i det leksikalske namneforrådet er eit tydeleg teikn på modernisering. Det var ei utfordring å samanlikne mengda leksikalske namn, då ein det var mange færre kvinner i Hardangerområda enn i Vossaområda, men i 1801 fann ein at det var flest leksikalske namn på Vangen, noko som er naturleg då så mykje som over 40 % av kvinnene faktisk budde i dette området. Det var likevel slik at det var færre namneforekomstar for kvart leksikalske namn i Hardangerområda, så samla sett var kanskje variasjonen vel så stor i dei områda. Dette kan ein også sjå i det at det var i Hardangerområda at det relativt sett var flest leksikalske namn som berre utgjorde éin førekommst, og på Vossestrand at det var minst. I 1865 hadde det kome til fleire kvinner, namneforekomstar og leksikalske namn i alle dei seks områda, og det hadde blitt spesielt mange fleire leksikalske namn i Ulvik, Eidfjord, og på Vangen. Prosentdelen namn som berre utgjorde éin førekommst hadde også auka sidan 1801. I 1865 varierte det mellom at 22,2 % og 44,3 % av dei leksikalske namna berre utgjorde éin førekommst, og dette syner sannsynlegvis at mange av dei leksikalske namna som sto fram som nye i forhold til 1801, sannsynlegvis ikkje var så mykje brukta. Den kraftige folkeauken som fann stad i tida mellom 1801 og 1865, såg ut til å ha stagnert i fleire av områda fram mot 1900, men på Vangen hadde det kome til over 1000 fleire kvinner, og det blei samla sett ein folkeauke også fram mot 1900. Når det gjaldt mengda leksikalske namn, så skjedde ein veldig stor auke på Evanger og Vangen, men det kom også til litt fleire leksikalske namn i Ulvik og Eidfjord. På Vossestrand og i Granvin hadde mengda leksikalske namn stagnert, og i år 1900 varierte det mellom at 26,25 og 42,86 % av dei leksikalske namna berre hadde éin berar.

## 16.2 Oppsummering av namna sitt opphav

Det blei vidare reist spørsmål ved om det skjedde ei utvikling i fordelinga av namneopphav, både når det var snakk om det leksikalske namneforrådet, og når det var snakk om mengda namneførekommstar. I 1801 syntet det seg at mesteparten av dei leksikalske namna var kristne og nordiske, og dei kristne namna var i eit lite fleirtal i dei fleste områda. Det var også ein del leksikalske namn som hadde anna opphav i alle områda, men desse utgjorde berre ein liten del av dei leksikalske namna i sitt område, og var mest utbreidd i Hardangerområda. Dette biletet endra seg litt då ein studerte alle områda samla. Då syntet det seg at det var eit tydeleg fleirtal av kristne leksikalske namn, og at dei nordiske namna spelte ei mindre rolle enn då ein såg områda kvar for seg. Namna med anna og usikkert opphav utgjorde her ein betydeleg del av dei leksikalske namna, og dette måtte samla sett bety at det var større variasjon i kva leksikalske kristne namn, og kva leksikalske namn med anna og usikkert opphav som blei brukt i dei forskjellige områda, medan det i større grad var dei same leksikalske nordiske namna som var brukt i alle dei seks områda. Namneførekommstane i 1801 syntet at det var eit tydeleg fleirtal av kristne namneførekommstar, og at det særleg var i Vossaområda at desse var mykje brukt. Dei nordiske namna utgjorde relativt sett flest namneførekommstar i Hardangerområda, og namna med anna og usikkert opphav utgjorde veldig få namneførekommstar i alle områda, men var mest utbreidd i Hardangerområda. Dei gammalengelske og engelske namna var tydeleg mest brukt på Voss, og det same gjaldt dei tyske namneførekommstane. Det såg ikkje ut til å vere nokon særleg samanheng mellom alder og namneopphav i 1801, noko som tyda på at namngjevinga hadde vore stabil i tida før folketeljinga. Det var likevel slik at det var i den yngste aldersklassen at ein fann relativt sett flest kristne, og færrast nordiske namneførekommstar. Evanger og Ulvik sto fram som kvar sine ytterpunkt i det det var på Evanger ein fann flest kristne og færrast nordiske namneførekommstar, og i Ulvik at ein fann færrast kristne og flest nordiske.

I 1865 var det tydeleg at dei kristne leksikalske namna hadde fått styrka posisjon, medan dei nordiske leksikalske namna utgjorde ein mindre del av det leksikalske namneforrådet i alle dei seks områda. Det kom tydeleg til fleire leksikalske namn av anna opphav, og då ein såg alle områda samla, syntet det seg i endå sterkare grad at dei nordiske leksikalske namna spelte ei tydeleg mindre rolle enn i 1801, og at dei kristne namna utgjorde over halvparten av dei leksikalske. Dei leksikalske namna med anna opphav utgjorde også ein betydeleg større del av dei leksikalske namna i dei fleste områda i 1865. Når det gjaldt namneførekommstane, så syntet det seg at dei kristne namna utgjorde ein større del i alle områda bortsett frå på Evanger

samanlikna med i 1801. Medan dei kristne namna var mest utbreidd i Vossaområdet i 1801, så var dei mest utbreidd i Hardangerområdet i 1865. Her blei det også tydeleg at namna med anna opphav utgjorde relativt få namneførekommstar, sjølv om dei tydeleg hadde hatt positiv utvikling sidan førre folketeljing. Det hadde vidare kome til namn med fleire nye språklege opphav samanlikna med kva ein fann i folketeljinga 1801. Ein kunne i denne folketeljinga også sjå ein viss samanheng mellom alder og namneophav, i det at ein større del av namneførekommstane som hørde til dei yngre kvinnene var kristne, og ein mindre del nordiske. Dette syner den same utviklinga som ein kunne stille spørsmål om var i gang i den yngste aldersgruppa i folketeljinga 1801. Når det gjaldt samanhengen mellom opphav og fødestad, så synte det seg relativt tydeleg at namna som hørde til kvinnene som var fødd utanfor dei seks områda i større grad er var av kristent og anna opphav, og i mindre grad av nordisk opphav, i forhold til kva ein fann då ein såg alle fødestadane samla.

I folketeljinga 1900 blei det klart at utviklinga ein kunne sjå mellom 1801 og 1865 heldt fram. Dei kristne leksikalske namna utgjorde ein endå større del av det leksikalske namneforrådet i dei fleste områda, og det same gjorde namna med anna opphav, medan dei nordiske namna gjekk ytterlegare tilbake. Fordelinga av namneførekommstane synte at dei kristne namna spelte ei endå større rolle enn tidlegare, og at dei sto sterkest i Ulvik og Eidfjord. Granvin såg i denne samanhengen ut til å ha meir felles med Vossaområda, og Evanger skilte seg litt ut frå dei andre Vossaområda med at ein her fann fleire kristne, og færre nordiske namneførekommstar. Namneførekommstane av anna opphav gjekk tydeleg fram, men det var framleis tydeleg at desse namna var meir varierte leksikalsk sett, og at det ikkje var så mange førekommstar for kvart leksikalske namn av denne typen. Språkleg sett hadde det kome til fleire nye opphav i forhold til tidlegare, men desse var relativt lite brukt. Når det gjaldt samanhengen mellom opphav og alder, kunne ein framleis sjå eit skilje som synte at namneførekommstane som hørde til dei yngre kvinnene i større grad var kristne og av anna opphav, men sidan denne utviklinga hadde vore i gang ei god stund, gjaldt skiljet her kvinnene som var over og under 40 år. Det synte seg at namneførekommstane som hørde til kvinner fødd andre stader, i større grad var av kristent og anna opphav enn namneførekommstane til dei innfødde kvinnene, og dette er det same som ein kunne sjå i 1865.

### **16.3 Oppsummering av dei mest sentrale leksikalske namna si utvikling**

I samband med dei mest sentrale namna blei det stilt spørsmål ved kva likskapar, forskjellar og utvikling ein kunne sjå blant dei 20 mest brukte namna i dei ulike områda. I 1801 kom det fram at dei tre mest brukte namna utgjorde i underkant av 30 % av namneførekostane i dei fleste områda, og at dei 20 mest brukte namna utgjorde i underkant av 80 % av namneførekostane i dei ulike områda. Evanger og Ulvik skilte seg ut ved at konsentrasjonen kring dei mest brukte namna var tettast på Evanger, og svakast i Ulvik. Når det gjaldt dei mest brukte namna sitt opphav i 1801, så kom det fram at det var ei relativt jamn fordeling mellom kristne og nordiske leksikalske namn på topplistene, men at det var litt fleire kristne leksikalske namn. Namneførekostane til dei mest brukte namna synte at dei kristne dominerte tydeleg, og det dei sto sterkest i Vossaområda. Dei nordiske namna var slik relativt sett meir brukt i Hardangerområda enn på Voss, og det var også her mogleg å sjå Evanger og Ulvik som kvar sine ytterpunkt, i det at ein i Ulvik fann relativt sett minst kristne og mest nordiske namneførekostar, medan ein på Evanger fann mest kristne og minst nordiske. Ved å slå saman alle dei leksikalske toppnamna i dei ulike områda fann ein at det var totalt 46 stykk. 17 av desse var brukt i tre område eller meir, og 10 stykk var å finne på topplista i alle områda. Då namna som var brukt i fem område eller mindre blei studert, kunne ein sjå eit relativt tydeleg geografisk mønster. Det såg ut til at når namna ikkje var brukt i alle områda, så fordelte dei seg utover eitt av dei to hovudområda. Ein kunne slik sjå eit klart skilje mellom namna som var å finne på topplistene på Voss, og namna som var å finne på topplista i dei tre Hardangerområda. I samanlikninga av dei 20 mest brukte namna på Vangen med dei 20 mest brukte namna i Ingebrigtsen sitt materiale, kom det fram at relativt mange av namna som var å finne blant dei 20 mest brukte på Voss i 1645, også var blant dei mest brukte på Vangen i 1801. Det såg slik ut til å ha vore stabilitet i namngjevinga i dette området over lengre tid. Samanlikninga med Tronæs sitt 1801-materiale synte at mange av dei mest brukte namna i Ullensvang var dei same som dei mest brukte namna i mine område. Særleg Hardangerområda hadde mykje felles med Ullensvang, noko som geografisk sett ikkje var overraskande.

På topplistene i 1865 kunne ein sjå at dei 20 mest brukte namna utgjorde ein større del av namneførekostane i Vossaområda, og ein mindre del i Hardangerområda i forhold til i 1801. Dei leksikalske nordiske namna hadde tilbakegang alle andre stader enn Evanger, medan dei leksikalske kristne namna utgjorde ein større del av topplistene enn tidlegare, i alle fall så lenge ein såg bort frå Evanger og Vossestrand. Dei kristne namneførekostane hadde ein

veldig sterkt framgang blant toppnamna i Hardanger, og dei nordiske namna hadde tilsvarende tilbakegang i desse områda. Opphavsfordelinga i toppnamna på Voss såg ut til å vere meir stabil, men på Vossestrand hadde det kome inn eitt leksikalsk namn med anna opphav. Blant namna som ikkje var å finne på topplistene i alle dei seks områda, kunne ein sjå at dei i større grad spreidde seg over grensa mellom Voss og Hardanger enn kva ein kunne sjå i 1801.

I år 1900 hadde namnetettleiken til dei 20 mest brukte namna gått tydeleg ned på Evanger, Vangen, i Granvin og i Ulvik, og dei mest brukte namna dekkja slik ein mindre del av namneforekomstane enn tidlegare. Dei kristne namna hadde framgang i alle områda unntatt i Eidfjord, og dei utgjorde ein tydeleg større del av namneforekomstane blant dei mest brukte namna. Granvin såg ut til å opphavsmessig ha meir til felles med Vossaområda, enn med Hardangerområda. Namna som var å finne på topplista i to område, haldt seg stort sett i Hardanger eller Vossaområdet, og dette syner at det skiljet ein kunne sjå i 1801 ikkje er heilt viska ut i 1900. Samanlikninga med Tronæs sitt materiale synte det seg her at om lag like mange av dei leksikalske namna på topplistene var felles.

## **16.4 Oppsummering av dei leksikalske namna si utvikling gjennom folketeljingane**

Det blei stilt spørsmål ved kor store utskiftingar det var i den totale leksikalske namnemassen gjennom dei tre folketeljingane, og i analysen kom det fram at det skjedde relativt store endringar i dei leksikalske namna. Mellom 1801 og 1865 forsvann det ut 26 namn som var med i folketeljinga 1801. Mesteparten av desse var av usikkert og nordisk opphav. Det var vidare 10 leksikalske namn som var å finne i eitt eller fleire område i 1801 og 1865, men som så forsvann ut før folketeljinga 1900. Fleirtalet av desse var av nordisk opphav, så det blei slik tydeleg at det var flest leksikalske nordiske namn som forsvann ut. Det kom så inn 109 leksikalske namn i 1865. 46 av desse forsvann ut att før 1900. Dei fleste av desse utgjorde veldig få førekommstar. Mesteparten var av kristent og usikkert opphav, og ein fann mange avleiingsnamn blant desse. Heile 63 av dei leksikalske namna som kom inn som nye i 1865, var framleis med i folketeljinga 1900. Mesteparten av desse gjekk opp i bruk mellom teljingane, og dei aller fleste hadde kristent opphav. Heile 109 leksikalske namn kom inn som nye i 1900. Fleirtalet av desse var av kristent og anna opphav, men det er her spesielt at det også kom inn ein del nordiske namn. Det syner seg at det faktisk var to nordiske namn som blei mest brukt av namna som sto fram som nye i 1900. Det ser slik ut til at det har skjedd

relativt store endringar blant dei leksikalske namna i løpet av perioden. Ein god del namn forsvann ut, men desto fleire kom inn, og ein sat i år 1900 att med eit leksikalsk namneforråd som var mykje større enn det ein fann i 1801. Det må likevel nemnast at så mykje som 98 leksikalske namn var med i alle dei tre folketeljingane. Litt over halvparten av desse var kristne, om lag 10 % av anna opphav, og resten av nordisk opphav. Dersom ein studerer kor stor del av namnførekommstane desse 98 leksikalske namna utgjorde i kvar enkelt folketeljing, finn ein at dei utgjorde ein overveldande stor del av førekommstane, så mykje som 98,7 % i folketeljinga 1801, 95,05 % i folketeljinga 1865 og 88,2 % i folketeljinga 1900. Ein ser slik at det var stor leksikalsk variasjon, og relativt mykje utskiftingar mellom dei tre folketeljingane. Denne gjekk i retning av stadig fleire namn, men det må likevel kunne seiast at det har vore sterkt grad av stabilitet når det gjeld kva namn storparten av namnførekommstane fordele seg på.

## 16.5 Oppsummering av kvinnene med dobbeltnamn

Det blei stilt ei rekke spørsmål i samband med bruken av dobbeltnamn, og det blei her nødvendig å gi ein grundig presentasjon av utbreiinga av dobbeltnamn i dei ulike områda gjennom dei tre folketeljingane. I 1801 blei det talt 32 kvinner med dobbeltnamn. 30 av desse hadde to namn, medan to stykk hadde tre namn. Kvinnene med dobbeltnamn utgjorde ein svært liten prosentdel av kvinnene, og det blei slik tydeleg at dobbeltnamn ikkje var ein vanleg namnatype i 1801. Det blei funne dobbeltnamn i alle områda unntatt på Evanger og Vossestrand, og det syntes seg slik at skikken såg ut til å vere mest utbreidd i Hardanger. Fire av namnekombinasjonane var brukte meir enn éin gong, men det var ingen kombinasjonar som sto fram som vanlege dobbeltnamn. *Anna* og *Cecilie* var mest brukte som fyrstenamn, og *Marie* mest brukte som andrenamn. Mesteparten av dei leksikalske namna og namnførekommstane brukte i dobbeltnamn var kristne, og nesten ingen nordiske. Det var brukte forskjellige stavingskombinasjonar i 1801, men den mest vanlege var 2+3. Alderen til kvinnene med dobbeltnamn var i 1801 relativt spreidd, men det syntes seg at ein særleg stor prosentdel av kvinnene mellom 20 og 29 år hadde dobbeltnamn. Når det gjaldt kor vidt kvinnene med dobbeltnamn var registrert med primærpatronym eller etternamn, kom det fram at eit tydeleg fleirtal av kvinnene hadde etternamn, samanlikna med det ein fann hjå kvinnene som ikkje hadde dobbeltnamn. Når ein i tillegg fann mange spesielle yrkestitlar i nær familie med dobbeltnamnberarane, blei det relativt tydeleg at dette ikkje var ein vanleg namnatype for gjennomsnittskvinna i områda i 1801.

I 1865 hadde det skjedd ei viss utvikling i bruken av dobbeltnamn. Det blei i denne folketeljinga registrert 96 kvinner med det, og seks av desse hadde tre fornamn. Det var framleis snakk om ein svært liten prosentdel av kvinnene, men det var i denne folketeljinga berre på Evanger at ein ikkje fann kvinner med dobbeltnamn. Skikken var mest utbreidd i Ulvik og Granvin, men også på Vangen. Fem av namnekombinasjonane var brukt meir enn éin gong, og ingen av desse var brukt fleire gonger i 1801. *Anna* og *Katrine* var dei mest brukte fyrstenamna, så *Anna* oppretthaldt slik posisjonen sin frå 1801. *Maria* og *Margrete* var mest brukt som andrenamn. Det var framleis mest kristne namn i dobbeltnamna, men relativt sett litt færre enn i 1801, då det hadde kome til fleire namn av anna opphav. Den mest vanlege stavingskombinasjonen var framleis 2+3, men 3+3 var også veldig vanleg i 1865. Det blei i 1865 funne eit tydelegare aldersmønster enn i 1801, då ein større del av kvinnene som var mellom 0 og 29 år hadde dobbeltnamn, enn kva ein fann blant kvinnene som var eldre. Fødestaden til kvinnene med dobbeltnamn synte at nesten halvparten var fødd andre stader enn i dei seks områda det er her snakk om, og sidan kvinnene fødd andre stader var i mindretal, blei det veldig tydeleg at desse var overrepresenterte som dobbeltnamnbrukarar. Det såg framleis ut til å vere ein tydeleg samanheng mellom bruken av etternamn og dobbeltnamn, men samanhengen var likevel litt mindre enn i 1801, noko som kanskje kan tyde på at dobbeltnamn var begynt å bli ein litt vanlegare namnetype.

I år 1900 var det 223 kvinner med dobbeltnamn, og dette er syntet seg å vere ein litt større prosentdel av kvinnene enn tidlegare. Dobbeltynamna var no brukt i alle dei seks områda, men det varierte veldig kor utbreidd bruken var. Det var framleis i Ulvik at ein relativt sett fann flest kvinner med dobbeltnamn, men det var også ein god del i Granvin, på Vangen, og overraskande nok på Evanger. Ni av kvinnene blei registrert med tre fornamn, og det er slik tydeleg at det ikkje var spesielt vanleg med så lange dobbeltnamn i nokon av folketeljingane. 12 kombinasjonar var brukt fleire gonger, og den mest brukte av desse var *Anna Katrine*. *Anna* var framleis det mest brukte fyrstenamnet, og *Marie* var det vanlegaste andrenamnet. Opphavsmessig blei det kjend at dei kristne namna framleis dominerte i dobbeltnamn, men dei nordiske namna var også meir utbreidd i dobbeltnamna enn tidlegare. 2+3 var den vanlegaste stavingskombinasjonen også i år 1900, og denne dominerte mykje tydelegare i 1900 enn tidlegare. Når det gjaldt kvinnene sin alder, så blei det her klart at bruken av dobbeltnamn var mest utbreidd blant kvinnene mellom 0 og 9 år, men at det generelt sett var ein større del av kvinnene under 50 år som hadde dobbeltnamn i forhold til tidlegare.

Fødestaden til kvinnene synte at det framleis var ein klart større del av kvinnene som var fødd andre stader som hadde dobbelnamn, men at forskjellen likevel var mindre enn i den førre teljinga. Fordelinga av etternamn og primærpatronym synte at ein større del av kvinnene med dobbelnamn hadde primerpatronym som etternamn i forhold til tidlegare, men at etternamna framleis var overrepresenterte hjå kvinnene med dobbelnamn.

## 16.6 Oppsummering av -ina-namna og andre dei andre avleiingsnamna

Det blei stilt spørsmål ved utviklinga i bruken av -ina-namn og andre avleiingsnamn, då desse namnetypane er kjende for å vere typisk moderne namn gjennom 1800-talet. I 1801 var det ingen -ina-namn i områda, og det var berre nokre svært få avleiingsnamn i bruk på Vangen og Vossestrand.

Det hadde slik sett skjedd store endringar fram mot 1865, då det plutselig var 28 leksikalske -ina-namn i områda. Nesten alle desse namna var avleidde frå mannsnamn, og dei opptok ein betydeleg del av det leksikalske namnefforrådet i fleire av områda, særleg på Vangen, Vossestrand, og i Granvin og Ulvik. Når det gjaldt mengda namneførekommstar synte det seg at namna var lite utbreidd, men mest brukt på Vossestrand. *Olina* var det klart vanlegaste -ina-namnet, og *Gurina* var også ein del brukt. Opphavsmessig blei det klart at eit fleirtal av dei leksikalske -ina-namna var av kristent opphav, men at det også var mange med anna opphav. I denne siste gruppa fann ein mange nordiske namn med utanlandsk ending, og førekommstmessig var det namna med anna opphav som dominerte. Alderen som var registrert til dei enkelte førekommstane, synte at det var i aldersgruppa 0 til 19 år at størst prosentdel av namneførekommstane var -ina-namn, og at det var ein sjeldan namnetype blant namneførekommstane som høyrde til personar eldre enn 29 år. Fødestadene synte at under ein fjerdedel av -ina-namnførekommstane høyrde til kvinner fødd utanfor områda, noko som gjerne tyda på at dette var ein meir akseptert namnetype enn dobbelnamna i 1865. Det var 14 leksikalske andre avleiingsnamn i 1865, og desse fordelte seg på svært få førekommstar. Fødestaden registrert til desse namna synte at ein svært stor del av namneberarane var fødd utanfor dei seks områda det her er snakk om.

I år 1900 var det totalt 45 leksikalske -ina-namn, og desse utgjorde ein større del av det leksikalske namnefforrådet enn -ine-namna gjorde i den førre folketeljinga. Ein fann den same positive utviklinga ved å studere mengda namneførekommstar, og det synte seg at namna var

mest bruk i Vossaområdet, men at dei også var relativt mykje bruk i Ulvik, og til dels i Granvin. Dei fleste av desse namna var framleis avleidde frå mannsnamn, og ved å studere namneførekommstane kom det fram at -ina-namna med kristent opphav var meir bruk i 1900 enn i 1865, men at det framleis var eit fleirtal av -ina-namnførekommstar av anna opphav. Alderen registrert til -ina-namna synte at det var i dei yngre aldersklassane at ein fann størst prosentdel av namneførekommstane som var -ina-namn, men det var større variasjon i dette spørsmålet samanlikna med i 1865. Då ein såg namneførekommstane ut frå fødestad, synte det seg at omtrent like stor del av førekommstane høyrd til kvinner fødd andre stader som i 1865, men at ein tydeleg større prosentdel av namneførekommstane som høyrd til lokale kvinner var -ina-namn. Dei andre avleiingsnamna utgjorde ein litt mindre del av det leksikalske namneforrådet i 1900 enn i 1865, til tross for at det hadde kome til fire fleire. Fødestaden til desse namneførekommstane synte at over halvparten av førekommstane høyrd til kvinner fødd utanfor områda i 1900, men at det likevel var ein nedgang sidan 1865.

## **16.7 Oppsummering av namna som endar på -y**

Mykje av dei same spørsmåla ein stilte i forhold til -ina-namna og dei andre avleiingsnamna, kunne stillast til namna som enda på -y. Her kom det fram at det berre var nokre få slike namn i folketeljinga 1801 og 1865, og at desse var gamle nordiske namn, og slik sett ikkje interessante i denne samanhengen. I år 1900 hadde det derimot kome inn sju leksikalske namn som enda på -y, der eitt var nylaga og resten av kristent opphav. Desse fordelte seg på svært få førekommstar, og det synte seg at ein stor del av desse førekommstane høyrd til kvinner fødd i andre område. Desse namna var relativt korte, og mange var nytta som fyrstenamn i dobbeltnamn.

## **16.8 Oppsummering av nordisk namnerenessanse**

Det blei stilt spørsmål om den nordiske namnerenessansen slo gjennom i områda, og det synte seg at det kom inn ein del nordiske namn i folketeljinga 1900, som ikkje hadde vore å finne i folketeljinga 1801 og 1865. Det var totalt snakk om 11 leksikalske nordiske namn, og i tillegg til dette kom også *Valborg* som er av tysk opphav, men typisk renessansenamn inn. Då ein studerte dei mest brukte synte deg seg at namneberarane var relativt unge.

## **16.9 Oppsummering med forsøk på å gi svar til hypotesene**

I hypotesane som gjaldt folketeljinga 1801 kom det fram at ein venta å finne ein viss forskjell mellom namna i Vossaområda og namna i Hardangerområda. Sidan Hardanger ikkje var like isolert som Voss, kunne ein her rekne med at namna i Hardanger ville stå fram som mest moderne. Det ser ut til å vere tydeleg at det var ein forskjell mellom namna i dei to områda, men overraskande nok skulle syne seg at dei nordiske namna var meir utbreidd i Hardanger enn på Voss. Det var likevel ikkje slik at namna i Hardanger kunne seiast å vere mindre moderne enn namna i Vossaområda, då det blant anna synte seg at namna med anna og usikkert opphav var meir utbreidd i Hardanger enn på Voss, og at konsentrasjonen kring dei mest brukte namna var minst tett i Hardangerområda. Doppeltnamna var også mest utbreidd i Hardanger, og når det gjaldt bruken av avleiingsnamn, så må det seiast at begge områda sto fram som svært lite moderne. Det synte seg vidare at ein kunne sjå ein tydeleg forskjell mellom områda i det at namna som var å finne på topplistene i nokre få område gjerne haldt seg anten i Hardangerområda eller i Vossaområda. Til folketeljinga 1801 blei også sett fram ein hypotese om at namna på Evanger ville vere ulike namna i dei andre Vossaområda, og dette ser ut til å stemme ganske godt både når det gjeld namnetettleik og namneoppav, i den forstand at namna på Evanger i større grad konsentrerte seg kring dei mest brukte namna, og at dei kristne namna var tydeleg mest utbreidd i dette området.

Det var frå ein samfunnsmessig ståstad venta at ein i 1865 ikkje ville finne så store endringar i namna sidan førre folketeljing, med unntak av det ein kunne rekne med av endringar grunna folkeauken. Det ser ut til at denne hypotesen slår ganske feil, då det skjedde relativt kraftige endringar både i det leksikalske namneforrådet, og i opphavsfordelinga til namneførekostane i tida fram mot denne teljinga. Dei kristne namna gjekk kraftig fram, særleg i Hardangerområda, og det kom i fleire av områda inn ein god del leksikalske -inanamn og nokre andre avleiingsnamn. Namna som var å finne på nokre få topplister kryssa i større grad grensa mellom Voss og Hardanger, samanlikna med det ein såg i 1801, og det såg slik ikkje ut til at skiljet mellom områda var like sterkt på dette punktet i 1865.

Med utgangspunkt i ytre samfunnsforhold kunne ein rekne med at endringane i personnamnforrådet ville vere størst i tida mellom 1865 og 1900. Dette ser ut til å stemme rimeleg bra, for i år 1900 kom det inn svært mange nye leksikalske namn, og særleg namna

med kristent og anna opphav hadde positiv utvikling. Vangen var mykje meir folkerikt enn dei andre områda, og relativt sett såg det ut til at namna i Hardangerområda var vel så moderne som namna i Vossaområda. Det var likevel på Vangen at ein fann den mest varierte samlinga av namn med forskjellige språklege opphav, og det var her ein kunne sjå flest forskjellige -ina-namn og dobbelnamnkombinasjonar. Det var også i dette området at ein fann størst innslag av namn som enda på -y, og namn knytt til nordisk namnerenessanse.

Den eine hypotesen tok her utgangspunkt i at namna på Evanger ville nærme seg namna på Vangen, då jernbanen opna opp for mykje tettare kontakt mellom områda. Det var her interessant å sjå at det til tross for relativt svak folkeauge, kom inn veldig mange nye leksikalske namn i området, og at både -ina-namna og dobbelnamna hadde positiv utvikling. Det er vanskeleg å setje dette i samanheng med jernbanen, men det må seiast å vere påfallande store endringar i namnefforrådet i dette området mellom 1865 og 1900. Det var også venta at namna i Granvin kanskje ville nærme seg namna på Voss, og dette ser ut til å stemme relativt bra, i alle fall når det er snakk om namneførekommstane sitt opphav. Det er mykje meir kristne, og mykje mindre nordiske namneførekommstar i Ulvik og Eidfjord, enn kva ein finn i Granvin og i Vossaområda.

## 17. Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein (2005) Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn. I: *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen: rapport fra NORNAs 34. symposium, Dømmesmoen 10.-12. september 2004*, s. 99-122
- Alhaug, Gulbrand (1991) Frå Dagny og Jenny til Bjørgny og Penny. Nye kvinnenamn på -y etter mønster av namn med liknande struktur i norrønt og engelsk. I: Albøge, Gordon, Eva Villarsen Meldgaard og Lis Weise. *Analogi i Navngivning. Tiende nordiske navneforskerkongress Brandbjerg 20.-24. maj 1989*, Norna-rapporter 45, s. 13-47.
- Alhaug, Gulbrand (2003/2004) Hanne Elise Caroline – om framveksten av fleirnamnsskikken i Noreg på 1700-talet. I: *Navn og nemne*, 20/21, s. 63-94.
- Alhaug, Gulbrand (2004) *Fornavn i Noreg fra 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*. Oslo: Novus forlag.
- Alhaug, Gulbrand (2011) *10001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Bach, Tron og Johannes Gjerdåker (2008) *Rallarvegen. Frå Haugastøl til Flåm og Voss. Ein kulturhistorisk vegvisar*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Blomstedt, Janne-Kristin Klock (2007) *Personnavn i Bergen 1645*. Hovudfagsoppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen.
- Brekke, Nils Georg (red.) (1993) *Kulturhistorisk vegbok. Hordaland*. Bergen: Nord 4. Vestkyst. Hordaland fylkeskommune.
- Bruun, Elin Jørgensen (2006) *Kvinnenavn i futedømmene Nordfjord og Ytre Sogn i 1645. Hovudfagsoppgåve i nordisk*, Universitetet i Bergen.
- Digitalarkivet (1980) NOS B134. Folketeljinga 1801. Ny bearbeiding [Internett], Oslo. Tilgjengeleg frå: <http://digitalarkivet.no/dok/1801/1801dok.html> [Lasta ned 5. september 2011].
- Digitalarkivet 2 (ukjent år) Folketellingen 31. desember 1865 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <<http://digitalarkivet.no/1865/Om1865.htm>> [Lasta ned 5. januar 2012].
- Digitalarkivet 3 (ukjent år) Folketellingen 3. desember 1900 (Land) [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://digitalarkivet.no/1900/om1900.htm> [Lasta ned 5. januar 2012].
- Digitalarkivet (2012) Tilgjengelig frå: <http://www.arkivverket.no/Digitalarkivet> [Nedlasta 5. januar 2012].
- Eggert, Birgit (2008) Nordisk navnerenæssance i Danmark. I: Kvaran, G. mfl. (red.) *Nordiska namn – Namn i Norden. Tradition og förnyelse. Handlingar från Den fjortonde*

*nordiska namnforskarkongressen i Borgarnes 11.-14. augusti 2007*, NORNA-rapporter 84, s. 113-139.

Frøysland, Cecilie (2011) *"Fra Nicolaia og Chrispinus til Rakel og Moses"*. Personnavn og personnavnforråd i Jølster og Gloppen prestegjeld fra 1801 til 1900. Masteroppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen.

Gjerdåker, Johannes (1991) *Ålmenn soge for Voss. Frå 1800 til vår tid*. Voss: Voss Bygdebokhandel.

Gjerdåker, Johannes (1999) *Levande landskap. Vossebygdene – Granvin – Nærøydalen*. Voss: Voss Veksel- og Landmandsbank ASA.

Gåsland, Halvor (2011) *Personnamn, ei kjelde til å spore historisk kontakt mellom Lærdal og Valdres?* Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.

Heggland, Johannes (1976) Sunnhordland, Hardanger og Voss – Ei ulik treeining. I: Hartvedt, G. H. (red.) *Hordaland og Bergen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Heggstad, Leiv (1923) Personnamn fraa Voss. *Vossabygdene*, XIII, s. 5-24.

Holthe, Jannecke Hervig (2006) *Ole og Hans, Anna og Maria. Døpenavn i Bergen i første halvdel av 1700-tallet*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.

Horgen, Gudlaug Nedreliid (1985) *Ola på Ola, og endå ein Ola: personnamna i Indre Sogn i folketeljingi av 1801*. Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.

Ingebrigtsen, Torunn Irene (2008) *Kvinnenamn i Nordhordland, Sunnhordland og Voss i 1645*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.

Johannessen, Ole-Jørgen (2011) Olav og Anna - Innlånte navn og nordiske navn på 1500- og 1600-tallet. I: Sandøy, Helge og Ernst Håkon Jahr (red.) *Særtrykk av Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525-1814). Minneskrift for Kartan Ottosso*, Oslo: Novus forlag.

Juvkam, Dag (1999) Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen [Internett]. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå: <[http://www.ssb.no/emner/00/90/rapp\\_9913/rapp\\_9913.pdf](http://www.ssb.no/emner/00/90/rapp_9913/rapp_9913.pdf)> [Nedlasta 20. april 2012].

Kolltveit, Olav (1936) Døypenamn og namnetradisjonar i Hardanger. *Hardanger*, årgangen 1936, s. 1-16.

Kolltveit, Olav (1947) Folkenamn og namnebruk. Litt namnestatistikk frå Hardanger. *Hardanger*, årgangen 1947, s. 14-26.

Kolltveit, Olav (1977) *Granvin, Ulvik og Eidfjord i gamal og ny tid*. Bergen: Granvin, Ulvik og Eidfjord Bygdeboknemnd.

- Kristiansen, Jan Erik og Jørgen Ouren (1998) *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Kruken, Kristoffer (1981) Personnamn i Leksvik frå reformasjonen til i dag. I: Stemshaug, Ola (red.) *Norske personnamnstudiar*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 176-208.
- Kruken, Kristoffer (1982) Frå refomasjonen til den nordiske namnerenessansen. I: Stemshaug, Ola (red.) (1982), *Norsk personnamnleksikon*. Oslo: Det norske samlaget. s. 44-65.
- Landøy, Ane (1990) *Modernisering og Mentalitetsendring. Ei undersøking frå Førde 1800-1900*. Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Landøy, Ane (1995) Modernisering i namnebruk. *Namn og Nemne*. 12, s. 51-69.
- Linneballe, Poul (1944) Frederik Paludan-Müller. I: Stangerup, Hakon *Danmarks store digtere. Dansk Litteratur-Haandbog*. Odense: Skandinavisk bogforlag A/S.
- Meldgaard, Eva Villarsen (1982) Dansk fornavneskik i 1600-tallet. I: Studier i nordisk filologi 63, s. 186-208.
- Meldgaard, Eva Villarsen (1990) *Studier i Københavnske fornavne 1650-1950*. København: C.A. Reitzels Forlag A/S.
- Meldgaard, Eva Villarsen (1997) Fornavnemoder i Danmark 1820-2020. *Studia Anthroponymica Scandinavica*. 12, s. 101-111.
- Meldgaard, Eva Villarsen (1998) *Den store navnebog*. København: Aschehoug Fakta.
- Nedrelid, Gudlaug (1998). "Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad" – Etternamnsskikken på Sør- og Vestlandet. *Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*. Akademisk avhandling, Høgskolen i Agder.
- NPL = Kruken, Kristoffer og Ola Stemshaug (1995). *Norsk personnamnleksikon*. 2. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Olafsen, Olaf (1906a) Navne og navneskik i Hardanger og paa Voss *Tidsskrift for norsk bondekultur*. Utgjeve av Kristoffer Visted, s. 117-129.
- Olafsen, Olaf (1906b) Navne og navneskik i Hardanger og paa Voss II. *Tidsskrift for norsk bondekultur*. Utgjeve av Kristoffer Visted, s. 145-158.
- Olafsen, Olaf (1910) Gamle Navneskikke i Norge og særlig i Hordaland. *Hardanger*, årgangen 1910, s. 70-78.
- Opdal, Gerd (1976) *Førenamn i Ullensvang og Odda i det 19. og 20. hundreåret. C3-oppgåve*, Universitetet i Bergen.
- Otterbjörk, Roland (1964) *Svenska förnamn*. Stockholm: Kunk. Boktryckeriet P.A. Norstedt & söner.

- RHD (2012) Registreringssentral for historiske data. Universitetet i Tromsø. [Internett].  
Tilgjengeleg frå: [www.rhd.uit.no](http://www.rhd.uit.no) [Nedlasta 28. oktober 2011].
- Selsås, Helge (2011) *Personnavn i Sveio, Torvstad, Skåre og Haugesund, 1801-1900*.  
Masteroppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen.
- Soltvedt, Kjartan (2001) Folketellingen i 1801. Mest for ettertiden? Statistisk sentralbyrå.  
Tilgjengeleg frå [www.ssb.no/histat/artikler/art-2001-05-11-05.html](http://www.ssb.no/histat/artikler/art-2001-05-11-05.html) [Nedlasta 17. oktober 2011].
- Statistisk sentralbyrå (1994) Frå Historisk statistikk 1994: Administrative inndelinger og val  
[Internett]. Tilgjengeleg frå <<http://www.ssb.no/vis/histstat/tabeller/kap25.html>>  
[Nedlasta 17. oktober 2011].
- Stemshaug, Ola (1982) Namngjeving og namnebruk. Namngjevingsmåtar. I: Stemshaug, Ola  
(red.). *Norsk personnamnleksikon*. Oslo: Det norske samlaget. s. 25-43.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør (2003) *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal Norsk  
Forlag AS.
- Tronæs, Erlend (2005). *Utviklingstrekk i bruk av namn i det gamle Ullensvang herad*.  
Studentoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Utne, Ivar (2004). Personnavnterminologi. *Nordica Bergensia*, 30, s. 129-154.
- Utterström, Gudrun (1995) *Dopnamn i Stockholm 1621-1810*. Uppsala: Almqvist & Wiksell  
International.
- Veka, Olav (2001) *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn –utbreiing, tyding og  
oppfav*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vikør, Kristen (1963) Namnestatistikk for Ulvik og namneskikkar. *Hardanger*, årgangen  
1963, s. 169-181.
- Aarset, Terje (1975-1976) Personnamn i Vartdal, Hareid og Ulstein gjennom 500 år.  
*Tidsskrift for Sunnmøre Historielag*, 1975-1976, s. 17-50.
- Aarset, Terje (1976) Dobbeltnamn i Vartdal, Hareid og Ulstein. *Tidsskrift for Sunnmøre  
Historielag*, 1977, s. 23-23.
- Aarset, Terje (1982a) Frå den nordiske namnerenessansen til i dag. I: Stemshaug, Ola (red.)  
*Norsk personnamnleksikon*. Oslo: Det norske samlaget, s. 66-87.
- Aarset, Terje (1982b) Dobbeltnamn. I: Stemshaug, Ola (red.) *Norsk personnamnleksikon*.  
Oslo: Det norske samlaget, s. 88-92.
- Aarset, Terje (1983) Dobbeltnamn og doble namn – nokre terminologiproblem. I:  
*Personnamnterminologi: rapport frå NORNA-s åttende symposium i Lund, 10.-12.  
oktober 1981*, s. 87-98.

Aasen, Ivar (1997[1878]) *Norsk Navnebog eller samling af Mandsnavne og Kvindenavn*.

Volda: Høgskulen i Volda.

## **Samandrag**

Denne masteroppgåva tek for seg kvinnenamna på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger i folketeljinga 1801, 1865 og 1900. Det blir her teke sikte på å avdekkje kor vidt det førekjem modernisering i kvinnenamna i områda, og eventuelt i kor stor grad namna er eller blir moderniserte. Dei to hovudområda er delt inn i seks mindre område, og det er desse studien tek utgangspunkt i. I denne samanhengen blir det fyrst danna ei oversikt over mengda kvinner, namneførekommstar og leksikalske namn i dei enkelte områda. Namna sitt opphav blir så studert, og det syner seg her at fordelinga av namneoppav endrar seg i retning av at det blir stadig færre nordiske leksikalske namn og namneførekommstar, medan dei kristne namna og namna av anna opphav går kraftig fram gjennom perioden. Ein kan her sjå litt forskjellar mellom dei to hovudområda, og der er også enkeltområde som skil seg ut. Kvinnene som er fødd utanfor områda ser ut til å vere tidlegare ute i utviklinga, og det er også tydeleg at namneførekommstane av anna opphav er spesielt utbreidd blant dei yngste kvinnene i 1865 og 1900. Det kjem i løpet av perioden inn ein del leksikalske namn som har språklege opphav som står fram som nye i områda, men desse utgjer relativt få namneførekommstar.

Dei mest sentrale namna i kvar enkelt folketeljing blir så studert med tanke på å klargjere kva likskapar og forskjellar ein her kan finne mellom dei ulike områda, og kva endringar ein kan spore over tid. Her kjem det fram at det er relativt stor grad av stabilitet i kva leksikalske namn som er blant dei mest brukte, men ein kan sjå ei utvikling i retning av at dei kristne namna utgjer ein stadig større del av namna på topplistene. Ein kan her oppdage noko interessant i det at namna som er å finne på topplista i tre og to av områda i 1801, sjeldan kryssar grensa mellom Voss og Hardanger, men at dette skiljet ser ut til å vere mindre tydeleg i 1865.

I kva grad det er snakk om stabilitet eller endring i den totale leksikalske namnemassen, blir så undersøkt ved at ein tek for seg kva leksikalske namn det er som forsvinn ut, og kva leksikalske namn som kjem inn i løpet av perioden på nesten 100 år. Her finn ein at ein del leksikalske namn forsvinn ut, og at svært mange kjem inn, men samla sett syner det seg at det er ein relativt liten del av namneførekommstane som hører til namna som kjem inn i det leksikalske namneforrådet i 1865 og 1900. Det ser slik ut til at det leksikalske namneforrådet går gjennom ein tydeleg moderniseringsprosess, men at det syner seg å vere svært tydeleg at

namneførekombinatsjone i stor grad fordeler seg på dei leksikalske namna som også er å finne i områda i 1801.

Det er brukt ein del namn som blir sett på som moderne i tida kring 1800-talet, og det er her særleg snakk om bruken av dobbeltnamn, -ina-namn og andre avleatingsnamn, namn som endar på -y, og namn som kan knytast til nordisk namnerenessanse. Desse namnetypane ser ut til å bli stadig meir utbreidde i løpet av 1800-talet. Ein finn blant anna mange forskjellige dobbeltnamnkombinasjonar og leksikalske -ina-namn, men det syner seg at dei utgjer ein relativt liten del av den totale mengda namneførekombinatsjone i dei ulike områda. Det er gjennom heile perioden mogleg å setje eit visst skilje mellom Vossaområda og Hardangerområda i bruken av desse namnetypane, og i 1865 og i 1900 kan ein sjå svært tydeleg at det er i dei yngre aldersklassane at desse namnetypane er mest brukte. Det syner seg også at desse namna er mykje meir utbreidde blant namneførekombinatsjone som hører til kvinnene som har flyttet til områda, enn blant namneførekombinatsjone som hører til kvinnene som er fødd i områda.

Samla sett kan ein seie at kvinnenamna på Voss og i den nordlege delen av Indre Hardanger går gjennom ein moderniseringsprosess som syner seg tydeleg i form av nye leksikalske namn, gjennom endringar i opphavsfordelinga, og til ein viss grad i utbreiinga av moderne namnetypar. Det må likevel seiast at namna i områda ser ut til å vere prega av relativt sterkt grad av stabilitet, då dei leksikalske namna som utgjer fleirtalet av namneførekombinatsjone i 1801, også dekkjer ein svært stor del av namneførekombinatsjone i 1865 og 1900.

## **Abstract**

This master thesis is a study on female names at Voss and in the Northern and inner parts of Hardanger found in the censuses from 1801, 1865 and 1900. Through this thesis, it will be revealed how the female names have been modernized and to what degree this modernization occurs. The two main regions in the study are parted into six smaller districts which will be the main focus of this investigation. Firstly, it is created an overview over the amount of women, name occurrences and the lexical names for each of the six areas. Secondly, the origins of the names are studied which will show that the distribution of name origins changes. It is revealed that there are fewer Nordic lexical names and name occurrences at the same time as the Christian names and names of other origins increase strongly through the periods in question. It is possible to see small variations between the two main areas examined, but there are also some smaller areas which stand out more. Women who are born outside the regions studied seem to be the ones who initiate this development, and it is also obvious that the name occurrences of other origins are especially extensive amongst younger women in 1865 and 1900. During this period some lexical names with origins from other languages stand out as new in the examined areas, but these only make out relatively few name occurrences.

The most central names in each census will thus be studied in order to see what similarities and differences one can find between the various areas, and which changes it is possible to map over time. Consequently, it is seen that there is a large degree of stability of which lexical names are more widely used, but one can also observe a development which places the Christian names on the top lists. It is interesting to see that the names which are found on the top list in three and two of the areas in 1801, rarely cross the border between Voss and Hardanger. However, this boundary seems to become less visible in 1865.

To which degree one can speak of stability or change in the total amount of lexical names, will be studied as one examines which lexical names disappear and which lexical names occur during a period of about 100 years. Accordingly, one will find that some of the lexical names disappear and that very many reoccur. Nevertheless, the result demonstrates that it is a relatively small amount of the name occurrences which belong to the names which enter the lexical name vocabulary in 1865 to 1900. Thus, it seems that the lexical name vocabulary clearly goes through a modernizing process. However, it seems to be quite clear that the name

occurrences to a large degree distribute themselves to the lexical names which are also found in the same areas in 1801.

Some names which are considered modern in the 1800s are also used. These names include double-names, -ina-names and other deflection names. Names which end in -y and names which can be linked to Nordic name renaissance also belong to modern names in the 19<sup>th</sup> century. These types of names appear to become more widespread during the 1800s. One can find many different double name combinations and lexical -ina-names, but they seem to make out a relatively small part of the total amount of name occurrences in the different areas. It is possible to find a certain division between the Voss region and the Hardanger region when it comes to the use of these types of names. In 1865 and 1900 one can clearly see that it is the younger age groups that carry these types of names. It appears that these names are more widely used amongst women who have moved to the area than amongst women born in the examined regions.

Over all, one can see that the female names at Voss and in the inner and Northern parts of Hardanger go through a modernization process which shows itself clearly in forms of new lexical names through changes in the distribution of origin, and to a certain degree in the extension of modern types of names. Still, it must be said that the names in the examined areas seem very much to be characterized by a relatively strong degree of stability, since the lexical names which make out the majority of the name occurrences in 1801 also cover a large amount of the name occurrences in 1865 and in 1900.

Vedlegg 1: Namneforekomstane sitt språklege opphav i dei ulike områda, 1801

Språkleg opphav		Evanger	Vangen	Vossestrand	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Alle områda samla
<b>Nordisk</b>	Frekvens	241	796	344	211	217	137	<b>1946</b>
	% i området	34,93 %	37,69 %	40,47 %	41,78 %	43,66 %	36,83 %	<b>38,72 %</b>
<b>Gresk</b>	Frekvens	80	216	72	57	56	40	<b>521</b>
	% i området	11,59 %	10,23 %	8,47 %	11,29 %	11,27 %	10,75 %	<b>10,37 %</b>
<b>Hebraisk</b>	Frekvens	1	7	45	5	8	1	<b>67</b>
	% i området	0,14 %	0,33 %	5,29 %	0,99 %	1,61 %	0,27 %	<b>1,33 %</b>
<b>Latin</b>	Frekvens	5	79	14	49	35	24	<b>206</b>
	% i området	0,72 %	3,74 %	1,65 %	9,70 %	7,04 %	6,45 %	<b>4,10 %</b>
<b>Gresk-hebraisk</b>	Frekvens	87	220	89	65	59	53	<b>573</b>
	% i området	12,61 %	10,42 %	10,47 %	12,87 %	11,87 %	14,25 %	<b>11,40 %</b>
<b>Gresk-latin</b>	Frekvens	112	304	67	42	52	50	<b>627</b>
	% i området	16,23 %	14,39 %	7,88 %	8,32 %	10,46 %	13,44 %	<b>12,48 %</b>
<b>Keltisk</b>	Frekvens	79	262	90	44	38	44	<b>557</b>
	% i området	11,45 %	12,41 %	10,59 %	8,71 %	7,65 %	11,83 %	<b>11,08 %</b>
<b>Gammal-engelsk</b>	Frekvens	26	74	54	8	15	5	<b>182</b>
	% i området	3,77 %	3,50 %	6,35 %	1,58 %	3,02 %	1,34 %	<b>3,62 %</b>
<b>Tysk</b>	Frekvens	36	105	48	20	16	16	<b>241</b>
	% i området	5,22 %	4,97 %	5,65 %	3,96 %	3,22 %	4,30 %	<b>4,80 %</b>
<b>Frisisk</b>	Frekvens	-	-	-	-	1	1	<b>2</b>
	% i området	-	-	-	-	0,20 %	0,27 %	<b>0,04 %</b>
<b>Italiensk</b>	Frekvens	-	15	3	1	-	-	<b>19</b>
	% i området	-	0,71 %	0,35 %	0,20 %	-	-	<b>0,38 %</b>
<b>Dansk</b>	Frekvens	-	1	1	-	-	-	<b>2</b>
	% i området	-	0,05 %	0,12 %	-	-	-	<b>0,04 %</b>
<b>Usikkert</b>	Frekvens	2	13	-	-	-	1	<b>16</b>
	% i området	0,29 %	0,62 %	-	-	-	0,27 %	<b>0,32 %</b>
<b>Engelsk</b>	Frekvens	16	11	23	2	-	-	<b>52</b>
	% i området	2,32 %	0,52 %	2,71 %	0,40 %	-	-	<b>1,03 %</b>
<b>Romansk</b>	Frekvens	-	7	-	1	-	-	<b>8</b>
	% i området	-	0,33 %	-	0,20 %	-	-	<b>0,16 %</b>
<b>Anna</b>	Frekvens	5	2	-	-	-	-	<b>7</b>
	% i området	0,72 %	0,09 %	-	-	-	-	<b>0,14 %</b>
<b>Total</b>	Frekvens	<b>690</b>	<b>2112</b>	<b>850</b>	<b>505</b>	<b>497</b>	<b>372</b>	<b>5026</b>
	% i området	<b>100,00 %</b>						

**Vedlegg 2: Namneførekommstane sitt opphav innanfor dei ulike aldersklassane, 1801**

Aldersgruppe		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
<b>0-9 år</b>	Frekvens	620	366	9	1	<b>996</b>
	% innanfor aldersgruppa	62,25 %	36,75 %	0,90 %	0,10 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	20,56 %	18,81 %	18,37 %	6,25 %	<b>19,82 %</b>
<b>10-19 år</b>	Frekvens	510	351	9	-	<b>870</b>
	% innanfor aldersgruppa	58,62 %	40,34 %	1,03 %	-	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	16,92 %	18,04 %	18,37 %	-	<b>17,31 %</b>
<b>20-29 år</b>	Frekvens	491	321	6	3	<b>821</b>
	% innanfor aldersgruppa	59,81 %	39,10 %	0,73 %	0,37 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	16,29 %	16,50 %	12,24 %	18,75 %	<b>16,34 %</b>
<b>30-39 år</b>	Frekvens	359	239	-	5	<b>603</b>
	% innanfor aldersgruppa	59,54 %	39,64 %	-	0,83 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	11,91 %	12,28 %	-	31,25 %	<b>12,00 %</b>
<b>40-49 år</b>	Frekvens	349	229	7	4	<b>589</b>
	% innanfor aldersgruppa	59,25 %	38,88 %	1,19 %	0,68 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	11,58 %	11,77 %	14,29 %	25,00 %	<b>11,72 %</b>
<b>50-59 år</b>	Frekvens	296	182	8	2	<b>488</b>
	% innanfor aldersgruppa	60,66 %	37,30 %	1,64 %	0,41 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	9,82 %	9,35 %	16,33 %	12,50 %	<b>9,71 %</b>
<b>60-69 år</b>	Frekvens	206	134	6	-	<b>346</b>
	% innanfor aldersgruppa	59,54 %	38,73 %	1,73 %	-	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	6,83 %	6,89 %	12,24 %	-	<b>6,88 %</b>
<b>70 år+</b>	Frekvens	182	122	4	1	<b>309</b>
	% innanfor aldersgruppa	58,90 %	39,48 %	1,29 %	0,32 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	6,04 %	6,27 %	8,16 %	6,25 %	<b>6,15 %</b>
<b>Ukjent alder</b>	Frekvens	2	2	-	-	<b>4</b>
	% innanfor aldersgruppa	50,00 %	50,00 %	-	-	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	0,07 %	0,10 %	-	-	<b>0,08 %</b>
<b>Total</b>	Frekvens	<b>3015</b>	<b>1946</b>	<b>49</b>	<b>16</b>	<b>5026</b>
	% innanfor aldersgruppa	<b>59,99 %</b>	<b>38,72 %</b>	<b>0,97 %</b>	<b>0,32 %</b>	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	<b>100,00 %</b>				

**Vedlegg 3: Namneførekommstane sitt språklege opphav i dei ulike områda, 1865**

Språkleg opphav		Evanger	Vangen	Vossestrand	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Total
<b>Nordisk</b>	Frekvens	349	1043	373	258	241	163	<b>2427</b>
	% i området	33,85 %	36,22 %	34,83 %	34,68 %	30,78 %	28,75 %	<b>34,30 %</b>
<b>Gresk</b>	Frekvens	107	241	93	80	104	82	<b>707</b>
	% i området	10,38 %	8,37 %	8,68 %	10,75 %	13,28 %	14,46 %	<b>9,99 %</b>
<b>Hebraisk</b>	Frekvens	61	313	129	50	67	8	<b>628</b>
	% i området	5,92 %	10,87 %	12,04 %	6,72 %	8,56 %	1,41 %	<b>8,88 %</b>
<b>Latin</b>	Frekvens	10	147	34	61	41	52	<b>345</b>
	% i området	0,97 %	5,10 %	3,17 %	8,20 %	5,24 %	9,17 %	<b>4,88 %</b>
<b>Gresk-hebraisk</b>	Frekvens	171	340	93	145	113	89	<b>951</b>
	% i området	16,59 %	11,81 %	8,68 %	19,49 %	14,43 %	15,70 %	<b>13,44 %</b>
<b>Gresk-latin</b>	Frekvens	61	147	23	38	85	68	<b>422</b>
	% i området	5,92 %	5,10 %	2,15 %	5,11 %	10,86 %	11,99 %	<b>5,96 %</b>
<b>Keltisk</b>	Frekvens	141	370	142	49	74	54	<b>830</b>
	% i området	13,68 %	12,85 %	13,26 %	6,59 %	9,45 %	9,52 %	<b>11,73 %</b>
<b>Gammal-engelsk</b>	Frekvens	40	83	64	18	14	20	<b>239</b>
	% i området	3,88 %	2,88 %	5,98 %	2,42 %	1,79 %	3,53 %	<b>3,38 %</b>
<b>Tysk</b>	Frekvens	49	117	39	29	29	16	<b>279</b>
	% i området	4,75 %	4,06 %	3,64 %	3,90 %	3,70 %	2,82 %	<b>3,94 %</b>
<b>Fransk</b>	Frekvens	2	5	-	-	1	1	<b>9</b>
	% i området	0,19 %	0,17 %	-	-	0,13 %	0,18 %	<b>0,13 %</b>
<b>Italiensk</b>	Frekvens	-	8	7	1	-	-	<b>16</b>
	% i området	-	0,28 %	0,65 %	0,13 %	-	-	<b>0,23 %</b>
<b>Spansk</b>	Frekvens	-	-	0	1	-	-	<b>1</b>
	% i området	-	-	0,00 %	0,13 %	-	-	<b>0,01 %</b>
<b>Dansk</b>	Frekvens	-	-	1	-	-	-	<b>1</b>
	% i området	-	-	0,09 %	-	-	-	<b>0,01 %</b>
<b>Usikkert</b>	Frekvens	7	17	8	-	5	10	<b>47</b>
	% i området	0,68 %	0,59 %	0,75 %	-	0,64 %	1,76 %	<b>0,66 %</b>
<b>Engelsk</b>	Frekvens	22	15	19	3	1	-	<b>60</b>
	% i området	2,13 %	0,52 %	1,77 %	0,40 %	0,13 %	-	<b>0,85 %</b>
<b>Romansk</b>	Frekvens	1	14	-	1	-	-	<b>16</b>
	% i området	0,10 %	0,49 %	-	0,13 %	-	-	<b>0,23 %</b>
<b>Anna</b>	Frekvens	5	3	-	1	4	2	<b>15</b>
	% i området	0,48 %	0,10 %	-	0,13 %	0,51 %	0,35 %	<b>0,21 %</b>
<b>Nordisk med utanlandsk ending</b>	Frekvens	5	15	46	9	4	2	<b>81</b>
	% i området	0,48 %	0,52 %	4,30 %	1,21 %	0,51 %	0,35 %	<b>1,14 %</b>
<b>Persisk</b>	Frekvens	-	2	-	-	-	-	<b>2</b>
	% i området	-	0,07 %	-	-	-	-	<b>0,03 %</b>
<b>Total</b>	Frekvens	<b>1031</b>	<b>2880</b>	<b>1071</b>	<b>744</b>	<b>783</b>	<b>567</b>	<b>7076</b>
	% i området	<b>100,00 %</b>						

**Vedlegg 4: Namneførekommstane sitt opphav innanfor dei ulike aldersklassane, 1865**

Aldersgruppe		Kristent opphav	Nordisk opphav	Anna opphav	Usikkert opphav	Total
<b>0-9 år</b>	Frekvens	901	442	49	8	<b>1400</b>
	% innanfor aldersgruppe	64,36 %	31,57 %	3,50 %	0,57 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	20,20 %	18,21 %	34,51 %	17,39 %	<b>19,79 %</b>
<b>0-19 år</b>	Frekvens	863	449	35	7	<b>1354</b>
	% innanfor aldersgruppe	63,74 %	33,16 %	2,58 %	0,52 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	19,35 %	18,50 %	24,65 %	15,22 %	<b>19,14 %</b>
<b>20-29 år</b>	Frekvens	677	359	17	8	<b>1061</b>
	% innanfor aldersgruppe	63,81 %	33,84 %	1,60 %	0,75 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	15,18 %	14,79 %	11,97 %	17,39 %	<b>14,99 %</b>
<b>30-39 år</b>	Frekvens	542	310	12	6	<b>870</b>
	% innanfor aldersgruppe	62,30 %	35,63 %	1,38 %	0,69 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	12,15 %	12,77 %	8,45 %	13,04 %	<b>12,30 %</b>
<b>40-49 år</b>	Frekvens	493	264	12	6	<b>775</b>
	% innanfor aldersgruppe	63,61 %	34,06 %	1,55 %	0,77 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	11,05 %	10,88 %	8,45 %	13,04 %	<b>10,95 %</b>
<b>50-59 år</b>	Frekvens	358	190	5	4	<b>557</b>
	% innanfor aldersgruppe	64,27 %	34,11 %	0,90 %	0,72 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	8,03 %	7,83 %	3,52 %	8,70 %	<b>7,87 %</b>
<b>60-69 år</b>	Frekvens	327	214	7	3	<b>551</b>
	% innanfor aldersgruppe	59,35 %	38,84 %	1,27 %	0,54 %	<b>100,00 %</b>
	% innanfor opphavet	7,33 %	8,82 %	4,93 %	6,52 %	<b>7,79 %</b>
<b>70 år +</b>	Frekvens	297	197	4	4	<b>502</b>
	% innanfor aldersgruppe	59,16 %	39,24 %	0,80 %	0,80 %	<b>100,00 %</b>
